



Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Austrheim kommune, ordfører og revisor (Vestlandsrevisjon IKS)

Kopi: Varamedlem, kommunedirektør, økonomisjef, postmottak

### Innkalling til møte i kontrollutvalet i Austrheim kommune

**Møtedato:** 06.02.2023, kl. 8.30 – ca. 13

**Møtestad:** Kommunehuset, møterom Børilden/Baløyna

#### Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
10/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	
11/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 17.02.2023	1
12/23	Meldingssaker: a. Ny rettleiar om «påse/sjå til-ansvaret» frå NKRF <a href="#">Ny NKRF-veileder for kontrollutvalgets påseansvar - NKRF</a> b. Vedtak om prosjektreglement for Austrheim kommune i KS sak 009/23 <a href="#">Prosjektreglement for Austrheim Kommune (sing.no)</a>	
13/23	Årsrekneskap og årsmelding 2022 – uttale frå kontrollutvalet	2-6
14/23	Aktuelt i Austrheim kommune	
15/23	Statusrapport forvaltningsrevisjon	7
16/23	Orientering kring avtale med Alver barnevern	
17/23	Medlemsskap FKT – framlegg frå sekretariatet	
18/23	Eventuelt	

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: [torbjorg.gjerstad@regionnordhordland.no](mailto:torbjorg.gjerstad@regionnordhordland.no) eller tlf.: 97 17 82 43

Innkalling og sakspapir vert berre sendt elektronisk. Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: [Møteplan 2023 - Austrheim kommune \(sing.no\)](#)

Med vennleg helsing

Gunnstein Sætre  
Leiar i kontrollutvalet

Torbjørgr Grøttveit Gjerstad  
Kontrollutvalssekretær



# AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 02.06.2023

## INNHALD

10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste .....	2
11/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 17.02.23.....	2
12/23 Meldingssaker .....	3
13/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 .....	4
14/23 Aktuelt i Austrheim kommune .....	6
15/23 Statusorientering forvaltningsrevisjon.....	7
16/23 Orientering kring avtale med Alver Barnevern .....	7
17/23 Medlemskap FKT .....	8
18/23 Eventuelt .....	9



## 10/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### SAKSOPPLYSNINGAR

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 02.06.2023 er godkjent.

## 11/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 17.02.23

*Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 17.02.23*

### SAKSOPPLYSNINGAR

Møteprotokollen frå førre møte vert lagt fram til godkjenning

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 17.02.2023 er godkjend slik den ligg føre.



## 12/23 MELDINGSSAKER

- a. Ny rettleiar frå NKRF om kontrollutvalet sitt sjå til-ansvar. *Digitalt vedlegg:* [Ny NKRF-veileder for kontrollutvalgets påseansvar - NKRF](#)
- b. Vedtak om prosjektreglement for Austrheim kommune i KS sak 009/23 [Prosjektreglement for Austrheim Kommune \(sing.no\)](#)

---

## SAKSOPPLYSNINGAR

Ingen saksopplysningar

---

## SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.



## 13/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022

*Saksvedlegg:*

*Framlegg til uttale, Sekretariatet*

*Årsrapport 2022, Austrheim kommune*

*Årsrekneskap 2022, Austrheim kommune*

*Revisjonsmelding\_Austrheim\_2022, Vestlandsrevisjon IKS*

*Rapport etter revisjonen av rekneskapen 2022*

---

### SAKSOPPLYSINGAR

#### Samandrag

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak.

Dokumenta som ligg til grunn for uttalen er Årsrekneskapen 2022, Årsrapport 2022 og revisjonsmeldinga frå Vestlandsrevisjon IKS. Desse ligg ved saka.

Årsrekneskapen og årsrapporten er også tilgjengeleg digitalt: [Årsrapport 2022 \(appublishframsikt-staging.azurewebsites.net\)](https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net)

Det ligg også ved ein rapport frå revisor om årsrekneskapen. Denne er utarbeidd for å gje kontrollutvalet meir informasjon enn den som inngår i revisjonsmeldinga. Revisjonsmeldinga er det formelle dokumentet som dekker revisor si rapportering i høve lovverket.

Administrasjonen vil leggje fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022, og revisor vil leggje fram revisjonsmeldinga og tilhøyrande rapport om årsrekneskapen i møtet.

#### Bakgrunn og lovverk

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, medrekna å vedta årsrekneskap og årsmelding, jfr. kommunelova § 14-2. Årsrekneskapen sin funksjon er å gjere greie for inntekter og bruken av midlane som kommunen har til disposisjon, og må sjåast i samanheng med kommunen si årsmelding.

Årsrekneskapen skal innehalda driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar.

Detaljeringsgrada og presentasjonsforma for årsrekneskapen og årsmeldinga er i stor grad opp til kommunen sjølv å avgjera, men årsrekneskapen skal vise rekneskapstal på same detaljnivå som i årsbudsjettet. Kommunelova § 14-6 viser korleis kommunar skal utarbeida årsrekneskap, og § 14-7 omtalar kva som er lovpålagt å ha med i årsmeldinga.

Kommunelova §§14-6 og 14-7 seier også at årsrekneskapen og årsmeldinga skal leverast innan høvesvis 22.02. og 31.03. Fristen for revisjonsmelding er sett til 15.04, og kommunestyret må handsama årsrekneskap og årsmelding innan 30.06.



Det er revisor sitt ansvar å vurdere om årsrekneskapen og årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og å uttale seg om dette i revisjonsmeldinga, jamfør kommunelova §§ 24-5 og 24-8.

#### Sekretariatet si vurdering

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å avgjera kva uttalen til årsrekneskapen og årsmeldinga skal innehalda. Det er ikkje konkrete krav i lov eller forskrift, men det står at uttalen skal knytte seg til forhold i årsrekneskapen, årsmeldinga og i den tilhøyrande revisjonsuttalen.

Både NKRF og FKT har utarbeidd rettleiarar til kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga. Desse kan lesast her:

[Veiledning - Kontrollutvalgets uttalelse til aarsregnskapet og aarsberetningen 210312.pdf \(nkrf.no\)](#)

[Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning - nå på begge målformer - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

Sekretariatet har valt å først og fremst sjå til NKRF sin rettleiar, men har også sett til framlegg til mal for uttale frå FKT sin rettleiar.

Revisor sin rapport om årsrekneskapen er utarbeidd til kontrollutvalet, for at utvalet skal kunne sjå til at kommunen sin rekneskap vert revidert på ein forsvarleg måte, jamfør kommunelova § 23-2 a, samt å gje kontrollutvalet ytterlegare innblikk i om den økonomiske forvaltninga føregår på ein trygg måte (kommunelova § 23-2 b). Dette er ein del av kontrollutvalet sitt såkalla «sjå-til-ansvar». I NKRF sin rettleiar vert det vist til at denne rapporten ikkje bør vera ein del av kontrollutvalet sin uttale. Revisjonsmeldinga skal omfatta det som vert rekna som «vesentlege forhold,» som er det kommunestyret bør ta omsyn til i si handsaming av årsrekneskapen og årsmeldinga. Det betyr at kontrollutvalet ikkje bør sende revisor sin rapport om årsrekneskapen vidare til kommunestyret som ein del av sin uttale om årsrekneskapen.

Kontrollutvalet sitt «sjå-til-ansvar» er elles er ei oppgåve kontrollutvalet føl opp løpande gjennom året, og rapporterer til kommunestyret om i si eiga årsmelding. Tema som ligg til sjå-til-ansvaret har ikkje ein naturleg plass i kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga.

Kontrollutvalet sin uttale bør med bakgrunn i det ovannemnde vere kortfatta og kun vise til årsrekneskapen, årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding, slik det står i lova.

Kontrollutvalet kan også uttala seg om tidsfristane i lova er haldne.

Sekretariatet viser til at alle fristar kring levering av rekneskapen er haldne og at revisor har gitt ei rein melding (normalberetning). Årsmeldinga og rekneskapen gjev informasjon om kommunen sin økonomiske status. Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 c- f er omtalt i årsmeldinga.

#### Sekretariatet sin konklusjon



Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å gje ein uttale i samsvar med vedlagte forslag.  
Kontrollutvalet har likevel høve til å knyte ytterlegare kommentarar til årsrekneskap og årsmelding.

Den vedtekne uttalen vert vidaresendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
3. Kontrollutvalet vil følgje opp «Rapport om årsrekneskapen 2022, nr 20» gjennom sitt sjå-til-ansvar jamfør § 23-2 a) og b) i kommunelova i eiga sak i seinare møte.

#### 14/23 AKTUELT I AUSTRHEIM KOMMUNE

---

#### SAKSOPPLYSINGAR

Kommunedirektør og ordfører er invitert til å orientere kort om aktuelle saker i Austrheim kommune som er relevante for kontrollutvalet.

I denne saka har administrasjonen meldt at kommunalsjefen vil informere om overtalligheitsprosess i Kystbarnehagen.

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering



## 15/23 STATUSORIENTERING FORVALTNINGSREVISJON

*Saksvedlegg: Mail frå Ragnhild Kartveit Høyland*

---

### SAKSOPPLYSINGAR

I sak 45/22 vedtok kontrollutvalet prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk». I sak 52/22 fekk kontrollutvalet orientering om kor langt prosessen var komen. Planen då var å presentera forvaltningsrevisjonsrapport i møte 2.juni.

Forvaltningsrevisor, Ragnhild Kartveit Høyland, har i e-post 13.04.23 bedt om at framlegging av rapporten blir utsett og presentert i fyrste møtet etter sommaren som er planlagt 22.09.23. Det vil sei at rapporten vert fylgt opp av det nye kommunestyret etter valet.

Revisor vil gje nærare informasjon om vidare arbeid i møtet.

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
2. Forvaltningsrevisjonsrapporten er forventa handsama av kontrollutvalet i møte 22.september

## 16/23 ORIENTERING KRING AVTALE MED ALVER BARNEVERN

---

### SAKSOPPLYSINGAR

I førre møte informerte økonomisjefen om risikoen ved institusjonsplassar, og det vart opplyst om at kommunen ikkje har god nok dialog med Alver barnevern som fører til uventa faktura som ikkje er budsjettert inn.

Kontrollutvalet vil i møtet få ei orientering kring denne avtalen, innafor rapportering og oppfølging av avtalen.

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.





## 17/23 MEDLEMSSKAP FKT

Saksvedlegg:

*fkt-brosjyre2022-23 – digital:* <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-brosjyre2022-23.pdf>

*fkt-vedtekter-endret-2022 – digital:* <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-vedtekter-endret-2022.pdf>

## SAKSOPPLYSINGAR

Samandrag

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å melda seg inn i FKT – Forum for kontroll og tilsyn, for å ta del i eit viktig kompetansearbeid.

Saksopplysingar

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat. Per 1.3 2023 har organisasjonen 192 kommunar, 7 fylkeskommunar og 22 kontrollutvalssekretariat som dekker meir enn 250 kommunar/fylkeskommunar som medlemmer. Sekretariatet i Region Nordhordland IKS (RNI) vart medlem hausten 2022.

FKT sitt føremål er å vera «*en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontrollarbeid i kommuner, fylkeskommuner, Sametinget og Longyearbyen lokalstyre.*»

Gjennom ulike arbeidsgrupper, sett saman av representantar frå medlemsorganisasjonane, utarbeider FKT blant anna ei rekkje rettleiarar til kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid. Dette arbeidet vert såleis utvikla «på dugnad» gjennom fellesskapet i FKT. I fleire tilfelle samarbeider FKT med NKRF – kontroll og revisjon i kommunene om rettleiarar og fagutvikling. FKT er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat, og NKRF for revisjonselskap og sekretariat. FKT er einaste kompetanseorganisasjonen som kontrollutval kan vera medlem i.

I 2022 publiserte FKT blant anna ein rettleiar for handsaming av henvendingar til kontrollutvalet, [Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#). Alle kontrollutvala som RNI er sekretariat for gjorde vedtak om å nytta rettleiaren. I tillegg lagar FKT opplæringspakkar for nye kontrollutval, og held på å revidere ein slik opplæringspakke for nye kontrollutval som startar hausten 2023.

Kontingentsatsane i FKT for 2023 er følgande:

- |                                       |           |
|---------------------------------------|-----------|
| • Kommune 0 – 5 000 innb.:            | kr 3 700  |
| • Kommunar 5 001 – 10 000 innb.:      | kr 7 500  |
| • Kommunar 10 001 – 20 000 innb.:     | kr 9 700  |
| • Kommunar 20 001 – 50 000 innb.:     | kr 13 000 |
| • Kommunar med meir enn 50 000 innb.: | kr 16 000 |
| • Fylkeskommunar:                     | kr 16 000 |
| • Sekretariat:                        | kr 9 700  |



Les meir om FKT på [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](http://fkt.no)

Sekretariatet si vurdering og anbefaling:

Austrheim kontrollutval bør delta i medlemsfellskapet, og betala kontingent, når kontrollutvalet nyttar ressursar utvikla av FKT. Det finst kun ein kompetanseorganisasjon som kontrollutval kan vera medlemmer i, og det er ikkje ein stor økonomisk kostnad med medlemskap. Kontingenten vert lagt inn i sekretariatet sitt utkast til kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett. Kontrollutvallsmedlemmer i medlemskommunane får elles noko rabatt på kurs og konferansar som vert arrangert av FKT.

---

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

18/23 EVENTUELT

---

SAKSOPPLYSINGAR

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*



# AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

- Møtedato: 17.februar 2023 kl. 08.30 – 12.15
- Stad: Kommunehuset, møterom Børilden/Baløyna
- Deltakarar: Gunnstein Sætre (leiar), Jan Erik Espelid (nestleiar), Inger Aasen (medlem), Britt M. Skaalevik Lerøy (medlem),
- Forfall: Morten Hodnekvam (medlem)
- Andre: Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug (i sak 04-05/23) Økonomisjef Odd Harald Dommersnes (i sak 04-05/23) Ordførar Per Lerøy (i sak 05/23)
- Revisor: Revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretariatet: Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

## INNHALD

01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste .....	2
02/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 30.11.22.....	2
03/23 Meldingssaker .....	3
04/23 Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomisk bærekraft, inkl. kort status om avslutning av årsrekneskapen 2022.....	3
05/22 Aktuelt i Austrheim kommune .....	5
06/23 Orientering: Revisjonsrapport interim 2022 .....	5
07/23 Austrheim kontrollutval årsmelding 2022 .....	6
08/23 Møteplan 2023 – eventuelle justeringar.....	6
09/23 Eventuelt .....	7



## 01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 17.02.2023 er godkjent.

### BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

### SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 17.02.2023 er godkjent.

## 02/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 30.11.22

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 30.11.2022 er godkjent slik den ligg føre.

### BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

### VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 30.11.2022 er godkjent slik den ligg føre.



## 03/23 MELDINGSSAKER

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### BEHANDLING I MØTET

Einstemmig

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## 04/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISK BÆREKRAFT, INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN 2022

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.

### BEHANDLING I MØTET

Økonomisjef, Odd Harald Dommersnes, orienterte om kommunen sine finansielle måltal og ferdigstilling av årsrekneskapen.

Utfordring at kommunen ikkje følg handlingsregelen i denne planperioden, (måltal som er vedteke i finansreglementet). Det er avvik mellom vedtekte mål for dei tre viktigaste finansielle indikatorane som skal bidra til kommunal økonomisk berekraft.

Økonomisjefen peika på positiv auke i folketalet, svak oppgang men positiv. Kommunen vil møte utfordringar med etterspørsel av kommunale tenester for eldre. Framover blir det høge kostnader på pensjon. Avvik på det kommunen har satt av og det som skal betalast ut.

Kontrollutvalet fekk informasjon om vedteke prosjektreglement i Austrheim kommune. Det ligg planar om fleire investeringar i planperioden, og det blei peika på viktigheita av at kommunen har kontroll på investeringane. [Dokument 23/794 - Prosjektreglement for Austrheim Kommune - Austrheim kommune \(sing.no\)](#)



## Årsrekneskapen 2022

Målet er å levere til rett tid. No arbeider kommunen med å dobbeltsjekke tal og vedtak fram mot frist for ferdigstilling. Går i overskot og kjem til å setje av midlar til disposisjonsfond.

Økonomisjefen peika på utfordringar i forhold til rekneskapet.

- Årsfaktura på interkommunale samarbeid skapar meirarbeid, det er risiko for kommunen. Kommunen vil be om å få månadsfaktura frå interkommunale samarbeid.
- Kommunen har ikkje god nok oversikt over kostnader for antal born knytt opp til Alver barnevern.

På bakgrunn av informasjon som kom fram i saka, gjorde kontrollutvalet følgjande tillegg til vedtak:

2. Kontrollutvalet vil be om orientering kring avtale med Alver barnevern, spesielt innanfor rapportering og oppfølging.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.
2. Kontrollutvalet vil be om orientering kring avtale med Alver barnevern, spesielt innanfor rapportering og oppfølging.



## 05/22 AKTUELT I AUSTRHEIM KOMMUNE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

### BEHANDLING I MØTET

Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug, informerte om:

- Utskiftingar i organisasjonen
- Servicekontoret blir innbyggjarservice
- Prosjektleiing blir lagt direkte under kommunedirektøren
- Utlysing av 20 stillingar for sommarjobb for ungdom (16-23 år)
- Kommunen har i dag mange lærlingar, vil ta inn 4 nye.
- Kommunen arbeider kontinuerleg med internkontroll
- Utfordringar kring omstilling helse og velferd
- Austrheim har god legedekning

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

## 06/23 ORIENTERING: REVISJONSRAPPORT INTERIM 2022

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### BEHANDLING I MØTET

Revisjonssjef, Janne Eraker, orienterte om interimsrevisjonen.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål til revisor og fekk svar

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



## 07/23 AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL ÅRSMELDING 2022

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta årsmeldinga.

Kontrollutvalet vedtok årsmeldinga med dei endringane som kom fram i møtet.

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022, med dei endringane som kom fram i møtet. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering

## 08/23 MØTEPLAN 2023 – EVENTUELLE JUSTERINGAR

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek fredag 2.juni 2023 som ny møtedato til neste møte.

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta ny møtedato.

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek fredag 2.juni 2023 som ny møtedato til neste møte.





## 09/23 EVENTUELT

---

### BEHANDLING I MØTET

Det kom ei sak under eventuelt:

#### **Varamedlemmer til kontrollutvalet**

Det er ynskjeleg at antalet varamedlemmer er det same ved slutten av perioden som ved starten av perioden, då var det 5 varamedlemmer. No er det 3 varamedlemmer.

Kontrollutvalet kom difor med eit felles framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet minner kommunestyret om reglement rundt antal varamedlemmer og tilrår at det vert eit tilstrekkeleg antal varamedlemmer i utvalet.*

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet minner kommunestyret om reglement rundt antal varamedlemmer og tilrår at det vert eit tilstrekkeleg antal varamedlemmer i utvalet.

Til Austrheim kommune v/kommunestyret

#### UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Kontrollutvalet har i møte den 02.06.2023 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Austrheim kommune som er avgitt av rådmannen den 22.2.23 og 31.3.23, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 17.04.23.

Kommunen har i 2022 eit netto driftsresultat på kr. 2 738 216. Kommunedirektør og økonomisjef har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering om årsrekneskapen og årsmeldinga og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen/årsmeldinga. Revisor har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering i møtet og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og ei samla vurdering tilrår difor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2022 blir godkjent slik dei ligg føre.

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 17.04.23, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Austrheim kommune sin årsrekneskap og årsmeldinga for 2022.

Austrheim, 02.06.2023

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet



**Austrheim**  
KOMMUNE

# Årsrapport 2022

## Årsrekneskapen med notar

opne landskap, ope sinn

# Innhold

<b>Årsrekneskap 2022 .....</b>	<b>3</b>
§ 5-4 Løyvingsoversikt - drift.....	3
§5-4 Sum løyvingar drift, netto.....	4
§ 5-5 Løyvingsoversikt - investering .....	5
§ 5-5 Løyvingsoversikt investering etter §5-5 andre ledd.....	6
1. Investeringar i varige driftsmidlar .....	6
2. Tilskott til andre sine investeringar .....	6
3. Investeringar i aksjar og andelar .....	6
4. Utlån .....	6
§5-6 Økonomisk oversikt etter konto - drift .....	7
§ 5-8 Balanserekneskap .....	8
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar .....	11
<b>NOTAR .....</b>	<b>13</b>
Note 1 - Arbeidskapital.....	13
Note 2 - Kapitalkonto.....	14
Note 3 - Varige driftsmidlar.....	16
Note 4 - Aksjar og andelar.....	18
Note 5 - Langsiktig lånegjeld .....	19
Note 6 -Avdrag.....	20
Note 7 - Pensjon.....	21
Note 8 - Garantiar .....	25
Note 9 - Bundne fond.....	26
Note 10 - Sjølvkost.....	27
Note 11 - Ytingar til leiande personar.....	28
Note 12 - Godtgjersle til revisor .....	28
Note 13 Utlån.....	28
Note 14 Andre notar .....	29

# Årsrekneskap 2022

## § 5-4 LØYVINGSOVERSIKT - DRIFT

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
Rammetilskot	-100 088	-98 703	-98 703	-90 609
Inntekt- og formuesskatt	-108 953	-107 689	-112 219	-127 317
Eigedomsskatt	-13 609	-13 200	-13 200	-12 995
Andre generelle driftsinntekter	-2 398	-1 688	-1 688	-5 816
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-225 048</b>	<b>-221 280</b>	<b>-225 810</b>	<b>-236 737</b>
<b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>	<b>211 379</b>	<b>207 575</b>	<b>212 105</b>	<b>224 279</b>
Avskrivningar	15 888	15 900	15 900	16 487
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>227 267</b>	<b>223 475</b>	<b>228 005</b>	<b>240 765</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>2 219</b>	<b>2 195</b>	<b>2 195</b>	<b>4 028</b>
Renteinntekter	-541	-496	-496	-1 511
Utbytte	-3 467	-5 000	-5 000	-3 997
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0
Renteutgifter	2 701	2 120	2 120	4 854
Avdrag på lån	10 047	9 600	9 600	10 375
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>8 740</b>	<b>6 224</b>	<b>6 224</b>	<b>9 720</b>
Motpost avskrivningar	-15 888	-15 900	-15 900	-16 487
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-4 929</b>	<b>-7 481</b>	<b>-7 481</b>	<b>-2 738</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>				
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	3 388	29	29	3 418
Bruk av bundne driftsfond	-6 546	-30	-30	-1 891
Avsettingar til disposisjonsfond	8 087	7 802	7 802	1 211
Bruk av disposisjonsfond	0	-320	-320	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>4 929</b>	<b>7 481</b>	<b>7 481</b>	<b>2 738</b>
<b>Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## §5-4 SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. Rev. bud. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	20 853	27 878	24 505	25 386
Politisk styring og kontrollorgan	4 093	3 638	3 683	4 031
Oppvekst og kultur	76 025	77 932	79 506	77 183
Helse og velferd	82 611	84 982	87 712	93 215
Samfunn og tenesteyting	24 436	16 343	19 897	25 927
Felles inntekter og utgifter	487	500	500	613
<b>Sum løyvingar drift, netto</b>	<b>208 505</b>	<b>211 274</b>	<b>215 804</b>	<b>226 353</b>
Av dette:				
Netto renteutgifter og -inntekter	285	20	20	547
Avsetninger til bundne driftsfond	3 388	29	29	3 418
Bruk av bundne driftsfond	-6 546	-30	-30	-1 891
Avsetninger til disposisjonsfond	0	4 000	4 000	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-320	-320	0
<b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>	<b>211 379</b>	<b>207 575</b>	<b>212 105</b>	<b>224 279</b>

Austrheim, 31.03.2023 / 17.04.2023

  
**Bjørnar Fjellhaug**  
Kommunedirektør



## § 5-5 LØYVINGSOVERSIKT - INVESTERING

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
Investeringar i varige driftsmidlar	2,3	19 987	38 600	52 412	26 033
Tilskot til andre sine investeringar		200	200	200	1 011
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4	667	800	800	727
Utlån av egne midlar		0	0	0	0
Avdrag på lån		0	0	0	14 360
<b>Sum investeringsutgifter</b>		<b>20 854</b>	<b>39 600</b>	<b>53 412</b>	<b>42 131</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift		-712	-5 320	-5 846	-1 894
Tilskot frå andre		0	0	-400	-2 844
Sal av varige driftsmiddel	14	-6 133	-26 300	-26 300	-51 896
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0
Utdeling frå selskap		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel		0	0	0	0
Bruk av lån		-4 605	-7 980	-20 866	-26 002
<b>Sum investeringsinntekter</b>		<b>-11 450</b>	<b>-39 600</b>	<b>-53 412</b>	<b>-82 635</b>
Vidareutlån	5	8 239	10 000	10 000	12 387
Bruk av lån til vidareutlån	5	-8 239	-10 000	-10 000	-12 387
Avdrag på lån til vidareutlån		1 988	1 750	1 750	2 024
Mottatte avdrag på vidareutlån		-2 622	-1 750	-1 750	-2 444
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>		<b>-633</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-420</b>
Overføring frå drift		0	0	0	0
Avsettingar til bundne investeringsfond	14	0	0	0	51 626
Bruk av bundne investeringsfond		0	0	0	-20 536
Avsetningar til ubunde investeringsfond		633	0	0	566
Bruk av ubunde investeringsfond		0	0	0	-136
Dekning av tidlegare års udekkka beløp		0	0	0	9 404
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>		<b>633</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>40 924</b>
<b>Framført til inndecking i seinare år (udekt)</b>		<b>9 404</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# § 5-5 LØYVINGSOVERSIKT INVESTERING ETTER §5-5 ANDRE LEDD

## 1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
<b>Sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Andre investeringar</b>					
Omsorgsbustad	3	0	0	1 830	264
Omsorgsteknologi	3	209	700	1 532	4 561
Fagfornyng 1-4 trinn	3	675	400	400	402
Hoplandskvernene og sagbruket		0	0	300	0
IKT Austrheim komm/digitalisering	3	624	500	600	746
Elbilar/elbil-ladar		278	0	0	0
Skulebygg 2021-2024	3	2 106	25 000	25 000	5 365
Kjøp av traktor 2022(tj. 3320)	3	0	0	650	1 158
Veglys Hoplandssjøen		0	0	900	0
Gang/sykkelveg seniorsenter til Nordliheimen		0	0	700	0
Påkosting bruer, Njøta og Krossøy		0	0	700	0
ENØK-tiltak	3	0	0	700	90
Sal av faste eigedommer		226	0	0	16
Sal av driftsmidlar		0	0	0	-63
<b>Sum Andre investeringar</b>		<b>4 118</b>	<b>26 600</b>	<b>33 312</b>	<b>12 539</b>
<b>Sjølvkost</b>					
VVA	3	15 768	7 900	15 000	9 606
Kloakkpumpestasjon	3	101	4 100	4 100	3 888
<b>Sum Sjølvkost</b>		<b>15 869</b>	<b>12 000</b>	<b>19 100</b>	<b>13 494</b>
<b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>		<b>19 987</b>	<b>38 600</b>	<b>52 412</b>	<b>26 033</b>

## 2. Tilskott til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
KJØP AV FAST EIGEDOM (TJ.2650)		0	0	0	811
INV.TILSKOT AUSTRHEIM KYRKJE (3900)		200	200	200	200
<b>Tilskott til andre sine investeringar</b>		<b>200</b>	<b>200</b>	<b>200</b>	<b>1 011</b>

## 3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
EIGENKAPITALINNSKOT KLP	2	667	800	800	727
<b>Investeringar i aksjar og andelar i selskap</b>		<b>667</b>	<b>800</b>	<b>800</b>	<b>727</b>

## 4. Utlån

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
<b>Utlån av egne middel</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum del 1-4</b>		<b>20 854</b>	<b>39 600</b>	<b>53 412</b>	<b>27 771</b>



## §5-6 ØKONOMISK OVERSIKT ETTER KONTO - DRIFT

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. Rekneskap bud. 2022	2022
Rammetilskot	-100 088	-98 703	-98 703	-90 609
Skatt på inntekt og formue	-108 953	-107 689	-112 219	-127 317
Eigedomsskatt	-13 609	-13 200	-13 200	-12 995
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-6 349	-2 872	-2 872	-13 371
Overføringer og tilskot frå andre	-38 814	-30 520	-30 520	-41 354
Brukarbetalingar	-12 486	-13 002	-13 002	-12 556
Sals- og leigeinntekter	-17 526	-18 120	-18 120	-18 372
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-297 825</b>	<b>-284 107</b>	<b>-288 637</b>	<b>-316 574</b>
Utgifter til løn	157 237	157 114	158 461	168 962
Sosiale utgifter	39 497	42 402	42 426	42 615
Kjøp av varer og tenester	68 273	55 330	58 490	73 978
Overføringer og tilskot til andre	19 148	15 555	15 555	18 561
Avskrivningar	15 888	15 900	15 900	16 487
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>300 044</b>	<b>286 301</b>	<b>290 831</b>	<b>320 602</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>2 219</b>	<b>2 195</b>	<b>2 195</b>	<b>4 028</b>
Renteinntekter	-541	-496	-496	-1 511
Utbytte	-3 467	-5 000	-5 000	-3 997
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0
Renteutgifter	2 701	2 120	2 120	4 854
Avdrag på lån	10 047	9 600	9 600	10 375
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>8 740</b>	<b>6 224</b>	<b>6 224</b>	<b>9 720</b>
Motpost avskrivningar	-15 888	-15 900	-15 900	-16 487
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-4 929</b>	<b>-7 481</b>	<b>-7 481</b>	<b>-2 738</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>				
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	3 388	29	29	3 418
Bruk av bundne driftsfond	-6 546	-30	-30	-1 891
Avsettingar til disposisjonsfond	8 087	7 802	7 802	1 211
Bruk av disposisjonsfond	0	-320	-320	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>4 929</b>	<b>7 481</b>	<b>7 481</b>	<b>2 738</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## § 5-8 BALANSEREKNESKAP

EIGENDELAR			2022	2021
<b>A. Anleggsmidlar</b>			910 998 475	869 937 104
	<b>I. Varige driftsmidlar</b>		407 542 420	406 303 384
		1. Faste eigedomar og anlegg	393 645 491	396 997 273
		2. Utstyr, maskiner og transportmidlar	13 898 929	9 306 111
	<b>II. Finansielle anleggsmidlar</b>		102 798 274	92 169 024
		1. Aksjar og andelar	64 434 480	63 707 366
		2. Obligasjonar	0	0
		3. Utlån	38 363 794	28 461 658
	III. Immaterielle eigendelar		0	0
	IV. Pensjonsmidlar		400 657 781	371 464 696
				0
<b>B. Omløpsmidlar</b>			115 804 012	72 011 587
	<b>I. Bankinnskott og kontantar</b>		67 430 495	34 090 886
	<b>II. Finansielle omløpsmidlar</b>		0	0
		1. Aksjar og andelar	0	0
		2. Obligasjonar	0	0
		3. Sertifikatar	0	0
		4. Derivatar	0	0
	<b>III. Kortsiktige fordringar</b>		48 373 516	37 920 702
		1. Kundefordringar	23 781 750	17 738 363
		2. Andre kortsiktige fordringar	0	0
		3. Premieavvik	24 591 766	20 182 339
<b>Sum eigendelar</b>			1 026 802 487	941 948 691

<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			<b>2022</b>	<b>2021</b>
<b>C. Eigenkapital</b>			290 123 480	250 858 961
<b>I. Eigenkapital drift</b>			27 560 540	24 822 325
		1. Disposisjonsfond	16 221 777	15 010 744
		2. Bundne driftsfond	11 338 764	9 811 580
		3. Meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0
<b>II. Eigenkapital investering</b>			33 849 021	-7 075 148
		1. Ubunde investeringsfond	33 849 021	2 328 792
		2. Bundne investeringsfond	0	0
		3. Udekket beløp i investeringsrekneskapen	0	9 403 940
<b>III. Annan eigenkapital</b>			228 713 919	233 111 784
		1. Kapitalkonto	227 452 714	231 850 580
		2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	1 261 205	1 261 205
		3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	0	0
				0
<b>D. Langsiktig gjeld</b>			687 723 349	641 702 398
<b>I. Lån</b>			276 354 589	264 163 352
		<b>1. Gjeld til kredittinstitusjonar</b>	276 354 589	264 163 352
		<b>2. Obligasjonslån</b>	0	0
		<b>3. Sertifikatlån</b>	0	0
<b>II. Pensjonsforplikting</b>			411 368 760	377 539 046

				0
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>			48 955 658	49 387 332
	<b>I. Kortsiktig gjeld</b>		48 955 658	49 387 332
		1. Leverandørgjeld	0*	0
		2. Likviditetslån	0	0
		3. Derivatar	0	0
		4. Annan kortsiktig gjeld	48 325 038	48 282 396
		5. Premieavvik	630 620	1 104 936
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>			1 026 802 487	941 948 691
<b>F. Memoriakonti</b>				
		I. Ubrukte lånemidler	4 297 878	3 736 251
		II. Andre memoriakonti	0	0
		III. Motkonto for memoriakontiane	-4 297 878	-3 736 251

- Sjå vedlegg med fullstendig balanse detaljert på konto.

## §5-9 OVERSIKT OVER SAMLA BUDSJETTAVVIK OG ÅRSAVSLUTNINGSDISPOSISJONAR

### Oversikt over budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar etter

#### § 5-9 – Drift

<b>Oversikt over budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar etter § 5-9 - Drift</b>	
Tal i 1000 kroner	
	<b>Rekneskap 2022</b>
Disposisjonar som er føreteke i samsvar med §4-1 til §4-4 i driftsrekneskapen	
Netto driftsresultat	2 738
Avsetningar til bundne driftsfond	-3 418
Bruk av bundne driftsfond	1 891
Avsetningar til disposisjonsfond i tråd med årsbudsjettet og fullmakter	-7 802
Bruk av disposisjonsfond i tråd med årsbudsjettet og fullmakter	320
Året sitt budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykningar)	1 211
Meir- eller mindreforbruk etter strykningar	1 211
Avsetning av mindreforbruk etter strykningar til disposisjonsfond	-1 211
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk).	0

## Oversikt over budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar etter § 5-9 – Investering

<b>Oversikt over budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar etter § 5-9 – Investering</b>	
Tal i 1000	
Sum utgifter og inntekter eksklusive bruk av lån	- 20 866
Avsetningar til bundne investeringsfond	0
Bruk av bundne investeringsfond	0
Budsjettert bruk av lån	- 20 866
Overføring frå drift i tråd med årsbudsjettet og fullmakter	-
Avsetninger til ubundet investeringsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 565
Bruk av ubundne investeringsfond i tråd med årsbudsjettet og fullmakter	
Dekning av tidlegare år sitt udekka beløp	0
Året sitt budsjettavvik (udekka eller udisponert beløp før strykningar)	566
Strykning av bruk av lån	-
Udekka eller udisponert beløp etter strykningar	- 566
Framført til inndekning i seinere år (udekka beløp).	0

# NOTAR

## NOTE 1 – ARBEIDSKAPITAL

Alle tal i heile 1000

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-10, a)			
<b>BALANSEN</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>01.01.2022</b>	<b>Endring</b>
Omløpsmidlar	115 804	72 012	43 792
Kortsiktig gjeld	48 955	49 387	-432
<b>Arbeidskapital</b>	<b>66 848</b>	<b>22 624</b>	<b>44 224</b>
<b>DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)</b>			<b>2022</b>
Netto driftsresultat			2 738
Netto utgifter/inntekter i investering			-40 924
Endring ubrukte lånemidlar (auke +/reduksjon-)			562
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskapen			44 224
<b>Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering*</b>			<b>0</b>

## NOTE 2 – KAPITALKONTO

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-10, b)			
<b>BALANSEN</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>01.01.2022</b>	<b>Endring</b>
Anleggsmidler	910 998 475	869 937 103	41 061 371
Langsiktig gjeld	687 723 349	641 702 398	46 020 951
Endring ubrukte lånemidler (auke +/reduksjon-)	4 297 878	3 736 251	561 627
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar anleggsmidler			
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar langsiktig gjeld			
<b>Netto endring</b>	<b>227 573 004</b>	<b>231 970 957</b>	<b>- 4 397 953</b>

KAPITALKONTO			
01.01.2022 Balanse (underskott i kapital)	0,00	01.01.2022 Balanse (kapital)	231 850 580
<b>Debetposter i året:</b>		<b>Kreditposter i året:</b>	
Sal av fast eigedom og anlegg	8 554 798	Aktivering av fast eigedom og anlegg	19 582 857
Nedskrivningar fast eigedom	30 622	Oppskrivning av fast eigedom	0,00
Avskrivning av fast eigedom og anlegg	14 166 698		
Sal av utstyr, maskiner og transportmidlar	0,00	Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar	6 956 636
Nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	228 521	Oppskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	0,00
Avskrivningar av utstyr, maskiner og transportmidlar	2 319 818	Kjøp av aksjar og andelar	727 114
Sal av aksjar og andelar	0,00	Oppskrivning av aksjar og andelar	0,00
Nedskrivning av aksjar og andelar	0,00	Utlån formidlings/startlån	12 386 691
Avdrag på formidlings/startlån	0,00	Utlån sosial lån	9 000,00
Avdrag på sosial lån	0,00	Utlån egne midlar	0,00



Avdrag på utlånte egne midlar	2 443 558	Utlån næring	0,00
Avdrag på næringsutlån	29 169	Oppskrivning utlån	0,00
Avskrivning sosial utlån	0,00	Avdrag på eksterne lån	29 193 085
Avskrive andre utlån	20 828	Urealisert kursgevinst utanlandslån	0,00
Bruk av midlar frå eksterne lån	38 388 373	UB Pensjonsmidlar (netto)	29 193 085
Urealisert kurstap utanlandslån	0,00	Estimatavvik pensjonmidlar	0,00
UB Pensjonsforpliktingar (netto)	33 829 714	Reversing nedskrivning av fast eigedom	0,00
		Netto pensjonsmidlar/forpliktingar	0
Estimatavvik pensjonforpliktelse	0,00	Reversing nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0,00
<b>31.12.2022 Balanse</b>		<b>31.12.2022 Balanse</b>	
<b>Kapitalkonto</b>	227 452 714	<b>(underskott i kapital)</b>	<b>0</b>
<b>Avstemming</b>	227 452 716		
<b>Differanse*</b>	<b>2</b>		

## NOTE 3 – VARIGE DRIFTSMIDLAR

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-11, a)							
Tekst	0 år	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	SUM
Bokført verdi per 1.1	26 616 523	4 905 515	3 447 422	23 843 590	241 399 503	106 090 831	406 303 384
<b>Tilgang</b>							
Gruppe E- EDB-Utstyr, kontormaskiner og liknande		5 709 088					
Gruppe A - Person-, vare- og lastebilar			1 157 735				
Gruppe D - Maskiner, verkøy, inventar og utstyr			89 813				
Gruppe J1 - Leidningsnett (VA)					9 606 390		
Gruppe F1 – Bustader							
Gruppe F2 –Skular og barnehagar					5 364 784		
Gruppe I –Tekniske anlegg(VAR), renseanl., pumpestasj. Forbrenningsanl.					3 887 835		
Gruppe G2 Aldersheim og institusjonar						264 149	
<b>Sum tilganger</b>		<b>5 709 088</b>	<b>1 247 548</b>		<b>18 859 008</b>	<b>264 149</b>	<b>26 079 793</b>
<b>Avgang</b>							
Gruppe A - Person-, vare- og lastebilar							
Gruppe F1 – Bustader					8 095 000		<b>8 095 000</b>
<b>Sum avgang</b>					<b>8 095 000</b>		
<b>Avskrivning</b>							
Gruppe E- EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande		1 619 925					
Gruppe A - Person-, vare og lastebilar			176 478				
Gruppe B - Anleggsmaskiner			25 863				

Gruppe D - Maskiner, verktøy, inventar og utstyr			331 903				
Gruppe C Brannbilar			162 651				
Gruppe I - Tekniske anlegg(VAR), renseanlegg, pumpestasj., forbre. Anl.					95 808		
Gruppe K - Parkeringsplassar og trafikklys				1 983 328			
Gruppe F1 -Bustader					429 079		
Gruppe F2 - Skular og barnehagar					4 091 944		
Gruppe F3 - Idrettshallar					651 840		
Gruppe J1 - Leidningsnett					2 308 367		
Gruppe J2 - Vegar					1 453 153		
Gruppe H - Brannstasjonar						71 347	
Gruppe G3 - Kulturbygg/bibliotek						40 406	
Gruppe G2 Aldershjem og institusjoner						1 892 326	
Gruppe G1 - Administrasjonsbygg						1 152 100	
<b>Sum Avskrivningar</b>		<b>1 619 925</b>	<b>696 894</b>	<b>1 983 328</b>	<b>9 030 192</b>	<b>3 156 179</b>	<b>16 486 517</b>
Nedskrivningar							
Gruppe D - Maskiner, verktøy, inventar og utstyr			47 000				
Gruppe F1 - Bustader					30 622		
Gruppe K - Parkeringsplassar og trafikklys				181 521			
Reverserte nedskrivningar			47 000	181 521	30 622		259 143
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>26 616 523</b>	<b>8 994 679</b>	<b>3 951 076</b>	<b>21 678 741</b>	<b>243 102 600</b>	<b>103 198 801</b>	<b>407 542 419</b>

## NOTE 4 – AKSJAR OG ANDELAR

Selskapet sitt namn	Eigarandel i %	Vesentleg endringar i eigarandel	Vesentleg nedskriving	Reversering nedskriving	Bokført verdi 31.12
NGIR	7,59				5 855
Aufera	37				128 834
Bergen Havn	1				100 000
Gløde	2,73				38 500
Biblioteksentralen	0,09				300
Eviny	0,433				52 171 520
Visit Fjordkysten	0,71				10 000
AKE *	100				1 250 000
Vann Vest	4,35				5000
KLP egenkapital innskott					10 724 470
					<b>64 434 479</b>

### Årsaka til nedskriving/reversering:

\*Det er gjennomført endringar i vedtektene til Austrheim Næringssselskap 06.12.2021 og det nye namnet er Austrheim kommunale Eigedomsselskap AS

## NOTE 5 – LANGSIKTIG LÅNEGJELD

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-12, a)					
Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid/Forfall	Rentefot	Refinansering*	
<b>Lån til egne investeringar</b>					
KLP Fastrente 3 år- 21.05.2024	Kr 60 000 000	3 år	1,285	21.04.2024	
KLP -Pt Lån	Kr 50 774 629	27 år	3,95	16.09.2049	
DNB-FRN SRT 12 mnd	Kr 63 192 230	12 mnd	3,51	23.02.2023	
SBIM SRT 3 mnd	Kr 65 900 000	3 mnd	3,639	13.02.2023	
Husbanken 11540484.1 *	Kr 3 278 745		1,729	12.07.2054	
<b>Lån til andre sine investeringar</b>	<b>Kr 243 145 604</b>				
<b>Startlån/lån til andre</b>					
Husbanken13557465.10	kr 2 269 074,00		1,729	01.03.2034	
Husbanken13557465.40	kr 1 258 340,00		1,729	01.12.2034	
Husbanken 13557465.50	kr 1 887 509,00		1,729	01.12.2034	
Husbanken13559295.10	kr 1 167 456,00		1,729	01.03.2032	
Husbanken 13559295.30	kr 1 812 372,00		1,729	01.12.2036	
Husbanken 133559970.10	kr 1 160 000,00		1,732	01.06.2037	
Husbanken 13559970.40	kr 1 900 160,00		1,732	01.12.2037	
Husbanken 13584842	kr 2 317 856,00		1,732	01.05.2050	
Husbanken 1358286.10	kr 1 912 710,00		1,732	01.03.2051	
Husbanken 13585286.20	kr 7 657 400,00		1,732	01.09.2051	
Husbanken 13585841	kr 9 865 562,00		1,732	01.05.2052	
<b>Sum Husbanken til andre</b>	<b>kr 33 208 439,00</b>				
<b>Sum lån totalt</b>	<b>kr 276 354 043,00</b>				

\* Dette er lån som Austrheim Kommune har tatt opp i Husbanken ved kjøp av Breivikvegen 4/8 og Sætremarka 48.

## NOTE 6 - AVDRAG

Budsjett og reknskapsforskriften, § 5-12, b)	
Grunnlag for berekning av minimumsavdrag	Beløp
Berekna minimumsavdrag etter kommunelova §14-18, 1. ledd	kr 9 954 627,00
Korrigering for mottekne avdrag vidareutlån til avdrag andre lån	
Betalte avdrag	kr 10 375 076,00
Differanse mellom berekna, korrigererte og betalte avdrag	-kr 420 449,00
Grunnlag for berekning av minimumsavdrag	
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 31.12	kr 379 686 861,00
Bokført verdi lånegjeld 31.12	kr 243 145 604,00
Avskrivningar	kr 16 486 517,00

# NOTE 7 – PENSJON

## SPK - STATENS PENSJONSKASSE

OPPSTILLING AV PENSJONSKOSTNADER OG NØKKELTAL FOR REKNEKAPSÅRET	2022	Organisasjonsnr:	948350823
---	------	------------------	-----------

Austrheim kommune Statens pensjonskasse

År	2021	2022
Andel av fellesskapets pensjonsgrunnlag	0,06 %	0,06 %
Aggregert pensjonsgrunnlag pr 01.01	23 335 097	26 046 188

Amortisering:	7	7
---------------	---	---

PENSJONSKOSTNAD	2021	2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Årets opptjening, service cost	1 968 851	2 176 338	2 241 034	2 296 506	2 353 350	2 411 601
Rentekostnad	655 832	719 452	860 137	890 242	921 400	953 649
Brutto pensjonskostnad	2 624 683	2 895 790	3 101 171	3 186 747	3 274 750	3 365 250
Forventet avkastning	-416 123	-403 259	-492 798	-507 477	-522 441	-537 848
Netto pensjonskostnad	2 208 560	2 492 531	2 608 373	2 679 271	2 752 309	2 827 402
Sum amortisert premieavvik	-240 397	-114 658	-144 171	-35 057	95 553	186 670
Administrasjonskostnad	70 105	77 744	84 507	86 873	89 063	91 307
Samlet kostnad (inkl administrasjon)	2 038 268	2 455 617	2 548 709	2 731 087	2 936 925	3 105 379

PREMIEAVVIK	2021	2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Forfalt premie (inkl administrasjon og avregning)	2 638 949	2 543 792	3 093 942	3 180 572	3 260 722	3 342 893
<i>Herav oppgjør for desember 2021</i>		177 296				
Administrasjonskostnad	-70 105	-77 744	-84 507	-86 873	-89 063	-91 307
Netto pensjonskostnad	-2 208 560	-2 492 531	-2 608 373	-2 679 271	-2 752 309	-2 827 402
Premieavvik	360 284	-26 483	401 061	414 428	419 351	424 183

AMORTISERING AV PREMIEAVVIK	2021	2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Beregnet premieavvik året for	-206 690	360 284	-26 483	401 061	414 428	419 351
Amortisering av forfallet premieavvik	-29 527	51 469	-3 783	57 294	59 204	59 907
Amortisering av premieavvik fra tidligere år	-210 870	-166 127	-140 388	-92 351	36 349	126 762
Sum amortisert premieavvik til foing	-240 397	-114 658	-144 171	-35 057	95 553	186 670
Rest til amortisering inkl premieavvik 31.12	-273 323	-185 147				

### FORUTSETNINGER

Økonomiske forutsetninger	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Diskonteringsrente	3,00 %	3,00 %	3,50 %	3,50 %	3,50 %	3,50 %
Forventet avkastning	3,00 %	3,00 %	3,50 %	3,50 %	3,50 %	3,50 %
Forventet lønnsvekst	1,98 %	1,98 %	2,48 %	2,48 %	2,48 %	2,48 %
Forventet G-regulering	1,98 %	1,98 %	2,48 %	2,48 %	2,48 %	2,48 %

Demografiske parametere (SPK)	Kommuner	Fylkeskommuner
Frivillig avgang	4,5% for aldersgruppen 18-39 år 2% for aldersgruppen 40-54 år 1% for aldersgruppen 55 og oppover	4,5% for aldersgruppen 18-39 år 2% for aldersgruppen 40-54 år 1% for aldersgruppen 55 og oppover
Framtidig uttak av AFP (ved fylte 62 år)	50 %	40 %
Dodelighet	K2013	K2013
Uforhet	K1963 (200 %)	K1963 (200 %)

PENSJONSFORPLIKTELSE	2021	2022
Brutto påløpt forpliktelse 31.12	24 485 762	26 877 520
Pensjonsmidler 31.12	-15 571 313	-15 078 265
Netto forpliktelse for arb.avgift 31.12	8 914 448	11 799 255

BRUTTO PENSJONSFORPLIKTELSER UB – ESTIMAT	2022
Brutto pensjonsforpliktelse IB 1.1. - estimat i for	24 485 762
Årets opptjening	2 176 338
Rentekostnad	719 452
Estimatavvik – forpliktelse	-504 032
Brutto pensjonsforpliktelse UB 31.12. – estimat	26 877 520

ESTIMATAVVIK PENSJONSFORPLIKTELSER	2022
Faktisk forpliktelse IB 1.1	23 981 729
Estimert forpliktelse IB 1.1	-24 485 762
Estimatavvik forpliktelse IB 1.1	-504 032

<b>BRUTTO PENSJONSMIDLER UB – ESTIMAT</b>	<b>2022</b>
Brutto pensjonsmidler IB 1.1. - estimat i fjor	15 571 313
Forfalt premie (inkl. administrasjon og avregning)	2 543 792
Administrasjon	-77 744
Forventet avkastning	403 259
Estimatavvik - midler	-3 362 355
<b>Brutto pensjonsmidler UB 31.12. - estimat</b>	<b>15 078 265</b>
<b>ESTIMATAVVIK PENSJONSMIDLER</b>	<b>2022</b>
Faktiske pensjonsmidler IB 1.1	-12 208 958
Estimerte pensjonsmidler IB 1.1	15 571 313
Estimatavvik pensjonsmidler IB 1.1.	3 362 355
<b>FØRING AV ESTIMATAVVIK OG PREMIEAVVIK</b>	<b>2022</b>
Brutto estimatavvik	2 858 323
Amortisert premieavvik i år	114 658
Netto balanseført estimatavvik	2 972 981
<b>AVSTEMMING</b>	<b>2022</b>
Balanseført netto forpliktelse IB 1.1.	8 914 448
Netto pensjonskostnad	2 492 531
Administrasjonskostnad	77 744
Amortisert premieavvik i år	-114 658
Forfalt premie (inkl. administrasjon)	-2 543 792
Netto balanseført estimatavvik i år	2 972 981
<b>Balanseført netto forpliktelse UB 31.12.</b>	<b>11 799 255</b>
	11.01.2023



## SPESIFIKASJONER FOR REGNSKAPSFØRING OG PENSJONSNOTE 2022

01264-001 Austrheim kommune  
Sumside

<b>PENSJONSKOSTNADER</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Årets opptjening	13.704.168	15.253.557
Rentekostnad	10.426.191	11.350.784
Brutto pensjonskostnad	24.130.359	26.604.341
Forventet avkastning	-11.961.264	-12.919.290
Netto pensjonskostnad	12.169.095	13.685.051
Sum amortisert premieavvik	3.863.869	3.863.771
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	740.018	780.799
Samlet kostnad (inkl. administrasjon)	16.772.982	18.329.621
<b>PREMIEAVVIK</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	18.787.575	22.521.668
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	-740.018	-780.799
Netto pensjonskostnad	-12.169.095	-13.685.051
Premieavvik	5.878.462	8.055.818
<b>PENSJONSFORPLIKTELSE</b>	<b>31.12.2021</b>	<b>31.12.2022</b>
	<b>ESTIMAT</b>	<b>ESTIMAT</b>
Brutto påløpt forpliktelse	351.123.844	382.377.468
Pensjonsmidler	355.893.382	385.579.515
Netto forpliktelse før arb.avgift	-4.769.538	-3.202.047
<b>SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSFORPLIKTELSE UB - ESTIMAT</b>		<b>2022</b>
Overførte/mottatte pensjonsforpliktelser 1.1		0
Brutto pensjonsforpl. IB 1.1 - estimat i fjor samt fisjon/fu		351.123.844
Estimatavvik forpliktelse IB 1.1		19.314.855
Overførte/mottatte avvik		0
Faktisk forpliktelse		370.438.699
Årets opptjening		15.253.557
Rentekostnad		11.350.784
Utbetalinger		-14.665.572
Brutto pensjonsforpliktelse UB 31.12		382.377.468
<b>SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSMIDLER UB - ESTIMAT</b>		<b>2022</b>
Overførte/mottatte pensjonsmidler 1.1		0
Brutto pensjonsmidler IB 1.1		355.893.382
Estimatavvik midler IB 1.1		9.691.546
Overførte/mottatte avvik		0
Faktiske pensjonsmidler		365.584.928
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)		22.521.668
Administrasjonskostnad/Rentegaranti		-780.799
Utbetalinger		-14.665.572
Forventet avkastning		12.919.290
Brutto pensjonsmidler UB 31.12		385.579.515

<b>AMORTISERING AV PREMIEAVVIK</b>		<b>2022</b>	<b>2023</b>
Sum amortisert premieavvik til føring		3.863.771	4.546.683
Akkumulert premieavvik		21.185.257	
<b>AVSTEMMING</b>		<b>2022</b>	
Balanseført netto forpliktelse IB 1.1		-4.769.538	
Netto pensjonskostnad		13.685.051	
Administrasjonskostnad/Rentegaranti		780.799	
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)		-22.521.668	
Brutto estimatavvik		9.623.309	
Nettoeffekt av fusjon/fusjon		0	
Balanseført netto forpliktelse UB 31.12		-3.202.047	
<b>SPESIFIKASJON AV ESTIMATAVVIK, PLANENDRING OG TARIFFENDRING</b>		<b>2022</b>	
Endret forpliktelse - Planendring		0	
Endret forpliktelse - Ny beregningstariff		0	
Endret forpliktelse - Øvrige endringer		19.314.855	
Endringer forpliktelse - Totalt		19.314.855	
<b>MEDLEMSSTATUS</b>	<b>01.01.2021</b>	<b>01.01.2022</b>	
Antall aktive	307	327	
Antall oppsatte	358	386	
Antall pensjoner	238	246	
Gj.snittlig pensjonsgrunnlag, aktive	371.569	386.877	
Gj.snittlig alder, aktive	42,81	42,18	
Gj.snittlig tjenestetid, aktive	10,26	9,78	
<b>FORUTSETNINGER</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	
Diskonteringsrente	3,00 ‰	3,00 ‰	
Lønnsvekst	1,98 ‰	1,98 ‰	
G-regulering	1,98 ‰	1,98 ‰	
Pensjonsregulering	1,22 ‰	1,22 ‰	
Forventet avkastning	3,50 ‰	3,50 ‰	
Amortiseringstid	7	7	

## NOTE 8 – GARANTJAR

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-12, d)					
Garantien er stilt for	Føremål	Type garanti	Vedteke garantiramme (ekskl. tillegg)	Saldo 31.12	Utløper
Austrheim sokn	Gravplass Leirvåg	Sjølvsuldnar	5 000 000	2 700 000	20.05.2036
Austrheim sokn	Blyglass kyrkja	Sjølvsuldnar	1 000 000	480 000	20.11.2034
Sætremarka borettslag	Bustadar	Simpel	16 420 000	6 462 837	15.10.2031
Region Nordhordland Helsehus 7,5 %	Nordhordland helsehus	Langsiktig lånegjeld		34 500 000	
Nordhordland Utviklingselskap IKS 6,5%*	Pensjon			0	
Pensjonsforplikting for Vestlandsrevisjon IKS**				0	
Austrheim kommunale eigeomsselskap (AKE)	Kjøp av eigendom	Sjølvsuldnar		51 600 000	01.11.2052
NGIR Etterdriftsfond				2 611 455	
NGIR Pensjon	Pensjon			831 086	
NGIR Lån	Investeringar			4 865 265	25.03.2031
AUFERA***	Kjøp av eigendom	Sjølvsuldnar	5 365 000	4 890 171,60	
<b>Sum garantiar/lån ved kausjon</b>				<b>108 940 814,60</b>	

\*Nordhordland Utviklingselskap pensjon: 31.12.2022 var pensjonsmidlane hos KLP større enn pensjonsforpliktingane. Det betyr at kommunane har ingen forplikting 31.12.2022. Garantiansvar i note blir dermed kr 0,-

\*\* Vestlandrevisjon IKS pensjon: 31.12.2022 var pensjonsmidlane hos KLP større enn pensjonsforpliktingane. Det betyr at kommunane har ingen forplikting 31.12.2022. Garantiansvar i note blir dermed kr 0,-

\*\*\*Austrheim kommune har i vedtak i sak 12.09.19, gjort fylgjande vedtak: «Austrheim Kommunestyre godkjenner avtalen med Radøy kommune om dekking av ein høvesvis del av eit eventuelt utløyst garanti ansvar for lån til Aufera AS». I garantidokumentet som er utferda av kommunalbanken er kun Alver kommune innført som garantist.

## NOTE 9 – BUNDNE FOND

Bunde fond - føremål	Bokført verdi 01.01	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.
Realfagkommune skule	kr 389 656,00		kr 242 240,00	kr 147 416,00
Kaifront Kystlandsbyen	kr 370 000,00			kr 370 000,00
Kvalitetsutviklingstiltak	kr 368 425,00			kr 368 425,00
Prosjekt U 1947	kr 324 360,00			kr 324 360,00
Tiltak til Landbruket	kr 300 000,00		kr 8 000,00	kr 292 000,00
Dekomp midlar Årsås og Kaland Skule	kr 292 011,00		kr 78 861,00	kr 213 150,00
Turstiar	kr 286 866,00		kr 286 600,00	kr 266,00
Dagtilbod Demens	kr 260 617,00			kr 260 617,00
Videreutdanning lærarar	kr 225 000,00	kr 143 766,00		kr 368 766,00
Den kulturelle skulesekken	kr 223 246,00		kr 44 409,00	kr 178 837,00
Partnerskap for folkehelse	kr 120 000,00		kr 104 162,00	kr 15 838,00
Viltfond	kr 110 257,00		kr 29 339,00	kr 80 918,00
Kulturminneplan	kr 104 201,00			kr 104 201,00
Nasjonalbiblioteket	kr 95 138,00			kr 95 138,00
Kaland Barnehage svømmeopplæring	kr 77 200,00	kr 26 850,00		kr 104 050,00
Realfagkommune barnehage	kr 72 756,00			kr 72 756,00
Den Kulturelle spaserstokken	kr 64 800,00	kr 22 703,00		kr 87 503,00
Tiriltunga Barnekor	kr 51 896,00			kr 50 615,00
Trafikksikkerhets kommune	kr 67 854,00	kr 1,00		kr 67 855,00
Den naturlige skulesekken Årsås	kr 65 173,00			kr 65 173,00
Formidling av Fiskarbonden	kr 67 500,00			kr 67 500,00
Rettlæring Lærekandidat Kaland BH	kr 54 486,00			kr 54 486,00
Næringsfond/Covid	kr 331 868,00		kr 277 000,00	kr 54 868,00
<b>Sjølvkostfond</b>				
Avsatt sjølvkost vatn	kr 4 484 427,00	kr 670 284,00		kr 5 154 711,00
Avsatt sjølvkost avløp	kr 427 740,00	kr 206 297,00		kr 634 037,00
Avsatt sjølvkost oppmåling	kr 59 594,00		-kr 59 594,00	kr -
<b>Gåvefond</b>				
Gåvefond Nordliheimen	kr 57 788,00	kr 73 691,00		kr 131 479,00
<b>Sum</b>	kr 9 352 859,00	kr 1 143 592,00	kr 1 011 017,00	kr 9 364 965,00

### Årsak til at det ikkje har vore brukt av fondet i rekneskapsåret:

Har i denne opplistinga teke med alle fond som har ein storleik over 50 000,- kroner. Som det går fram av oversikta så er det som vi starta med i 01.01 på samme nivå som 31.12.2023.

Det er særleg på sjølvkostområdet vatn og avlaup det er store avsetningar. Det at vi tek inn meir i avgifter enn kva vi brukar er ugreitt, og fortel at vi må ha fokus framover på at det må vere betre samsvar mellom inntekter og utifter.

Mange av fonda som det ikkje har vore rørsle i på flere år, bør vurderast at desse skal takast inn i drift. Ei utfordring med å omdisponere fonda til drift er at mange av midlane er knyta til prosjekt kor vi har fått øyremerka midlar.

## NOTE 10 – SJØLVKOST

### Samla etterkalkyle 2022

Etterkalkylene for 2022 er basert på rekneskap datert 13. februar 2023.

Etterkalkyle sjølvkost 2022	Vatn	Avløp	Slamtøming	Feiling	Totalt
Direkte driftsutgifter	3 347 628	2 285 927	880 968	681 875	7 196 398
Avskrivningskostnad	1 773 444	615 490	0	0	2 388 934
Kalkulatorisk rente (3,54 %)	1 767 794	657 470	0	0	2 425 264
Indirekte driftsutgifter (netto)	284 000	232 568	14 414	6 961	537 943
Indirekte avskrivningskostnad	3 193	2 284	149	99	5 726
Indirekte kalkulatorisk rente	699	498	33	22	1 252
<b>Driftskostnader</b>	<b>7 176 757</b>	<b>3 794 238</b>	<b>895 565</b>	<b>688 957</b>	<b>12 555 517</b>
- Øvrige driftsinntekter	-138 389	0	0	0	-138 389
<b>Samla sjølvkost (Gebyrgrunnlag)</b>	<b>7 038 368</b>	<b>3 794 238</b>	<b>895 565</b>	<b>688 957</b>	<b>12 417 128</b>
Gebyrinntekter	7 541 189	3 982 090	872 845	682 255	13 078 379
<b>Sjølvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)</b>	<b>502 821</b>	<b>187 852</b>	<b>-22 720</b>	<b>-6 702</b>	<b>661 251</b>
Finansiell dekningsgrad i %	107 %	105 %	97 %	99 %	105 %

<b>Sjølvkostfond 01.01</b>	<b>4 484 427</b>	<b>427 740</b>	<b>-675 517</b>	<b>-383 811</b>	<b>3 852 838</b>
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	502 821	187 852	-22 720	-6 702	661 251
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	167 463	18 447	-24 289	-13 690	147 931
<b>Sjølvkostfond 31.12</b>	<b>5 154 711</b>	<b>634 038</b>	<b>-722 526</b>	<b>-404 204</b>	<b>4 662 019</b>

Etterkalkyle sjølvkost 2022	Private planar	Byggesaksbehandling	Elgarseksjonering	Oppmåling	Totalt
Direkte driftsutgifter	309 519	1 610 292	2 059	1 216 252	3 138 122
Kalkulatorisk rente (3,54 %)	0	0	0	3 880	3 880
Indirekte driftsutgifter (netto)	31 707	145 510	1 463	68 944	247 623
Indirekte avskrivningskostnad	361	1 718	16	796	2 891
Indirekte kalkulatorisk rente	79	379	4	177	638
<b>Driftskostnader</b>	<b>341 666</b>	<b>1 757 898</b>	<b>3 541</b>	<b>1 290 049</b>	<b>3 393 154</b>
+/- Bruk av/avsetning til bundne fond	0	0	0	46 875	46 875
+ Tilskot/subsidiering	297 866	719 089	0	386 336	1 403 291
- Øvrige driftsinntekter	-37 500	-2 184	-2 700	-300	-42 684
<b>Samla sjølvkost (Gebyrgrunnlag)</b>	<b>304 166</b>	<b>1 755 713</b>	<b>841</b>	<b>1 242 874</b>	<b>3 303 594</b>
Gebyrinntekter	6 300	1 031 740	0	796 944	1 834 984
<b>Sjølvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)</b>	<b>-297 866</b>	<b>-723 973</b>	<b>-841</b>	<b>-445 930</b>	<b>-1 468 610</b>
Finansiell dekningsgrad i %	2 %				56 %

<b>Sjølvkostfond 01.01</b>	<b>-0</b>	<b>4 884</b>	<b>2 220</b>	<b>59 594</b>	<b>66 697</b>
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	0	-4 970	-841	-60 648	-66 459
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	-0	86	64	1 054	1 204
<b>Sjølvkostfond 31.12</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 442</b>	<b>0</b>	<b>1 442</b>

Sjølvkostområde renovasjon/NGIR	
Dekningsgrad i %	kr 100,00
Gebyrinntekter	kr 5 661 000,00
Beregnet selvkost (kostnader)	kr 5 606 000,00
Selvkostresultat (over-/underskudd)	kr 54 000,00
Avsetning til selvkostfond	kr 54 000,00
Bruk av selvkostfond	kr -
Dekning av fremført underskudd	kr -
Fremføring av årets underskudd	kr -
Akkumulert underskudd til fremføring	kr -
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>kr 785 000,00</b>

## NOTE 11 – YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-13, d)	
Lovtekst:	
d) Det skal opplysast om ytingar til leiande personar i verksemda.	
	<b>2022</b>
	Brutto lønn
Kommunedirektør	1 196 514,-
Ordførar	1 038 877,-

## NOTE 12 – GODTGJERSLE TIL REVISOR

Budsjett og rekneskapsforskriften, § 5-13, e)	<b>2022</b>
	Godtgjersle
Revisjon	658 968
Rådgjeving	0
Sum	658 968

## NOTE 13 UTLÅN

Lånetakar	Utlån (beløp)	Finansiert med egne midlar	Finansiert med lån	Vesentleg tap
<b>AIL*</b>	75 000	75 000		
<b>Austrheim Handel**</b>	50 000			33 554

\*Lån til AIL: Lånet er gjeve til Austrheim idrettslag (AIL). Lånet er knyta til ferdigsstilling av klubbhuset, eige vedtak gjort i 2014.

\*\*Lån til Austrheim Handel: Den 16.12.2021 vart det utferda eit gjeldsbrev på 50 000,- kroner til Austrheim Handel AS org-nummer 974 398 125. Bakgrunnen for lånet var at butikken trong driftskapital til innkjøp av varer, lånet skulle hadde ei lengde på 12 mnd. Ved konkursopninga 24.08.2022 var fordringa vår på 33 554,- kroner til selskapet. Kravet vårt i buet er meldt inn i fordringsklasse alminnelege konkursfordringar, med fordringsnummer 14. Vi er pr. dato ikkje kjent med buet sitt sluttrekneskap og -utgreiing.

## NOTE 14 ANDRE NOTAR

<b>Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 15–15 1. ledd første punktum</b>		
<b>Bokført verdi 01.01.2022</b>	<b>Salsverdi</b>	<b>Gevinst</b>
0	kr 51 626 000,00	kr 51 626 000,00

### **I sak 071/22 gjorde kommunestyret flg. vedtak:**

AKE org nummer 931 722 921 overtek dei kommunale bustadane til marknadstakst. For å finansiere dette oppkjøpet tek egedomselskapet opp eit lån på 51,6 millionar kroner for å finansiere dette oppkjøpet. Austrheim kommune fekk soleis ein gevinst av oppkjøpet.

Dette var bustader som var bokført til kroner null i inngåande balanse, noko som gjev ein monaleg gevinst ved salet. Midlane frå salet skal nyttast til styrking av eigenkapitalen til AKE med 8 millionar, 25 millionar til utbygging av skulane, og dei resterande midlane skal nyttast til ekstraordinær betaling av lån tilhøyrande Austrheim kommune.

-----



**Austrheim**  
KOMMUNE

# Årsrapport 2022

Austrheim kommune

Versjon 1.1.

opne landskap, ope sinn



# Innhold

<b>1.</b>	<b>Kommunedirektøren sitt føreord .....</b>	<b>6</b>
<b>2.</b>	<b>Ordføreren har ordet .....</b>	<b>9</b>
<b>3.</b>	<b>Kommunen som organisasjon .....</b>	<b>11</b>
3.1.	Overordna mål og måloppnåing.....	11
3.2.	Organisasjonen Austrheim kommune.....	11
3.3.	Kommunedirektøren si leiargruppe .....	12
3.4.	Personalstatus .....	12
<b>4.</b>	<b>Politisk styring .....</b>	<b>13</b>
4.1.	Formannskapet og kommunestyret.....	13
4.2.	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne .....	14
4.3.	Eldrerådet .....	14
4.4.	Ungdomsrådet .....	14
4.5.	Kommune-TV .....	14
<b>5.</b>	<b>Likestilling og diskriminering.....</b>	<b>15</b>
5.1.	Diskriminering og likestilling .....	15
5.2.	Prosent av antal kvinner og menn i ulike sektorar i Austrheim kommune.....	15
5.3.	Heiltid- og deltid i Austrheim kommune. Kvinner og menn.....	16
<b>6.</b>	<b>Internkontroll og kvalitetssikring .....</b>	<b>17</b>
6.1.	Kompetanse .....	21
6.2.	Samarbeid med tillitsvalde.....	21
<b>7.</b>	<b>Helse, miljø og tryggleik (HMT).....</b>	<b>21</b>
7.1.	Bedriftshelsetenesta (BHT - Salutis) .....	21

7.2.	Arbeidsmiljøutvalet (AMU).....	22
7.3.	Administrasjonsutval.....	22
<b>8.</b>	<b>Klima og miljø .....</b>	<b>23</b>
<b>9.</b>	<b>Etikk og etisk standard.....</b>	<b>24</b>
<b>10.</b>	<b>Sjukefråvær.....</b>	<b>26</b>
10.1.	Utvikling i legemeldt sjukefråvær i Austrheim kommune:.....	26
10.2.	Legemeldt sjukefråvær fordelt på sektor 4. kvartal: .....	26
<b>11.</b>	<b>Vedtekne styringsdokument.....</b>	<b>27</b>
<b>12.</b>	<b>Gjennomførte tilsyn og forvaltningsrevisjon 2021 .....</b>	<b>28</b>
12.1.	Forvaltningsrevisjon.....	28
<b>13.</b>	<b>Planstatus i Austrheim kommune.....</b>	<b>29</b>
13.1.	Vedteken planbehov i Austrheim og prioriterte planar i perioden 2020-2024.....	32
13.2.	Framdrift i planarbeidet.....	33
13.3.	Gjennomføring av vedtekne planar .....	33
<b>14.</b>	<b>Samfunns- og befolkningsutvikling .....</b>	<b>34</b>
<b>15.</b>	<b>Sysselsette fordelt på næring.....</b>	<b>34</b>
	Sysselsetjingsstatistikk 2022 .....	34
	Sysselsette fordelt på næring .....	34
	Prosentvis endring i tal på sysselsette - rangering innan fylket.....	36
<b>16.</b>	<b>Premissar og måloppnåing .....</b>	<b>36</b>
<b>17.</b>	<b>Økonomisk analyse og nøkkeltal.....</b>	<b>38</b>
17.1.	Finansielt kapittel.....	38
17.2.	Føremål med finansforvaltninga.....	39
17.3.	Bankinnskot og kontantar.....	40
17.4.	Utvikling av lånegjeld (brutto) .....	40
17.5.	Skatte- og rammetilskott .....	42
17.6.	Netto driftsutgifter .....	42

17.7. Brutto driftsresultat.....	43
17.8. Utbytte.....	43
17.9. Avdrag på lån.....	43
17.10. Investeringar i varige driftsmidler.....	43
17.11. Tilskot til andre sine investeringar .....	43
17.12. Investeringar i aksjar og eigarskap i selskap.....	43
17.13. Sal av fast eigedom (AKE) .....	43
17.14. Vidareutlån (startlån) .....	44
17.15. Avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen.....	44
17.16. Oppsummering.....	45
<b>18. Totaloversikt økonomi .....</b>	<b>46</b>
18.1. KOSTRA hovudtall.....	46
18.2. Sentrale inntekter.....	46
18.3. Sentrale utgifter .....	47
18.4. Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda.....	47
18.5. Utvikling i netto driftsresultat .....	47
18.6. Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond .....	48
18.7. Status investering og finansiering (2A) .....	49
18.8. Status investeringar (2B) .....	50
18.9. Status investeringsprosjekt.....	51
<b>19. Status mål og satsingar.....</b>	<b>53</b>
<b>20. Årsrekneskap.....</b>	<b>54</b>
20.1. Årsrekneskapen .....	54
§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift .....	54
§5-4 Sum bevilgningar drift, netto.....	55
§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering.....	55
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	56
1. Investeringar i varige driftsmidler .....	56

§ 5-8 Balanserekneskap .....	57
§5-6 Økonomisk oversikt etter konto - drift .....	60
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar .....	61
20.2. Notar .....	62
Note 1 - Arbeidskapital .....	62
Note 4 - Aksjar og andelar .....	66
Note 5 - Langsiktig lånegjeld .....	67
Note 6 - Avdrag .....	68
Note 7 - Pensjon .....	69
Note 8 - Garantiar .....	73
Note 10 - Sjølvkost .....	75
Note 11 - Ytingar til leiande personar .....	76
Note 12 - Godtgjersle til revisor .....	76
Note 13 Utlån .....	76
Note 14: Andre notar .....	77
<b>21. Kommunen sine tenesteområde .....</b>	<b>78</b>
21.1. Kommunedirektøren - sentrale funksjonar .....	78
21.2. Oppvekst, kultur, bibliotek, idrett og fritid .....	90
21.3. Helse, omsorg og frivillige tenester .....	106
21.4. Forvaltning og service .....	124
<b>22. Vedlegg .....</b>	<b>128</b>

# 1. Kommunedirektøren sitt føreord

## Eg tenkjer på kommunen min... – Austrheim

*"Eg tenkjer på kommunen min*

*Eg tenkjer på kommunen min,  
eg tenkjer på deg støtt,  
eg har tankar om kommunen min,  
der kor eg er født.*

*Eg tenkjer på kommunen min,  
du er min eigen hær,  
for kommunen er der alltid,  
du er meg alltid nær.*

*Eg tenkjer på kommunen min  
når livet går i lås,  
du gir meg vatn i springen,  
du hentar skit og bos.*

*Eg tenkjer på kommunen min,  
den fyller opp mitt sinn,  
om andre skulle svikta meg  
har eg kommunen min.*

*Stundom spør folk rundt meg,  
kva eg no tenkjer på,  
dei stivnar litt i maska,  
når eg svarar så:*

*Eg tenkjer på kommunen min,  
den reddar titt mitt skinn,  
når eg har tenkt for mykje,  
har kommunen lagt meg inn."*

Jon Hjørnevik skildrar så godt i diktet heile kommunen sitt ansvar og tenestetilbod frå vogge til grav. Austrheim tek mål av seg å vere nettopp denne kommunen, som ein tenkjer på i heile livet fargepalett.

Vi såg for oss at 2022 skulle vere året vi tok "normalen" og kvardagen attende. Vi starta året med å avslutta det vi trudde skulle vere ein kortvarig pandemi. Koronaen



avslutta sterkare og råka oss noko meir enn vi hadde håpa. Likevel klarte vi å handtere dette på ein god måte og den mobiliseringa ein viste gjennom heile pandemien, klarte ein også på oppløpssida. Sjukefråværet var høgt, men ein klarte likevel på ein framifrå måte å levere tenestetilbodet på ein tenleg og god måte.

Ikkje før vi såg slutten på pandemien, råka ei ny krise oss alle. Det utenkjelege blei verkelegheit med at krigen og uroen i Europa blei ein del av oss. Russland sitt åtak på Ukraina, har påverka heile verda og samfunnet rundt oss. Vi måtte mobilisere og ta imot dei som var på flukt og kjempa for livet sitt. Vi har opna opp og busett flyktningar og tenestene har svinga seg rundt og teke i mot. 2022 var året vi skulle ta kvardagen tilbake, men vegen attende blei ikkje så rett som vi hadde trudd. Den økonomiske uroen i Europa har også råka oss med høgare renter, press på økonomien, høge straumprisar og eit Europa i krig, har sett sine spor på året vi har lagt bak oss.

Med verda tett på, skal kvardagen gå vidare og vi skal handtere både det uforutsette og det kjende. Tenestene skal leverast 24/7 og trass i alle faktorane, har året vist at Austrheim har løfta og utvikla seg.

Den økonomiske situasjonen har vore krevjande. Inngangen til året var å retta opp i dei prioriteringar som før var gjort, men ikkje økonomisk dekning for. Det har gått betre inn i 2022. Vi har hatt eit ekstra fokus på kostnadskontroll, men ser at kostnadsbilete har auka noko. Vi må inn i omstilling på alle sektorar og demografiutfordringane er allereie på trappene og møter oss år for år. Det medfører auka fokus på omstilling, effektivisering og innovasjon.

Det økonomiske resultatet for 2022 syner at vi går med eit overskott på nærare 3 millionar kroner. Det er noko mindre enn det vi hadde budsjettet, men det kostnadsnivået vi har hatt og mindre inntektene, må vi seie oss nøgd at vi går i pluss. Vi treng framleis å ha eit sterkt fokus på kostnadskontroll for å driva ei effektiv og framtidsretta drift.

Medarbeidarane er den største og viktigaste ressursen vi har. Vi leverer kvar dag gode tenester til innbyggjarane, takka vere tilsette som gjer sitt beste. Vi har vore i ei omorganisering i organisasjonen, noko som må gå seg til og vi ser delvis fruktene av dette året. Vi har hatt ei stor utskifting på leiarnivå og det å ha fått inn nye kostar og med ansvarleggjing og myndiggjing, ser vi ei positiv utvikling i tenestetilbodet.

Vi starta på det største løftet med ombygging, utbygging og renovering av skulane våre, eit prosjekt til 45 millionar og ei investering i framtida for ein god skulegang.

Vi samla ungdomssteget på Års denne hausten. Ein viktig milepæl og eit godt

## Årsrapport 2022

utgangspunkt for ei god ungdomstid. Vi har gjort eit stort løft på VA-utbygging, noko som betrar kvaliteten i kommunen.

Kommunedirektøren legg fram ein årsrapport som syner det store mangfaldet i tenesteleveransane vi leverer, trass tøffe økonomiske rammer! Det gjer meg stolt å gje denne løypemeldinga både til politisk leiing og til innbyggjarane i Austrheim.

### **Til slutt**

Tenesteproduksjonen vart i 2022 god for innbyggjarane våre. Vi løyste samfunnsoppdraget vårt i høve busetjing av flyktningar – og det gjer godt å bidra i ein slik situasjon.

Medarbeidarane har omstillingsevne, tek ansvar og viser omsorg. Det har vore stor innsats gjennom året for å gjere det beste i særskilte tider.

Stor takk til alle medarbeidarane, tillitsvalde og leiarar i Austrheim kommune – det vert utført gode tenester kvar dag for innbyggjarane våre. De er med å gjere kommunen god!

Takk for stor innsats og godt samarbeid.

Tusen takk til ordførar og folkevalde for samarbeidet, saman gjer vi Austrheim til ein god kommune for alle innbyggjarane våre.

Framleis eit livskraftig kystsamfunn med opne landskap og ope sinn!

Mastrevik, 31.03.2023.

Bjørnar Fjellhaug  
kommunedirektør

## 2. Ordføraren har ordet

2022 vil i framtida stå som eit svært krevjande år i europisk historie. Etter fleire år med pandemi, trudde me at 2022 skulle bli året der me kunne senka skuldrane og leva normale liv. Slik skulle det ikkje gå. 24. februar gjekk russiske styrkar inn i nabolandet Ukraina og dermed var den første krigen i Europa etter andre verdskrig eit faktum. Før invasjonen hadde russarane i lang tid redusert sine gassleveransar til europeiske land, noko som førde til ein kraftig auke i energiprisane i heile verda. Krigen har også ført til aukande matvareprisar og dette har, saman med etterverknadane av pandemien, sett sitt tydelege preg på 2022.

Det er underleg korleis hendingar langt borte frå oss også pregar vårt vesle samfunn yst ute på vestlandskysten, men i ei verd som i lang tid har vore prega av globalisering, ser me no klårt og tydeleg at alt heng saman med alt.

Mottak av flyktingar har vore ei stor utfordring for oss i 2022. Det har vore mangel på både bustadar og kommunale ressursar til dette arbeidet, men eg registrerer at dei kommunale einingane har jobba godt saman og funne gode og velfungerande løysingar undervegs.

Også i år har kommuneleiinga hatt jamlege møter og tett dialog med Statsforvaltaren si beredskapsgruppe. Heimevernet og PST har me, som ein av vertskommunane til Mongstad-anlegga, også hatt eit nært samarbeid med. Det er godt å registrera at me har mange gode samarbeidspartnarar å spela på når tryggleiken vår vert truga.

Drifta av kommunen har sjølv sagt vore prega av dei strekt aukande kostnadane i 2022. Me har vore heldige og hatt tilnærma full sysselsetting og dermed svært god skatteinngang i 2022, men kostnadsveksten har likevel gjort drifta av kommunen krevjande.

Likevel klarte me i 2022 å gjennomføra dei fleste prosjekta me hadde planlagt. Me har fått på plass ny vassforsyning frå Torvneset til Årås og dei omfattande skuleprosjekta vart starta opp. Me har også fått reparert store delar av rørsystema i Kaland-feltet og masseutskifta området i feltet som er avsett til eldrebustadar. Andre delar av avlaupssystemet vårt er også under oppgradering slik at me står betre rusta til å takla ny bustadbygging i framtida.

Trass i alle utfordringane året har gitt oss, kom me ut av året med eit akseptabelt økonomisk resultat. Me held fram arbeidet med å byggja oss ein økonomisk buffer for framtida og skal plassera delar av overskotet frå 2022 på disposisjonsfondet.



## Årsrapport 2022

Mitt håp er at 2023 vert eit normalt år, men i skrivande stund kastar krigen i Ukraina framleis mørke skuggar inn over lokalsamfunnet vårt. Me må førebu oss på å ta imot fleire som vert drivne på flukt av dei øydeleggjande krigshandlingane. Utfordringane vert i år som i fjor, å skaffa nok bustadar og gje flyktningane eit godt og innhaldsrikt opphald her hjå oss. Me må, som under pandemien og i krigsåret 2022, gjera det beste ut av situasjonen og håpa og tru at dei som styrer i verda etter kvart forstår at alle er best tent med ei verd prega av fred og fridom.

Eg vil takka alle våre tilsette for den innsatsen dei har gjort i 2022. Me har lagt bak oss eit krevjande og vanskeleg år med ei prisstigning langt over det som var forventa. Me var førebudde på at etterverknadane av pandemien kunne bli eit aukande sjukefråvær. Det har me fått, og i tillegg til ein svært stram arbeidsmarknad, har det til tider gjort det vanskeleg å oppretthalda ei god og forsvarleg drift i kommunen. Ser me litt stort på det, er me også i ferd med å koma oss gjennom desse utfordringane på ein akseptabel måte. Det kan me mellom anna takka alle våre lojale og engasjerte medarbeidarar for.

Når ein står i slike utfordringar som 2022 har gitt oss, er det viktig at samarbeidet mellom leiinga og dei tilsette fungerer som det skal. Eg vil takka verneomboda og dei tillitsvalte i kommunen for det arbeidet dei har lagt ned for å få dei kommunale hjula til å gå rundt. Det har vore eit fantastisk samarbeidsklima i ei krevjande tid.

Eg vil også takka politikarane i kommunen. Det har vore eit svært godt politisk klima i kommunestyret og samarbeidet på tvers av politiske skiljelinjer, har vore godt. Me har også hatt eit godt og konstruktivt samarbeid mellom det politiske og administrative miljøet i kommunen. I utfordrande tider er det godt at me står saman og dreg lasset i same retning. Me har i Austrheim eit godt miljø for å byggja på kvarandre sine idear og såleis finna dei beste løysingane saman, til gagn og nytte for alle som bur i kommunen.

Beste helsing

Per Lerøy  
ordførar



# 3. Kommunen som organisasjon

## 3.1. OVERORDNA MÅL OG MÅLOPPNÅING

Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilete av korleis Austrheim skal bli. Visjonen kan vere eit uttrykk for innbyggjarane sine ynskjer, verdiar, behov og draumar.

### Vår visjon er.


*Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder, med gode kommunale tenester og effektiv drift.*

### Hovudmåla er.

Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje. Austrheim skal utvikle seg til eit bærekraftig og dynamisk område, med eller utan samarbeid med andre kommunar. Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland, med effektiv drift til gode for innbyggjarane.

## 3.2. ORGANISASJONEN AUSTRHEIM KOMMUNE

Organisasjonskart Austrheim kommune



### 3.3. KOMMUNEDIREKTØREN SI LEIARGRUPPE



F.v. Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef oppvekst og kultur Trine Merete Jansen, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme, og kommunalsjef service og forvaltning Thomas Lindås

### 3.4. PERSONALSTATUS

	Tilsette 22	Årsverk 22	Tilsette 21	Årsverk 21	Tilsette 20	Årsverk 20	Tilsette 19	Årsverk 19	Tilsette 18	Årsverk 18
<b>Kvinner</b>	261	212	282	214	252	195,88	262	199,07	280	215,47
<b>Menn</b>	54	45	46	39,5	45	40,67	45	39,68	48	43,33
<b>Samla</b>	315	257	328	253,5	297	236,55	307	238,75	328	258,8

## 4. Politisk styring

### 4.1. FORMANNSKAPET OG KOMMUNESTYRET

Formannskapet hadde i 2022 11 møte, eitt meir enn det som opphavleg var planlagt. For 2023 er det planlagt 10 møte, der to av desse inngår som del av samlinga over to dagar i Kilstraumen i mai. I 2022 handsama formannskapet 120 saker, det inkluderer dei faste sakene som godkjenning av innkalling/sakliste, møteprotokollar, meldingar, delegerte saker og orienteringar.

Dei fem faste medlemmene i formannskapet er:

Representant	Verv	Parti
Per Lerøy	Ordførar	Arbeidarpartiet
Inger Lise Brekke	Varaordførar	Høgre
Morten Sognnes	Medlem	Høgre
Helge Dyrkolbotn	Medlem	Kristeleg folkeparti
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	Medlem	Senterpartiet

Etter valet i 2019 er Austrheim styrt av ein koalisjon med Arbeidarpartiet og Høgre.

Formannskapet har sine møte på dagtid, kommunestyret har sine møte etter arbeidstid. Møta i formannskapet og kommunestyret vert streama gjennom tenesta til Aventura KommuneTV, utstyret for dette er montert i kafeen på samfunnshuset, og møta er der.

Kommunestyret hadde i 2022 8 møte, og handsama 101 saker, det inkluderer dei faste sakene som godkjenning av innkalling/sakliste, møteprotokollar, meldingar og orienteringar. Fleire orienteringar er gjerne protokollerte i same orienteringssak.

Medlemmene i kommunestyret er (utan vara):

Representant	Verv	Parti
Per Lerøy	Ordførar	Arbeidarpartiet
Inger Lise Brekke	Varaordførar	Høgre
Ann Kristin Leirvåg	Medlem	Arbeidarpartiet
Monika Thorpe	Medlem	Arbeidarpartiet
Hardy Pedersen	Medlem	Arbeidarpartiet
Reidar Ulvøy	Medlem	Arbeidarpartiet
Britt Mary Skaalevik Lerøy	Medlem	Arbeidarpartiet

Morten Håkon Sognnes	Medlem	Høgre
Rikke Heldal Hope	Medlem	Høgre
Aslak André Bakke	Medlem	Høgre
Helge Dyrkolbotn	Medlem	Kristeleg folkeparti
Anne Dahle Austrheim	Medlem	Kristeleg folkeparti
Randi Keilegavlen Dyrøy	Medlem	Kristeleg folkeparti
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	Medlem	Senterpartiet
Reidar Øksnes	Medlem	Senterpartiet
Lise Renate Helle	Medlem	Senterpartiet
Jan-Erik Espelid (fast for Marita Terese Bru som har permisjon)	Medlem	Bygdelista

## 4.2. RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde 7 møte i 2022, og handsama 30 saker. Det inkluderer dei faste sakene som godkjenning av innkalling/sakliste, møteprotokollar, meldingar og orienteringar.

## 4.3. ELDRERÅDET

Eldrerådet hadde 6 møte i 2022, og handsama 24 saker. Det inkluderer dei faste sakene som godkjenning av innkalling/sakliste, møteprotokollar, meldingar og orienteringar.

## 4.4. UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet kom på tampen av 2022 i gang med å bruka same møteprogrammet som for andre møte. Frå 2023 er dei heilt med, slik at sakene er tilgjengelege via kommunen si nettside.

## 4.5. KOMMUNE-TV

Alle politiske møter i formannskapet og kommunestyret vert overført på nett, og ligg også tilgjengeleg som opptak. I koronaperioden blei teams nytta i stor grad til å gjennomføre politiske møter. Det medførte at kommunestyret vedtok å kjøpa inn streamingutstyr slik at formannskapsmøta og kommunestyremøta kan følgjast digitalt. Dette bidreg til auka innsikt i sakshandsaminga og den politiske aktiviteten i Austrheim og bidreg soleis til ei styrking av lokaldemokratiet.

## 5. Likestilling og diskriminering

### 5.1. DISKRIMINERING OG LIKESTILLING

Austrheim kommune har som mål å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

- Austrheim kommune har:
- Retningslinjer for uønska deltid
- Retningslinjer for seniorpolitikk
- Statistikk over lønn kvinner/menn
- Statistikk over sjukefråvær kvinner/menn
- Tilsett ein del framandspråklege i fleire avdelingar
- Retningslinjer for lærlingar
- Retningslinjer for gravide arbeidstakarar
- Bygd opp organisasjonen som ei IA-verksemd.

### 5.2. PROSENT AV ANTAL KVINNER OG MENN I ULIKE SEKTORAR I AUSTRHEIM KOMMUNE

pr 01.12.2022

Sektor	Antall		Andel (i prosent)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	256	50	84	16
Sentraladministrasjonen	10	7	59	41
Oppvekst	109	5	96	4
Grunnskole	56	4	93	7
Barnehager	10	0	100	0
Fritidshj/skolefritidsordn	1	0	100	0
Øvrig oppvekst	42	1	98	2
Helse/sosial	122	20	86	14
Alm helsevern	14	8	64	36
Alders- og sykehjem	51	5	91	9
PU	4	0	100	0
Hjemmehjelp/-sykepleie	48	4	92	8
Sosialhjelp	4	3	57	43
Andre virksomheter	1	0	100	0
Kultur	7	2	78	22
Teknisk sektor	8	16	33	67

## 5.3. HEILTID- OG DELTID I AUSTRHEIM KOMMUNE. KVINNER OG MENN.

Antal stillingar, tilsette og årsverk. Tal pr 01.12.2022.

Sektor	Heltid/ deltid	Stillinger			Gjennomsnittlig størrelse på stilling	Ansatte			
		Antall stillinger	Andel av stillinger i sektoren			Andel av ansatte i sektoren	Stillingsstørrelse per ansatt	Ansatte	Årsverk
Alle	Alle	357		72%		81%	315	257	
	Deltid	212	59%	53%	50%	63%	159	100	
	Heltid	145	41%	100%	50%	100%	156	156	
Administrasjon	Alle	25		79%		79%	25	20	
	Deltid	7	28%	26%	28%	26%	7	2	
	Heltid	18	72%	100%	72%	100%	18	18	
Undervisning	Alle	96		73%		87%	80	70	
	Deltid	50	52%	48%	40%	68%	32	22	
	Heltid	46	48%	100%	60%	100%	48	48	
Barnehager	Alle	53		79%		82%	51	42	
	Deltid	31	58%	64%	55%	67%	28	19	
	Heltid	22	42%	100%	45%	100%	23	23	
Helse/pleie/omsorg	Alle	157		66%		72%	144	104	
	Deltid	112	71%	53%	66%	58%	95	55	
	Heltid	45	29%	100%	34%	100%	49	49	
Samferdsel og teknikk	Alle	11		93%		93%	11	10	
	Deltid	2	18%	60%	18%	60%	2	1	
	Heltid	9	82%	100%	82%	100%	9	9	
Annet	Alle	15		72%		77%	14	11	
	Deltid	10	67%	58%	57%	60%	8	5	
	Heltid	5	33%	100%	43%	100%	6	6	

Ein tilsett kan ha fleire stillingar. Om ein tilsett har stillingar i fleire sektorar, vil vedkomande teljast i kvar av desse sektorane. Difor kan summen av tilsette over sektorane vere høgare enn antal tilsette.

Stillingsstørrelse per ansatt	Kjønn	Årstall 2020		2021		2022	
		Antall ansatte	Prosent	Antall ansatte	Prosent	Antall ansatte	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	18	6,1	17	5,4	23	7,3
	Kvinner	17	6,7	15	5,6	19	7,3
	Menn	1	2,2	2	4,3	4	7,4
25 - 49,9%	Kvinner og menn	18	6,1	22	7,0	12	3,8
	Kvinner	15	6,0	19	7,1	9	3,4
	Menn	3	6,7	3	6,5	3	5,6
50 - 74,9%	Kvinner og menn	61	20,5	68	21,6	60	19,0
	Kvinner	58	23,0	61	22,7	52	19,9
	Menn	3	6,7	7	15,2	8	14,8
75 - 99,9%	Kvinner og menn	64	21,5	61	19,4	64	20,3
	Kvinner	61	24,2	59	21,9	60	23,0
	Menn	3	6,7	2	4,3	4	7,4
100%	Kvinner og menn	136	45,8	147	46,7	156	49,5
	Kvinner	101	40,1	115	42,8	121	46,4
	Menn	35	77,8	32	69,6	35	64,8

\*) Tabellen handler om stillingsstørrelse pr. ansatt. Derfor vil f. eks. en person med to stillinger på hhv. 20 og 50% bli tilordnet gruppen 50 - 74,9%. Stillinger i andre kommuner er ikke tatt med i vurdering av en ansatts stillingsstørrelse.


Heiltidskultur har vore ei av dei store prioriterte satsningsområda i 2022. Kommunestyret vedtok i mai plan for innføring av heiltidskultur i Austrheim kommune 2022-2025. Hausten 2022 blei det organisatoriske grep og auka innsats knytta til turnusplanlegging. Det er skapt eit større forståingsbilete av nødvendigheita av heiltidskultur. Stillingar over 90 % blir i stor grad utlyst i heile stillingar.

## 6. Internkontroll og kvalitetssikring

Internkontroll er systematiske tiltak som skal sikre at verksemda planleggjer, organiserer, utfører og vedlikeheld at aktivitetane sine er i samsvar med gjeldande lover og føresegner. Kommunen skal ha god internkontroll og arbeide systematisk for å sikre innbyggjarane forsvarlege tenester innanfor ramma av lov og føresegn.

KS sin "Modenhetspyramide", frå [Kommunedirektørens internkontrollrettleiar](#)





Kommunen innførte i 2022 nytt kvalitetssystem, Nettpower. Storparten av opplæringa i systemet blei gjennomført hausten 2021, før det for alvor vart sett i verk får nyttår. Netpower gjev eit godt oversyn over dokumenthandtering og avvikssystem for kommunen. Systemet inneheld modular for rutinedokumentasjon, avvikshandtering, risiko- og sårbarheitsvurdering og varsling. Krav om internkontroll finns på ei rekkje områder, til dømes etter HMT-lovgjevinga, helse- og omsorgslovgjevinga, barnevernlova og etter lovgjeving om personvern og informasjonstryggleik. Tilsette skal rapportere uønska hendingar, merknadar og personskadar på tilsette eller brukarar i Netpower. Føremålet med å identifisere avvik er at Austrheim kommune kan førebyggje at liknande eller nye avvik skjer seinare. Ved å melde avvik blir "uønska hendingar" registrert, rapportert og handtert på ein forsvarleg måte. Avvik blir rapportert elektronisk og leiar for tenesteområdet vurderer og handsamar avvika. Meldinga går tenesteveg. Bruk av avviksmeldingar er ein metode for å sikre forbetring av tenestene og ikkje ein form for klage. Alle tilsette har fått opplæring i avvikssystemet og leiarar har ansvar for å ha det kontinuerleg på agenda i personalmøter. Fokuset er på kva som kan gjerast betre, og ikkje kven som har forårsaka avviket. Avviksmeldingar skal alltid vere nøytrale på den måten at namn på brukar eller tilsette som kan vere årsak til avviket ikkje skal nemnast. Alle tilsette har ansvar for å melde avvik.

Einingane har våren 2022 arbeidd med å leggje inn rutinar og alle gjeldande rutinar skal liggje i kvalitetssystemet. Vi ser at det har vore store ulikskapar på kva grad dei ulike einingane har skriftlege rutiner. Kvalitetsutviklingsarbeid og rutinehandtering er eit kontinuerleg arbeid og det ligg gode varslingar for revidering av rutiner i systemet.




## Kategori - Antall pr. status

Filtrert på: Type: Helse, miljø og tryggleik, Informasjonstryggleik/personvern, Tenestekvalitet, Varsling av  
kritikkverdige forhold, Avvik fra interne og eksterne tilsyn, Forbedringsforslag  
Fra: 01.01.2022  
Til: 31.12.2022

Kategori	Status	Antall
☒ Avdekking av behov		9
☒ Avvik fra interne og eksterne tilsyn		29
☒ Barnehage- og skulemiljø		10
☒ Brot på integritet (informasjon har/kan ha blitt endra utilsikta av tilsette/uvedkomande)		1
☒ Brot på konfidensialitet (informasjon har/kan ha blitt gjort kjent for uvedkomande)		3
☒ Brot på tilgjengelegheit (informasjon har/kan ha blitt utilgjengeleg/manglande tilgang/øydelagt)		1
☒ Bygg/utstyr/anlegg/IKT		22
☒ Fall		7
☒ Forbedringsforslag		1
☒ HMT		150
☒ Innkjøp og økonomi		1
☒ Legemiddelhandsaming		41
☒ Oppfølging av enkeltvedtak		9
☒ Personskade		25
☒ Sakshandsaming		3
☒ Samhandling internt/eksternt		16
☒ Skade på tenestemottakar		3
☒ Trussel/vald mot tenestemottaker		2
☒ Varsling til nærmaste leiar		4
☒ Vasskvalitet		1
<b>Totalt</b>		<b>338</b>





## Statistikk

Filtrert på: Fra: 01.01.2022  
Til: 31.12.2022



Oversikten viser innmeldte avvik frå 01.-31.12.2022 – 338 avvik. Storparten av avvika fordeler seg på HMT, legemiddelhandtering, samhandling internt/eksternt og oppfølging og avvik frå

interne/eksterne tilssyn. Av dei 338 avvika er 332 lukka og 6 er under handsaming. Når dei står "under handsaming" tyder det at der er tiltak som er sett i verk, men dei er ikkje lukka.



## 6.1. KOMPETANSE

Vi har i 2022 laga ny strategisk kompetanseplan for 2022–2026.

Ein tar utgangspunkt i strategisk kompetanseplan som er retningsgjevande for kompetansetiltak framover.

- Tilsette som har/er i utdanning i 2022:
- Ein fullført mastergrad i avansert gerontologi
- Vidareutdanning for 5 lærarar i fag som byrjaropplæring (1), norsk (3) og engelsk (1).
- Akuttmedisinsk sjukepleiar (gågår enno)
- To på 60 fagskulepoeng på studie «barn med særskilte behov
- 5 pleiemedhjelparar har teori og samlar timar. Ein person har tatt fagbrev i 22.
- Lærlingar/taf-elevar – 15 stk.
- To fullført Dokumentasjonsforvaltning. 60 stp. Ved Oslo Met.
- Endringsleiing. Ein fullført 15. stp. Ved NHH.

## 6.2. SAMARBEID MED TILLITSVALDE

Kommunedirektøren og kommunalsjefane har regelmessige møte med hovudtillitsvalde for organisasjonane. Saker som har vore gjennomgått der har vore mellom anna:

- Budsjett/økonomiplan/økonomioppfølging
- Organisasjonsutvikling og tilsetjingar
- Handlings- og økonomiplan 2023–2026
- Korona ( statusoppdateringar)
- Arbeid med oppdateringar av reglement (mellom anna strategisk kompetanseplan, telefonreglement, arbeidsreglement, permisjonsreglement, IKT-reglement m.v).
- Rekrutteringstiltak
- Digital kunnskap
- Miljøfyrtårn
- Tariff 22

Kommunedirektøren ser dette som eit viktig arena for å ha dialog med organisasjonane. På avdelingsleiarnivå har avdelingsleiarane møte med sine plasstillitsvalde.

# 7. Helse, miljø og tryggleik (HMT)

## 7.1. BEDRIFTSELSETENESTA (BHT - SALUTIS)

Bedriftshelsetenesta til Austrheim kommune har vore Salutis. Salutis har levert 151 einskildtimar, i tillegg til fleire kursdeltakarar på opne kurs hos Salutis og mange interne kurs gjennomført i kommunen. Tiltak i 2022 har vore ergonomikurs, yrkeshygienisk og psykososialt område, med grupperetta tiltak, men også individretta. Salutis har også bistått med grunnkurs i arbeidsmiljø for nye verneombod og nye leiarar, arbeidsplassundersøkingar, heildagskurs for verneombod og leiarar og generell rådgjeving i ulike arbeidsmiljø saker.

Det har vore høg aktivitet innanfor individretta bistand, som har omfatta både førebyggjande aktivitet og bistand relatert til oppståtte helseutfordringar eller kriser. Den individretta bistanden har særleg omhandla oppfølging i AKAN-saker, konfliktsaker og sjukefråværssaker, samt støttesamtalar og psykologiske konsultasjonar.

## 7.2. ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

Arbeidsmiljøutvalet hadde i 2022 9 møte, og handsama 47 saker.

Medlemmene i arbeidsmiljøutvalet i 2022 har vore:

Medlem	Representasjon	
Bjørnar Fjellhaug, kommunedirektør	arbeidsgjevar og leiar av utvalet	
Monika Kvamme, kommunalsjef helse og omsorg(*)	Arbeidsgjevar og nestleiar	
Trine Merete Jansen, kommunalsjef oppvekst og kultur	arbeidsgjevar	
Anette Kaland, Fagforbundet	arbeidstakar	
Linda Søreide, hovudverneombod	arbeidstakar	
Monika Soltveit Gabrielli, Utdanningsforbundet	arbeidstakar	
Thomas Lindås, kommunalsjef forvaltning og service (*)	arbeidsgjevar	

(\*) Lindås tok over etter at Monika Kvamme slutta i stillinga 31.08.2022

Arbeidsgjevar har hatt leiar og nestleiar i 2022.

## 7.3. ADMINISTRASJONSUTVAL

Administrasjonsutvalet hadde i 2022 5 møte, og handsama 28 saker.

Medlemmene i administrasjonsutvalet i 2022:

Medlem	Representasjon
Ordførar Per Lerøy	Formannskapet (Ap), leiar
Varaordførar Inger Lise Brekke	Formannskapet (H), nestleiar
Morten Sognnes	Formannskapet (H)
Helge Dyrkolbotn	Formannskapet (KrF)
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	Formannskapet (Sp)
Anette Kaland	arbeidstakarrepresentant, Fagforbundet
Monika Soltveit Gabrielli	arbeidstakarrepresentant, Utdanningsforbundet

## 8. Klima og miljø

### **Godkjente einingar i høve Miljøfyrtårn:**

Austrheim kommunehus (hovudkontoret)

Årås skule

Kaland skule

Arbeidet med barnehagane er ferdigstilt. Avventar sertifisør for godkjenning.

Helse:

Har starta med kartlegging av alle einingar. Godkjenning vert gjennomført i 2023..

Arbeidet med alle einingar inkludert sertifisering skal vere gjennomført innan 1. august 2023.

### **Avfall**

Begge skulane har produsert mindre avfall totalt sett i 2022 enn i 2021. Forbruket av papir er redusert for begge skulane.

Både avfallsstatistikk og innkjøp av kopipapir sett opp mot restlager stadfester dette.

Begge skulane har også hatt mindre matavfall utan at det er ei tilsvarande auke i mengde restavfall.

### **Energi**

\* Nytt system for straumstyring er no på plass. Dette gir moglegheiter for å følgje opp energiforbruket i dei største bygga i kommunen til ei kvar tid (10 bygg i dag).

\* I klima- og energiplanen var det sett mål om at Austrheim kommune skulle redusere energibruk pr m<sup>2</sup> i eigne bygg med minst 5 % innan 2023.

Eg heldt på å finne ut av dette, men det er ein del jobb då det har vært trøbbel med ein del målarar på ulike bygg. Kommunen har over 50 målarar totalt og ein del av tala frå både 2021 og 2022 er difor estimerte.

\* 4 nye ladestolpar på Mastrevik torg. Dette er stolpar for type 2-kabel, og kvart punkt har ein kapasitet på 22 KW.

### **Innkjøp og samfunnsansvar**

Kommunen har høgt fokus på å gjennomføre miljøvenlege innkjøp. Krava er med i relevante tilbudsrundar og rammeavtalar som kommunen inngår.

Når det gjelder samfunnsansvar viser dette i mange ulike dimensjonar i kommunen. Alt frå deltaking i Inkluderande Arbeidsliv (IA), omfattande seriøsitetskrav i innkjøpsprosessar for å hindre arbeidslivskriminalitet og sosial dumping, rutiner for etterleving av lov og forskrift i ulike samanhengar, eigarskapsmelding som gjev retningslinjer for kommunen sitt eigarskap og samarbeid mv. Som eit offentleg lokalt forvaltningsorgan vil samfunnsansvaret alltid vere ein vesentleg del av kommunen sitt føremål og aktivitet.

Samfunnsansvar og berekraft er eit av hovudmåla i Austrheim kommune sitt innkjøpsreglement som ein del av lov om offentlege anskaffelser.

Austrheim kommune har starta og gjennomført fleire anbudsprosessar. Austrheim er med i Bergensavtalen på ein del rammeavtalar.

\* Brukte møblar i grei stand har vorte gitt vekk til andre avdelingar/einingar i kommunen. Yammer blir nytta for å informere om at møblar kan hentast.

## 9. Etikk og etisk standard

*Kommunelova § 14-7 bokstav d), e) og f) seier at årsberetningane skal gjere greie for:*

---

*"D) TILTAK SOM ER IVERKSATT OG TILTAK SOM PLANLEGGES IVERKSATT FOR Å SIKRE EN HØY ETISK STANDARD.*

*E) DEN FAKTISKE TILSTANDEN NÅR DET GJELDER KJØNNSLIKESTILLING*

*F) HVA KOMMUNEN ELLER FYLKESKOMMUNEN GJØR FOR Å OPPFYLLE ARBEIDSGIVERS AKTIVITETSPLIKT ETTER LIKESTILLINGS- OG DISKRIMINERINGSLOVEN § 26."*

---

Austrheim kommune har etablert føresegner og rutiner når det gjeld internkontroll og høg etisk standard. Ein har også utarbeida etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim kommune.


Austrheim kommune har retningslinjer som gjeld for tilsette og politikarar. I føremålet i desse retningslinjene står det:

*Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Austrheim kommune.*

Kommunedirektøren ser det som viktig å fokusera på dette føremålet i all kommunal verksemd.

Dei etiske retningslinjene for folkevalde og tilsette i Austrheim kommune, vart endeleg vedteken i kommunestyret 12.11.2020.

Etikkplakaten for Austrheim er ein del av dei etiske retningslinjene.



**Etikkplakaten – Austrheim kommune**

- Me bidreg til openheit og innsyn i arbeidet vårt.
- Me har ein høg etisk standard i verksemda vår.
- Me har rett til å ytra oss, også om det som er kritikkverdig.
- Me er lojale mot beslutningar og vedtak.
- Me held teieplikta, og er varsame med fortrulege opplysningar.
- Me tek avstand frå all korrupsjon og annan kriminalitet, og handlar deretter.
- Me takkar nei til gåver eller føremoner som kan påverka handlingane våre.
- Me respekterer kvarandre, og legg til rette for mangfald og inkludering.
- Me viser varsemd når me brukar informasjon og opptrer i sosiale media.
- Me er miljømedvetne, og tek vare på miljøet rundt oss.
- Me melder frå om kritikkverdige omstende.


Vedteken av Austrheim kommunestyre – i møte 12. november 2020.

## Har du eit dilemma?

Still deg følgjande spørsmål:

- Er det OK ifølgje lovar og reglar?
- Er det nausynt?
- Er det økonomisk fornuftig?
- Er det forsvarleg?
- Toler det medias søkelys?
- Er eg komfortabel med dette?
- Er det i samsvar med våre interne reglar?
- Er det i samsvar med verdiane våre?

**Er du i tvil, ta dilemmaet opp med nærmaste leiar.**  
For meir utfyllande informasjon, sjå dei etiske retningslinjene.





## 10. Sjukefråvær

### 10.1. UTVIKLING I LEGEMELDT SJUKEFRÅVÆR I AUSTRHEIM KOMMUNE:

Årstal	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal
2022	12,7	8,7	6,5	10,2
2021	8,1	7,5	7,3	11,8
2020	8,1	8,0	6,0	7,3
2019	6,8	5,8	4,8	7,2
2018	6,6	6,4	4,3	5,2

### 10.2. LEGEMELDT SJUKEFRÅVÆR FORDELT PÅ SEKTOR 4. KVARTAL:

Kjelde: SSB

Næring	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Alle næringer	10,2	5,8	11,2
Offentlig administrasjon mv.	5,4	4,2	6,6
Off. adm., undervisning, helsetj. samt pleie og omsorg	9,8	5,1	10,6
Undervisning	6,7	0,8	7,4
Grunnskoleundervisning	7,0	1,0	7,5
Helsetjenester	2,2	2,6	2,0
Pleie og omsorgstjenester i institusjon	11,8	5,5	12,5
Andre omsorgsinstitusjoner samt bofellesskap			
Sosiale omsorgstj. uten botilbud, ekskl. barnehager	13,5		
Barnehager	13,6		
Barnevernstjenester			
Kommunale sosialkontortjenester			

Første og andre kvartal synte eit høvesvis høgare sjukefråvær, samanlikna med året før. Covid-19 råka oss dei første månadene av 2022 og det er mykje av årsaka til at vi har hatt høgt fråvær. I 3. og 4. kvartal gjekk sjukefråværet noko ned, også samanlikna med 2021. Sjukefråvær vert følgt nøye og vi ser at nærversarbeid må vera av høgt fokus. Den viktigaste

ressursen vår, er dei tilsette og vi treng at tilsette er på arbeid.

Sjukefråvær har vore jamleg tema i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og har også vore rapportert til kommunestyret gjennom året. Vi treng framleis å arbeide med både årsaker og tiltak for å redusere fråværet.

NAV arbeidslivssenter er tett på dei einingar som har utfordringar knytta til sjukefråvær og arbeida tett på kommunen. NAV jobbar også tett på leiargruppa slik at leiarane blir endå betre rusta til å arbeida systematisk og godt med nærversarbeid.

## 11. Vedtekne styringsdokument

<b>Styringsdokument</b>	<b>Vedteke</b>
<b>Revidering av delegeringsreglement</b>	Vedteke i KS 17.02.2022
<b>Revidering av reglement for folkevalde organ i Austrheim</b>	Vedteke i KS 07.04.2022
<b>Strategisk kompetanseplan 2022–2026</b>	Vedteke i ADM 03.02.2022 og KS 17.02.2022
<b>Telefonreglement for tilsette i Austrheim kommune</b>	Vedteke i ADM 03.02.2022
<b>Arbeidsreglement</b>	Vedteke i ADM 24.03.2022
<b>Revidering av tilsetjingsreglement</b>	Vedteke i ADM 24.03.2022
<b>Permisjonsreglement</b>	Vedteke i ADM 24.03.2022
<b>Lærlingstrategi for Austrheim kommune 2022–2026</b>	Vedteke i KS 16.06.2022
<b>Lønspolitisk handlingsplan 2022–2024</b>	Vedteke i ADM 12.05.2022
<b>Plan for innføring av heiltidskultur i Austrheim kommune 2022–2025</b>	Vedteke i ADM 12.05.2022 og KS 16.06.2022
<b>IKT-reglement</b>	Vedteke i ADM 16.06.2022
<b>Retningslinjer for omstilling og nedbemanning</b>	Vedteke i ADM 16.06.2022
<b>Rutiner for førebygging og handtering av konflikhtar</b>	Vedteke i ADM 16.06.2022
<b>Rutiner for varsling om kritikkverdige tilhøve</b>	Vedteke i ADM 16.06.2022
<b>Retningslinjer for tenestereiser i Austrheim kommune</b>	Vedteke i ADM 05.12.2022
<b>Retningslinjer for heimekontor</b>	Vedteke i ADM 05.12.2022
<b>Eigarskapsmelding 2022–2024</b>	Vedteke i KS 15.09.2022

## 12. Gjennomførte tilsyn og forvaltningsrevisjon 2021

<b>Kommuneområde</b>	<b>Tilsyn innan fagområde</b>	<b>Tilsyn utført av</b>	<b>Status</b>
Oppvekst og kultur	<i>Miljøretta helsevern - Austrheim kystbarnehage</i>	Miljøretta helsevern	Lukka.
Oppvekst og kultur	<i>Miljøretta helsevern - Årås skule</i>	Miljøretta helsevern	Lukka.
Oppvekst og kultur	<i>Spesialundervisning - utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulen med å utvikle kompetansen og organisasjonen</i>	Statsforvalteren	Avslutta.
Helse og omsorg	<i>Kommunelækjaren - HMS</i>	Arbeidstilsynet	Lukka.
Helse og omsorg	<i>Nordliheimen</i>	Arbeidstilsynet	Pågåande
Service og forvaltning	<i>Teknisk avdeling - dokumenttilsyn</i>	Arbeidstilsynet	Lukka.
Service og forvaltning	<i>Miljøretta helsevern - Kaland symjebasseng</i>	Miljøretta helsevern	Ikkje lukka.

### 12.1. FORVALTNINGSREVISJON

Følgjande forvaltningsrevisjonar er gjennomført/meldt oppstart i 2022 av kontrollutvalet:

- Forvaltningsrevisjonen rekruttering, kompetanse og tilsettepolitikk innanfor omsorgssektoren. Oppstart oktober 2022.

# 13. Planstatus i Austrheim

## kommune

NR	PLANNAMN	PLANTYPE	GJELD FRÅ	GJELD TIL	STATUS	ANSVAR:
1	Kommuneplanen sin arealdel	Arealplan	2007	2017	Rullering	Kommunestyret
2	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Tema	2015	2027	Gjeld	Kommunestyret
3	Kommunedelplan Fønnes - Litlås	Arealplan	2010	2017	Gjeld	Kommunestyret
4	Kommune ROS	Tema	2010		Rullering	Kommunestyret
5	Landbruksplan	Tema	2009		Gjeld	Kommunestyret
6	Energi og klimaplan	Tema	2011	2015	Gjeld	Kommunestyret
7	Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Tema	2012	2020	Gjeld	Kommunestyret
8	Kommunedelplan VA	Tema			Pågår	Kommunestyret
9	Kommunalteknisk VA norm	Tema	2015		Rullering	kommunestyret
10	<b>Reguleringsplanar (mange)</b> <a href="#">Planregisteret BraPlan</a>	Arealplanar	Braplan		Gjeld	Kommunestyret
11	Kommunedelplan Trafikksikring	Tema	2009		Rullering	Kommunestyret
12	Barne- og ungdomsplan	Tema	1993		Gjeld	Kommunestyret
13	Beredskapsplan for Austrheim	Tema	2013		Gjeld	Kommunestyret
14	Helseberedskapsplan	Tema	2004		Gjeld	Kommunestyret
15	Sorg -krise og katastrofeplan	Tema			Gjeld	Kommunestyret
16	Smittevernplan	Tema	2003		Gjeld	Kommunestyret
17	Plan for pandemisk influensa	Tema	2006		Gjeld	Kommunestyret
18	Ruspolitisk handlingsplan	Tema	2006		Rullering	Kommunestyret
19	Pleie og Omsorgsplan	Tema			Gjeld	Kommunestyret
20	Eldremeldinga 2010	Tema	2010		Gjeld	Kommunestyret
21	Bustadsosial handlingsplan	Tema	2013	2020	Gjeld	Kommunestyret
22	Kulturplan for Austrheim	Tema			Gjeld	Kommunestyret
23	Utviklingsplan for Nordhordlandsbiblioteka	Tema	2006	2010	Gjeld	Kommunestyret
24	Kulturskuleplan	Tema			Gjeld	Kommunestyret
25	Den kulturelle skulesekken	Tema	2016	2018	Gjeld	Kommunestyret
26	Arkivplan for Austrheim	Tema	2014		Gjeld	

27	Strategisk Næringsplan for Lindås og Austrheim	Tema	2011	2020	Gjeld	Kommunestyret
28	Strategisk Næringsplan med fokus på reiseliv og havsport	Tema	2014	2025	Gjeld	Kommunestyret
29	Interkommunal plan for Fensfjorden	Arealplan	2013	2017	Gjeld	Kommunestyret
30	Geodataplan for Nordhordland og Gulen	Tema	2006	2009	Gjeld	Kommunestyret
31	Verksemdplanar, <i>Alle avdelingar</i>	Tema	Årlege		Gjeld	Rådmannen
32	Rapport "God - skal bli betre...!"	Rapport	2007		Gjeld	Kommunestyret
33	Rapport "Eldreomsorg"	Rapport			Gjeld	Kommunestyret
34	AHL "Austrheim heile livet"	Rapport			Gjeld	Kommunestyret
35	Vilt i Austrheim	Rapport	2003		Gjeld	Kommunestyret
36	Naturtypar i Austrheim	Rapport	2003		Gjeld	Kommunestyret
37	Kartlegging og verdsetting av friluftslivområde 2015-2016	Rapport	2016		Gjeld	Kommunestyret
38	Folkehelseoversikt for Austrheim	Rapport	2016	2018	Gjeld	Kommunestyret
39	Utviklingsmelding av 2013. (Realfag-satsing, PALS, La Linea )	Rapport	2013		Gjeld	Kommunestyret

## Planar godkjente i Austrheim kommune i perioden 2016-2020

### Kommuneplan – Arealdel

NR	PLANNAMN	PLANTYPE	GJELD FRÅ	GJELD TIL	STATUS	NY PLAN
1	<b>Kommuneplanen sin arealdel</b>	Arealplan	2019	2029		Godkjent 2019

### Kommunedelplanar

NR	PLANNAMN	PLANTYPE	GJELD FRÅ	GJELD TIL	RULLERA	NY PLAN
1	<b>Kommunedelplan for trafikksikring</b>	Temaplan	2016	2023		Godkjent 2016
2	<b>Kommunedelplan VA Hovudplan for vassforsyning og avlaup</b>	Temaplan	2017	2027		Godkjent 2017

**Kommunale reguleringsplanar og detaljreguleringar:**

<b>Detaljregulering for Næringsområde N40, N41, N42 (Kaland)</b>	Detaljregulering. Under arbeid. (Truleg godkjent i 2020)
<b>Detaljregulering omsorgsbustadar på Kaland.</b>	Planendring (detaljregulering). Godkjent 2018
<b>Detaljregulering G/S Kilstraumen-Mastrevik med Ulvøy friluftsområde.</b>	Detaljregulering. Godkjent 2016 (stadfesta 2017)
<b>Detaljregulering for skule- og barnehageområdet på Kaland.</b>	Detaljregulering. Godkjent 2019
<b>Planendring for Heiane Bustadfelt med utviding med område B09.</b>	Planendring (detaljregulering). Under arbeid (truleg godkjent i 2020)
<b>Detaljregulering for bustadområde B2 i «Reguleringsplan bustadområde Vardeflaten på Kaland.</b>	Detaljregulering. Godkjent 2019
<b>Fylkesveg 57 gang/sykkelveg - parsell Lindås kommunegrense til Mongstadkrysset.</b>	Detaljregulering. Godkjent 2017.
<b>Områdeplan for Nordre Fønnesvågen</b>	Områderegulering. Godkjent 2015, (stadfesta 2016)

**Oversikt kommunale temaplanar**

NR	PLANNAMN	PLANTYPE		NY PLAN
1	<b>KommuneROS</b>	Tema		Godkjent 2017
2	<b>Enøkplan</b>	Tema		Godkjent 2018
3	<b>Informasjons- og varslingsplan</b>	Tema		Godkjent 2017
4	<b>Overordna Beredskapsplan, Evakueringsplan og Atomberedskapsplan</b>	Tema		Godkjent 2017
5	<b>Smittevernplan</b>	Tema		Godkjent 2020
6	<b>Kulturminneplan</b>	Tema		Under arbeid
7	<b>Verksemdplanar Alle avdelingar</b>	Fag	2020 Rullering	Kvart år
8	<b>Landbruksplan for Austrheim</b>	Tema	2017-2022	Godkjent 2017
9	<b>Plan for Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020 (handlingsplan vert årleg rullert)</b>	Tema	Rullert i 2019	Godkjent 2019
10	<b>Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune</b>	Tema	2020-2024	Under arbeid/høyring
11	<b>VA-norm Austrheim kommune</b>	Tema		Godkjent 2017
12	<b>Smittevernplan</b>	Tema		Godkjent 2020

## 13.1. VEDTEKEN PLANBEHOV I AUSTRHEIM OG PRIORITERTE PLANAR I PERIODEN 2020-2024

<b>Kommunedelplanar:</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Kommunedelplan for pleie og omsorg			x	x
Kommunedelplan for oppvekst	x	x		
Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv		x	x	
Kommunedelplan for naturmangfald			x	x
Kommunedelplan for trafikkisikring		x	x	
Kommunedelplan knytt til rus og psykiatri		x	x	
<b><u>Temaplanar:</u></b>				
Plan for friluftslivet sine ferdselsårer			x	x
Bustadsosialt handlingsprogram		x		
Skulebruksplan	x	x		
Folkehelseplan med folkehelseoversikt			x	x
Arkivplan	x	x	x	x
Klima- og energiplan		x		
Landbruks- og skogsforvaltingsplan		x		
KommuneROS reviderast		x		
Overordna Beredskapsplan	x	x	x	x
Kulturminneplan		x		
Alkoholpolitisk plan for Austrheim	x			
Diskriminering og likestilling		x		
Barne- og ungdomsplan		x		
<b><u>Detaljreguleringsplanar:</u></b>				
1. Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule		x	x	
2. Fylkesveg 565 gang/sykkelveg parsell Fønnes-Kilstraumen			x	x
3. Fylkesveg 565 gang/sykkelveg parsell Littleindås til Austrheim				x
4. Friområdet ved Fosnstraumen				x
<b><u>Områdereguleringsplanar:</u></b>				
1.Områdeplan omkring kommunesenteret		x	x	
2. Områdeplan for arealet B36 på Kaland/Fønnes og friområdet ved Ekornsåta			x	x

## Regionale planprosessar i 2020-2024 som vil involvera Austrheim kommune:

<b>Vassregion for Hordaland.</b>	Arbeidet er starta opp med å oppdatere planen for perioden 2022 -2028. Vestland fylkeskommune styrer prosessen.
<b>Strategi for biosfæreområde Nordhordland</b>	Regionrådet styrer prosessen.
<b>Interkommunal plan for sjøområda.</b>	Det skal utarbeidast ein interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland. Regionrådet styrer prosessen.
<b>Områderegulering/reguleringsplan for Fosnstraumen.</b>	Dette bør verta eit samarbeidsprosjekt med Alver kommune.

## 13.2. FRAMDRIFT I PLANARBEIDET

### 13.2.1. Følgjande planar er ikkje starta:

- Ruspolitisk handlingsplan / kommunedelplan knytt til rus og psykiatri
- Plan for helse- og velferd (vedteken av KS 069/22 at eldremelding vert ein del av denne [Eldremelding - del av kommunedelplan for helse og omsorg \(sing.no\)](#))
- Plan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet (FIFA-plan)
- Bustadsosialt hanlingsprogram
- Folkehelseplan med folkehelseoversikt
- Diskriminering og likestilling
- Barne- og ungdomsplan (blir del av oppvekstplan)

### 13.2.2. Følgjande planar er under arbeid:

- KommuneROS
- Overordna beredskapsplan
- Oppvekstplan
- Kulturminneplan
- Kommunedelplan for naturmangfald

## 13.3. GJENNOMFØRING AV VEDTEKNE PLANAR

### 13.3.1. Følgjande planar er vedteken i 2022:

- Kommunedelplan for trafikkisikring for Austrheim kommune 2022-2030 (KS 020/22 – april 2022 – [Kommunedelplan for Trafikkisikring 2022-2030 \(sing.no\)](#))
- Klima og energiplan (KS 083/22 – oktober 2022 – [wfdocument.ashx \(sing.no\)](#))



# 14. Samfunns- og befolkningsutvikling


## FOLKETALSUTVIKLING 4. KVARTAL 2022

	2019	2020	2021	2022
<b>Folketal ved inngangen av kvartalet</b>	<b>2 887</b>	<b>2 870</b>	<b>2 860</b>	<b>2 889</b>
Fødde	29	25	21	21
Døde	23	22	19	32
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>-11</b>
Innvandring	5	5	15	8
Utvandring	12	4	13	9
Innflytting, innanlands	139	127	155	130
Utflytting, innanlands	155	141	130	150
<b>Netto innvandring og flytting</b>	<b>-23</b>	<b>-13</b>	<b>27</b>	<b>-21</b>
<b>Folkevekst</b>	<b>-17</b>	<b>-10</b>	<b>29</b>	<b>-33</b>
<b>Folketalet ved utgangen av kvartalet</b>	<b>2 870</b>	<b>2 860</b>	<b>2 889</b>	<b>2 856</b>


# 15. Sysselsette fordelt på næring

## SYSSELSETJINGSSTATISTIKK 2022


### SYSSELSETTE FORDELT PÅ NÆRING




## Sysselette etter bustad og arbeidsstad



## Prosentvis endring i tal på sysselette - rangering i Noreg



## PROSENTVIS ENDRING I TAL PÅ SYSSELSETTE – RANGERING INNAN FYLKET



## 16. Premissar og måloppnåing

Kommunelova § 14–7 b og c krev at kommunen i årsrapporten skal gjere greie for avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av bevilgningane, verksemda si måloppnåing, samt andre ikkje-økonomiske tilhøve av vesentleg verdi eller verknad.

Kommunestyret i Austrheim har vedteke ulike mål for tenesta for å svare opp satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel. Lenkje til planen er [her](#). Kommuneplanen sin samfunnsdel var vedteken i 2015 og gjeldande for perioden 2015–2027. Oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel vil verte gjort tidleg i neste kommunestyreperiode og ein tek sikte på opp-start hausten 2023. Revidering av samfunnsdelen vil ta noko tid, men inntil ny er vedteken, vil noverande samfunnsplan vere gjeldande for det overordna arbeidet. I Handlings- og økonomiplanarbeidet 2023–2026 er det lagt inn ein handlingsplan for 4 årsperioden som set prioriteringar for perioden. Denne blei vedteken i kommunestyret sitt desembermøte.

Måla som kommunestyret har vedteke vert følgt delvis opp gjennom året i kommunen sine tertialrapportar, medan alle vert rapportert ved slutten av året i årsrapporten til kommunen. Våren 2023 vil ein starta med digital rapportering på mål og internkontroll.

I årsrapporten skal det nemnast dei premissane og måla der det ligg føre vesentlege avvik. For 2022 har kommunen i all hovudsak jobba med alle hovudmåla i kommuneplanen sin samfunnsdel i tråd med plan, og det ligg ikkje føre vesentlege avvik i arbeidet med hovudmåla. Austrheim kommune har strukturert det slik at hovudmåla frå kommuneplanen sin samfunnsdel har mindre delmål eller oppgåver knytta til seg. På nokre av oppgåvene som var planlagt utført er det vesentlege avvik.

Ein nemner desse her:

- Oppstart av skuleprosjektet blei vesentleg forseinka. Anbudstildeling vart gjort våren 2022 og oppstart skulle vere i august. Prosjekteringa tok noko lenger tid og oppstart blei ikkje før i desember, men sjølv om oppstart blei seinare, skal prosjektet fullførast innan tidsramma til juni 2023.
- Klimakonferanse skulle gjennomførast hausten 2022. Denne vart utsett. Årsaka til utsetjinga var at klima- og miljøplanen blei vedteken noko seinare på hausten enn planlagt.
- Det var ei målsetjing om å starta arbeidet med byggjning og etablering av ROP-bustadene i 2022. Vi fekk utsetjing på tilskot frå Husbanken, med frist om oppstart innan september 2023. Planprogram vart sendt på høyring, det kom inn naboklagar, men Statsforvaltaren stadfesta Austrheim kommune sitt vedtak og ein kan dermed starta byggjninga av bustadene. Oppstart er utsett til våren 2023.
- Det låg inne i budsjett investeringsmidlar til steinalderplassen på Fosnstraumen. Her hadde fylkeskommunen lagt inn strenge kriteria for skogfelling og landbrukskontoret brukte lang tid på vurdering av innspelet. Avtale med grunneigarar har også latt vente på seg og det har ikkje kome på plass. Kommunestyret vedtok 27. oktober at ein ikkje skulle gå vidare med prosjektet og gav kommunedirektøren klarsignal på omdisponere midlane til prosjekt Hoplandskvernene og sagbruket.
- Kulturminneplanen skulle vore ferdig 2022. Denne er forseinka. Redusert kapasitet til fullføring har vore årsaka. Venteleg ferdig første halvdel av 2023.
- Eldremeldinga skulle vore ferdig i 2022. Denne er forseinka og ikkje starta på. Kommunestyret vedtok 15. september at eldremeldinga og "leva heile livet" blir ein del av kommunedelplan for helse og velferd.
- Oppstart Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE AS) fekk utsett oppstart. Låneopptak blei forseinka, noko som gjorde at overføringane til eigedomsselskapet blei utsett og etableringa av eigedomsselskapet blei ikkje effektuert før seinhaustes.
- Oppstart av einskilde planar er forseinka oppstart, bla. plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, bustadsosial handlingsplan og plan for psykisk helse og rus. Kapastietsutfordringar og økonomiske bevilgningar er hovudårsaka. Vil verte oppstart på dei i 2023.
- Symjebassenget på Kaland tok lengre tid å reparere enn det som var venta. Lang leveringstid på kritiske delar er årsak til at det ikkje blei ferdigstilt og ikkje kunne opna før nyttår. Opning blei i januar 2023.
- Vedtak om strakstiltak på bruer og kaiar blei ikkje gjennomført slik det skulle. Kapasitetsproblem og forseinka anbud var årsaka til forseinkinga.

Vi arbeidar vidare for å lukke alle dei nemnde vesentlege avvika i løpet av 2023.

Det vert elles vist til årsrapporten til kommunen for ytterlegare detaljar.

# 17. Økonomisk analyse og nøkkeltal

## 17.1. FINANSIELT KAPITTEL

Dette kapitlet er utarbeida i samsvar med kommunelova § 14-7 bokstav a og b. Kapitlet vil gjera greie for sider som er viktige for å avgjere den økonomiske utviklinga og stillinga, og ivareta den økonomiske handleevna over tid.

### 17.1.1. Netto driftsresultat. (netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter)

Netto driftsresultat målt i prosent av brutto driftsinntekter er eit av fleire finansielle måltala Austrheim kommune har i sitt økonomireglement. Resultatet bør vera 3 % over tid, i samsvar med teknisk bereknings-utval sine tilrådingar. Indikatoren blir omtala som også overskott til investeringar og avsetningar, og er det mest sentrale omgrepet som omhandlar kommunen sin økonomiske handlefridom. Økonomisk handlefridom skildrar kommunen sin evne til å påta seg nye oppgåver eller utvide tenestetilbodet utan å måtte redusere eksisterande tilbod

I 2022 ble netto driftsresultat på 0,9 % av brutto driftsinntekter for den samla verksemd. Dette resultatet er under eige budsjett-mål på 3 %. Det at vi ikkje oppnår budsjettmålet som er sett i økonomireglementet for Austrheim kommune er ugreitt. Det kan vere at målet er sett for høgt eller at kostnadane i drifta er for høge. Det vil vere naturleg at vi i arbeidet med budsjett 2024 ser nærare på kostnads-nivået slik at ein oppnår vedtekne budsjett-mål.

### 17.1.2. Låneopptak (Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter)

Driftsrekneskapen til kommunen blir påverka av låne-belastninga gjennom rente- og avdrags-utgifter. Måltalet er derfor ein indikator på kor stor handlefridom kommunen har, til lågare tal ein har, desto større handlefridom har ein som kommune. For Austrheim kommune blei resultatet for låneopptak på 87,3% som er like ved måltalet for kommunen på 85 %, og kommunen har idag ein god gjeldssituasjon. Netto avdrag i prosent av brutto driftsinntekter var på 3,3 %, det vert jobba aktivt med å redusere lånekostnadene i kommunen. Statforvaltaren er tydeleg i samband med utmeldinga av Robek-lista at kommunen bør avgrensa låneopptaka sine til sjølvkostområdet. Det må og seiast at kommunen i samband med sal av bustader til Austrheim kommune eigeomsselskap (AKE) har nytta delar av denne gevinsten til å betale ned på på kommunen sine lån. Samla lånegjeld pr innbyggjar eks pensjonsforpliktingar er på 81 853,- kroner som er monaleg under snittet (85 107,- kroner) for kostragruppe 4 som Austrheim kommune tilhøyrer.

### 17.1.3. Eigenfinansiering av investeringar

Nøkkeltalet fortel kor stor del av kommunen sine investeringar som Austrheim kommune finansierer med eigenkapital. Det vil seie den delen av investeringane som ikkje er finansiert med lån og øyremerka tilskot. Høg eigenkapitalkjelde gjev mindre belastning på framtidige driftsbudsjett. Aktuelle finansieringskjelder er overføring frå drift, sal av fast eigeom og bruk av tidligare oppsparte midlar avsett på fond. Nivået på eigenkapitalfinansiering varierer frå

## Årsrapport 2022

år til år og er avhengig av storleiken på dei ulike eigenkapitalfinansieringskjeldene. I 2022 er investeringane finansiert med 96,2 % med bruk av lån og 3,8% med eigenkapital finansiert gjennom sal av fast eigedom. Det at eigenkapital-andelen er så låg for 2022 heng saman med forseinkingar i skule-utbygginga som i heilskap blir finansiert ved bruk av egne midlar i 2022.

### 17.1.4. Disposisjons-fond

Disposisjons-fond, eller ubundne fond i drift, er oppsparte midlar som fungerer som en buffer for kommunen. I økonomireglementet er det vedteke at disposisjons-fond skal minimum vere på 13 % av driftsinntektene. Ved rekneskapsavslutninga for 2022 var disposisjons-fond på 5,4 % av brutto driftsinntekt. Etter år med underskott har kommunen betalt attende akkumulert underskott og starta med å bygge bufferkapital. og pr 31.12.2022 er dette fondet på kroner omlag 17 millionar.

### 17.1.5. Arbeidskapital


Kommunen må ha ei likviditets-beholdning sidan inn- og utbetalingar ikkje kjem på same tidspunkt. Storleiken på denne beholdninga vil vere avhengig av inn- og utbetalingar. Likviditeten til kommunen er prega av stor variasjon gjennom året. I periodar med god likviditet kan likvide midlar til dømes plasserast i verdipapirmarknaden med ulik tidshorisont. Kommunen har ikkje gjort dette fram til no då ein har hatt ein situasjon med streng likviditet, men det blir meir aktuelt når kommunen har meir midlar.

Differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er arbeids-kapitalen til kommunen. Det er også eit uttrykk for kommunen sin likvide situasjon fordi kortsiktig gjeld har forfall innan eit år og det skal dekkjast av omløpsmidlane til kommunen.

Korrigert arbeidskapital per 31. desember 2022 var på 66, 8 millionar kroner. Det er ein auke på 44,2 millionar kroner frå 2021.

## 17.2. FØREMÅL MED FINANSFORVALTNINGA

Lånede midlar skal over tid gje lågast mogeleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansierings-risiko og renterisiko, kor ein tek omsyn til behov for forsvarlege lånekostnader. Kommunen har i 2022 jobba aktiv med refinansiering av låna våre med mål om å redusere rentekostnaden. Kommunen hadde ved årsskiftet lån hos flg. långjevarar. Husbanken 36 millionar, KLP 110,7 millionar, Sparebanken Midt Norge 65,9 millionar og DNB 63,1 millionar kroner. Det at vi jobbar aktivt med finansforvaltninga har gitt kommunen monalege innsparingar i samband med låna våre.



### 17.3. BANKINNSKOT OG KONTANTAR

Kommunen skal til ei kvar tid ha tilgjengelege drifts-likviditet som minst er like store som forventa likviditetsbehov i dei neste 30 dagar. All likviditet utover drifts-likviditeten utgjer overskotslikviditet. Vi hadde ved årsskiftet 31.12.2022 67,4 millionar kroner i bankinnskott/kontantar som er ei auke på 33,3 millionar kroner i høve til 2021. Bakgrunnen for at vi har auke drifts-likviditet heng saman med at vi i 2022 har auka midlar frå sal av bustader til AKE og midlar som er avsett på konto for disposisjons fond. Dette påverkar igjen likviditeten for 2022 i positiv lei.

### 17.4. UTVIKLING AV LÅNEGJELD (BRUTTO)

Per 31. desember 2022 har kommunen ein samla gjeld på 276,3 millionar kroner. Av dette er 33,2 millionar lån som vi har teke som start-lån i Husbanken. Kommunen hadde ved inngangen av 2022 ei samla lånegjeld på 264,1 millionar slik at den samla gjelda er auke med 12,2 millionar kroner.


Gjennomsnitt rente på våre lån pr. 31.12.2022 er på 2,9 % som må seiast og vera svært bra når ein nå veit at Noregs Bank sin styrings-rente er på 2,75 %

Navn	Ref. nr	Forf. dato	Restgjeld	i % av gjeld	Tot rente	Rentereg.dato
<b>Hovedbok, Husbanken</b>						
Austrheim - HB - Flytende	11540484.1	12.07.2054	3 278 745	1,19 %	1,729	
Austrheim - HB - Flytende	13557465.10	01.03.2034	2 269 074	0,82 %	1,729	
Austrheim - HB - Flytende	13557465.40	01.12.2034	1 258 340	0,46 %	1,729	
Austrheim - HB - Flytende	13557465.50	01.12.2034	1 887 509	0,68 %	1,729	
Austrheim - HB - Flytende	13559295.10	01.03.2036	1 167 456	0,42 %	1,729	
Austrheim - HB - Flytende	13559295.30	01.12.2036	1 812 372	0,66 %	1,729	
Austrheim - HB - Flytende	13559970.10	01.06.2037	1 160 000	0,42 %	1,732	
Austrheim - HB - Flytende	13559970.40	01.12.2037	1 900 160	0,69 %	1,732	
Austrheim - HB - flytende	13584842	01.05.2050	2 317 856	0,84 %	1,732	
Austrheim - HB - Flytende	13585286.10	01.03.2051	1 912 710	0,69 %	1,732	
Austrheim - HB - Flytende	13585286.20	01.09.2051	7 657 400	2,77 %	1,732	
Austrheim - HB - Flytende	13585841	01.05.2052	9 865 562	3,57 %	1,732	
			<b>36 487 184</b>	<b>13,20 %</b>	<b>1,731</b>	
<b>Hovedbok, KLP</b>						
Austrheim - KLP - Fast 3 år - 21.05.24	8317.58.26702	21.05.2024	60 000 000	21,71 %	1,282	
Austrheim - KLP - PT	8317.60.66582	16.09.2049	50 774 629	18,37 %	3,950	
			<b>110 774 629</b>	<b>40,08 %</b>	<b>2,505</b>	
<b>Hovedbok, Verdipapirmarkedet</b>						
Austrheim - DNB - FRN SRT 12 mnd - 23.03.23	NO0012483801	23.03.2023	63 192 230	22,87 %	3,510	
Austrheim - SB1M - SRT 3 mnd - 13.02.23	NO0012751397	13.02.2023	65 900 000	23,85 %	3,639	
			<b>129 092 230</b>	<b>46,71 %</b>	<b>3,576</b>	
<b>Total:</b>			<b>276 354 043</b>	<b>100,00 %</b>	<b>2,903</b>	

## Utvikling av gjennomsnittrente i løpet av 2022

Som det går fram av denne tabellen så har gjennomsnittrenta auka monaleg i 2022, dette gjer at ein større del av våre inntekter går med på å betale rente på våre lån. Norges Bank har i sin prognose varsla auke styringsrente i 2023 som igjen gjer at våre kostnader til renter vil auka.

### Utvikling gjennomsnittrente



## Finansreglementet sin krav til gjeldsforvaltning.

Låna våre sett i høve til gjeldande finansreglement viser at desse måltala vert jamleg fylgt opp av rådgjevaren vår innan finans som er Bergen Capital Management. Status ved



årsskiftet går fram i tabellen under. Det vert jobba med å lukke avvik i høve til fastrente, kor kravet er at 33 % skal ha fastrente , på same vis så vert det sett på storleiken på det eine av låna våre.

### Finansreglementets krav og strategi

Krav i gjeldende reglement	Status	Kommentar
Det skal innhenta tilbod frå meir enn ein låneinstitusjon, og desse er venta å vera konkurransedyktige.	OK	
Austrheim kommune skal forvalta låneportefølja på ein slik måte at finanskostnadane blir så låge som mogleg, samtidig som det vert tatt omsyn til å ha føreseielege utgifter og akseptabelt nivå for risiko.	OK	
Låneportefølja skal bestå av færrest mogleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa. Låneportefølja skal bestå av lån i fleire låneinstitusjonar slik at kommunen har tilgang på finansiering frå fleire plassar. Det kan berre takast opp lån i norske kroner.	OK	
Av netto rentesponert gjeld skal minimum 33% ha flytande renter (opphavleg rentebinding under 1 år), og minimum 33% skal ha fast rente (opphaveleg rentebinding over 1 år). Resten vurderast ut i frå at kommunen i utgangspunktet skal vera rentenøytral.	*	*mangler beregningsgrunnlag for netto rentesponert gjeld
Kommunen skal inngå rentebinding med jamne mellomrom, og tidspunktet for renteregulering skal spreia. Samla gjeldsportefølje bør ha ei gjennomsnittleg renteløpetid på mellom 0,5-3 år.	X	Gjennomsnittlig renteløpetid er 0,4 år. Etter plan skal en fastrente inngås på en refinansiering i 2023 eller på et eksisterende PT lån.
Det er mogleg å ta i bruk rentebytteavtalar (SWAP), og framtidige renteavtalar (FRA), for å oppnå ynskja rentebinding. Ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt må tilseie at ei slik endring er ønskeleg før kommunen tar i bruk slike avtalar.	OK	
Eitt enkelt lån skal ikkje utgjera meir enn 33% av det samla brutto gjeldsportefølja.	OK	
Gjennomsnittleg vekta løpetid på låna (tid til forfall) bør vera over 1 år for å redusera refinansieringsrisiko, og for å regulera kor stor andel av lånegjelda som kjem til forfall.	OK	

*Krav til forvaltning av gjeldsporteføljen i henhold til gjeldende finansreglement. Kommentrar kun dersom det er avvik fra finansreglement.*

## 17.5. SKATTE- OG RAMMETILSKOTT

Samla skatteinngang for inntekt og ramme blei 127,3 millionar kroner i 2022. Det er 18,4 millionar kroner høgare enn rekneskap for 2021 og 15,1 millionar kroner høgare enn regulert budsjett for 2022. Rammetilskottet blei samla på 90,6 millionar kroner i 2021. Det er ein nedgang på 9,4 millionar kroner i høve til rekneskap 2021 og 8,1 millionar kroner lågare enn budsjett i 2022. Nedgangen i rammetilskottet må sjåast i samanheng med at vi har auke skatteinngang, det er viktig at ein er kjent med at auka skatteinngang gjev auka inntektsjustering/nedgang i rammetilskott.

Eigedomsskatten i 2022 blei nesten 13 millionar kroner som er 0,2 millionar kroner dårlegare enn budsjettet.

Frie inntekter i kroner pr. innbyggjar var i 2022 var på 69 748,- som er ein liten auke i høve til 2021, da desse var på 69 283,-

## 17.6. NETTO DRIFTSUTGIFTER

Netto driftsutgifter blei på 248,3 millionar kroner i 2022. Dette inkluderer sentrale poster kor pensjon, lønsavsetjing og andre fellesutgifter blir bokført. I omgrepet netto-driftsutgifter inngår KOSTRA-gruppa for løn og sosiale utgifter, forbruksvarer og tenester, innkjøp og vedlikehald av driftsmidlar, meirverdiavgift, salsinntekter, refusjonar og øyremerke-de statstilskott. Generelle statstilskott, finansutgifter og finansinntekter som avsetning og bruk av bundne fond er ikkje tatt med i omgrepet. Det er eit monaleg avvik for 2022 som utgjer 24 millionar kroner i høve til opphavleg budsjett. Det store avvik er knytt til kostnader til løn og sosiale utgifter, pluss kostnader til kjøp av varer og tenester

Kommunedirektøren er uroa over denne negative kostnadsutviklinga i 2022 og vil i 2023 ha ei endå tettare oppfølging i høve til kostnader. Ein ser at kostnadane knytta til løn og sosiale utgifter har hatt ein auke, noko av dette kostnadsavviket er eit resultat av covid-19 med

auka sjukefråvær i fyrste halvår 2022.

Brutto driftsutgifter i kroner pr. innbyggjar var på 113 522,- kroner, som er ein auke frå 110 517,- kroner som ein hadde i 2021. Snittet for kontragrupper 4 som Austrheim kommune tilhøyrrer er 115 727,- pr. innbyggjar i brutto driftsutgifter

## **17.7. BRUTTO DRIFTSRESULTAT**

Brutto driftsresultat i kommunar er eit resultatomgrep som er meir samanleggbar med dei private rekneskapsreglane siden avskrivningar har resultateffekt. Brutto driftsresultat 4,0 millionar kroner overskott, netto driftsresultat blei på 2,7 millionar kroner.

## **17.8. UTBYTTE**

Utbytte i 2022 vart på 3,9 millionar kroner som er mindre enn budsjettert, budsjettet for 2022 var på 5 millionar kroner. Det var i budsjettet lagt inn at vi skulle få utbytte frå Mongstad Vekst, for 2022 har vi kun motteke utbytte frå BKK, noko som gjer at det vert avvik mellom budsjett og rekneskap.

## **17.9. AVDRAG PÅ LÅN**

Avdrags utgifter på lånegjelda til kommunen blei 10,3 millionar kroner som er omlag på budsjett. Avdragsutgiftene er rekna i samsvar med kommunelova § 14-18 første ledd.

## **17.10. INVESTERINGAR I VARIGE DRIFTSMIDLAR**

Utgiftsposten inneheld utgifter til alle investeringsprosjekta som er løn, varer og tenester. Samla investering i 2022 vart 26 millionar kroner i varige driftsmidlar som er 26,4 millionar mindre enn justert budsjett. Det er ugreitt at ein ikkje brukar dei midlane som kommunestyret har løyvd til investering, avviket heng saman med forseinkingar i samband med skuleutbygging og VA-utbygginga.

## **17.11. TILSKOT TIL ANDRE SINE INVESTERINGAR**

Her blir ført utgifter ved overføring av investeringstilskott til Austrheim sokn, i 2022 var det gitt 200 000,- til soknet som er lik budsjett.

## **17.12. INVESTERINGAR I AKSJAR OG EIGARSKAP I SELSKAP**

Utgiftsposten hadde eit positivt avvik i 2022 målt mot budsjett. Avviket skuldast mindre eigenkapitalinnskott til KLP enn det som var budsjettert. Samla innskott til KLP vart på kroner 727 114,-

## **17.13. SAL AV FAST EIGEDOM (AKE)**

I 2022 vart det seld fast eigedom for 51,6 millionar kroner som er 25,3 millionar kroner meir enn budsjettert. Dette er salet av bustader frå Austrheim kommune til AKE som gjer at ein får

denne store inntekta i 2022.

## **17.14. VIDAREUTLÅN (STARTLÅN)**

I 2022 ble det gitt startlån på 12,3 millionar kroner , budsjettet for startlån var for 2022 på 10 millionar kroner, desse utlåna blei finansiert med bruk av lån frå Husbanken.

Vidareutlån er i denne samanhengen utlån av startlånsmidler teke opp i Husbanken til private personar i kommunen. Ordninga er meint å treffe dei som er varig vanskelegstilt i bustad-marknaden. Unge i etableringsfasen er ikkje ein del av denne gruppa. Kommunen tildeler midlar gjennom heile året innanfor lånerammene. Låna blir utgiftsført når dei vert utbetalt og dette kan føre til avvik mellom åra og ledige lånemidlar fins i balansen.

## **17.15. AVVIK MELLOM ÅRSBUDSJETTET OG ÅRSREKNESKAPEN.**

Løn og sosiale kostnader større avvik i høve til vedteke budsjett.

Lønsgiftene, som er kommunen sin høgaste utgiftspost, er den utgiftsgruppa som har størst avvik i absolutte tal og i høve til godkjent budsjett er avviket på 10,5 millionar kroner. Dette er urovekkande tal, men om vi dukkar ned i talmaterialet blir bilete meir nyansert. Vikarutgiftene er langt høgare enn budsjettert. Dette er utgifter som i varierende grad blir budsjettert, og som vi gjerne ser i samheng med refundert sjukeløn, foreldrepengar. Det fortel at vi 2022 har hatt eit sjukefråvær som ligg over budsjett. Det er gjentekne gongar både i formannskap, kommunestyre og kontrollutval blitt informert om at sjukefråværet gjev oss monalege kostnader. Ein må sjå dette avviket i høve til at ein i 2022 har hatt covid-19 som har påverka sjukefråværet negativt, og då særleg i fyrste kvartal.

Løn i faste stillingar viser monaleg høgare utgifter enn i vedteke budsjett. Samla avvik er her på 8,6 millionar kroner i forhold til vedtatt budsjett. Det fortel at vi i 2022 har hatt fleire tilsette enn kva som låg til grunn for budsjett 2022 storparten av dette avviket er knyta Nordliheimen og helsetenester. Ein kjem ikkje utom at ein i 2023 må ha eit særleg auga på desse einingane. Dette tyder på at det er tilsett personell utan at ein har hatt budsjettdekking, og kommunedirektøren vil frametter måtte stramme inn på at ein ikkje kan tilsetje utan budsjettdekking

Dei store negative avvika i høve til budsjettvedtaket er:

- Straum avvik på 1,5 millionar
- Kjøp/lesing av utstyr 1,4 millionar
- Tenestekjøp frå andre kommunar 5,1millionar (barnevern), dette må sjåast i samheng dem at vi har 5,4 i mindre kjøp frå staten
- Kjøp frå andre IKS og private 2,3 millionar kroner
- IKS samarbeid 1,7 millionar kroner
- MVA kompensasjon 3,6 millionar kroner
- Renteutgifter 2,7 millionar kroner

Inntektssida av budsjettvedtaket for 2022.

Vi har på følgjande budsjettpostar hatt positive avvik mellom budsjettvedtaket og rekneskapen:

- Kommunale års gebyr 1,2 millionar kroner
- Refusjon staten 2,5 million kroner
- Refusjon sjukeløn 4,8 millionar kroner
- Refusjon. svangerskap/adopsjon 1,3 millionar kroner
- MVA komp 3,6 millionar kroner

**Negative avvik på inntektssida mellom rekneskap og budsjett:**

\* Refusjon ressurskrevjande brukarar har eit avvik på 3,1 millionar kroner

\* Inntekts-justering, har eit avvik på 7,5 millionar kroner, gode skatteinntekter gjer at vi får korrigert ned rame inntekter.

## **17.16. OPPSUMMERING**

Kommunedirektøren er uroa at ein har så mange avvik mellom vedteke budsjett og endeleg rekneskap. Det vart i 2022 gjennomført fleire budsjettjusteringar (vedtak) og ein har for mange negative avvik i høve budsjett. Det kan sjå ut som ein må ha ei strengare prioritering på kostnadssida enn kva ein har hatt i 2022. Vidare så må leiarane våre ha stort fokus på at det budsjettvedtaket som ein får frå kommunestyret er den ramma ein har til disposisjon, og evt avvik må dekkast med omfordeling innan eigne budsjett.

# 18. Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum generelle driftsinntekter	-225 048	-221 280	-225 810	-236 737	10 927	4,8 %
Avskrivninger	15 888	15 900	15 900	16 487	-587	-3,7 %
Motpost avskrivninger	-15 888	-15 900	-15 900	-16 487	587	3,7 %
Netto finansutgifter	8 455	6 204	6 204	9 173	-2 969	-47,9 %
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	8 087	3 802	3 802	1 211	2 591	68,2 %
<b>Til disposisjon</b>	<b>-208 505</b>	<b>-211 274</b>	<b>-215 804</b>	<b>-226 353</b>	<b>10 549</b>	<b>4,9 %</b>
Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	20 853	27 878	24 505	25 386	-881	-3,6 %
Politisk styring og kontrollorgan	4 093	3 638	3 683	4 031	-348	-9,4 %
Oppvekst og kultur	76 025	77 932	79 506	77 183	2 324	2,9 %
Helse og velferd	82 611	84 982	87 712	93 215	-5 502	-6,3 %
Samfunn og tenesteyting	24 436	16 343	19 897	25 927	-6 030	-30,3 %
Felles inntekter og utgifter	487	500	500	613	-113	-22,5 %
<b>Sum disponering</b>	<b>208 505</b>	<b>211 274</b>	<b>215 804</b>	<b>226 353</b>	<b>-10 549</b>	<b>-4,9 %</b>
<b>Meirforbruk -/mindreforbruk +</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0,0 %</b>

## 18.1. KOSTRA HOVUDTALL

	Austrheim 2020	Austrheim 2021	Austrheim 2022	Kostragruppe 04
<b>Økonomi</b>				
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)	111 327	110 413	112 145	117 065
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,1 %	-0,1 %	-1,2 %	1,1 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	107 883	110 517	113 522	115 727
Frie inntekter i kroner per innbygger **) **)	68 393	69 283	69 748	65 518
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,5 %	2,2 %	1,2 %	2,1 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	104 829	103 417	81 853	85 107
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	94,2 %	93,7 %	73,0 %	72,7 %

## 18.2. SENTRALE INNTEKTER

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskudd	-100 088	-98 703	-98 703	-90 609	-8 094	-8,2 %
Inntekts- og formuesskatt	-108 953	-107 689	-112 219	-127 317	15 098	13,5 %
Eiendomsskatt	-13 609	-13 200	-13 200	-12 995	-205	-1,5 %
Andre generelle driftsinntekter	-2 398	-1 688	-1 688	-5 816	4 128	244,6 %
<b>Sum Frie disponible inntekter</b>	<b>-225 048</b>	<b>-221 280</b>	<b>-225 810</b>	<b>-236 737</b>	<b>10 927</b>	<b>-4,8 %</b>

## 18.3. SENTRALE UTGIFTER

### Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-534	-496	-496	-1 511	1 015	204,5 %
Utbytter	-3 467	-5 000	-5 000	-3 997	-1 003	-20,1 %
Renteutgifter	2 409	2 100	2 100	4 306	-2 206	-105,1 %
Avdrag på lån	10 047	9 600	9 600	10 375	-775	-8,1 %
<b>Sum Finansinntekter/-utgifter</b>	<b>8 455</b>	<b>6 204</b>	<b>6 204</b>	<b>9 173</b>	<b>-2 969</b>	<b>-47,9 %</b>

## 18.4. AVSETTINGAR OG ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR – TIL DISPOSISJON FOR TENESTEOMRÅDA

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Avsetninger til bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0,0 %
Avsetninger til disposisjonsfond	8 087	3 802	3 802	1 211	2 591	68,2 %
<b>Netto avsetnader</b>	<b>8 087</b>	<b>3 802</b>	<b>3 802</b>	<b>1 211</b>	<b>2 591</b>	<b>68,2 %</b>

## 18.5. UTVIKLING I NETTO DRIFTSRESULTAT

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
<b>Bruk av avsetninger</b>						
Bruk av bundne driftsfond	-6 546	-30	-30	-1 891	1 861	6202,1 %
Bruk av disposisjonsfond	0	-320	-320	0	-320	-100,0 %
<b>Sum bruk av avsetnader</b>	<b>-6 546</b>	<b>-350</b>	<b>-350</b>	<b>-1 891</b>	<b>1 541</b>	<b>440,2 %</b>
<b>Avsetninger</b>						
Avsetninger til bundne driftsfond	3 388	29	29	3 418	-3 389	-11685,6 %
Avsetninger til disposisjonsfond	8 087	7 802	7 802	1 211	6 591	84,5 %
<b>Sum avsetnader</b>	<b>11 475</b>	<b>7 831</b>	<b>7 831</b>	<b>4 629</b>	<b>3 203</b>	<b>40,9 %</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-4 929</b>	<b>-7 481</b>	<b>-7 481</b>	<b>-2 738</b>	<b>-4 743</b>	<b>-63,4 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-297 825</b>	<b>-284 107</b>	<b>-288 637</b>	<b>-316 574</b>	<b>27 937</b>	<b>9,7 %</b>
<b>Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter</b>	<b>1,7 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>0,9 %</b>	<b>-17,0 %</b>	<b>0,0 %</b>

## 18.6. DRIFTSRESULTAT INKL. AVSETNING/BRUK AV FOND

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>				
Rammetilskot	-100 088	-90 609	-98 703	-98 703
Inntekt- og formuesskatt	-108 953	-127 317	-107 689	-112 219
Eigedomsskatt	-13 609	-12 995	-13 200	-13 200
Andre generelle driftsinntekter	-2 398	-5 816	-1 688	-1 688
<b>Sum Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-225 048</b>	<b>-236 737</b>	<b>-221 280</b>	<b>-225 810</b>
<b>Netto finansutgifter</b>				
Renteinntekter	-541	-1 511	-496	-496
Utbytte	-3 467	-3 997	-5 000	-5 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0
Renteutgifter	2 701	4 854	2 120	2 120
Avdrag på lån	10 047	10 375	9 600	9 600
<b>Sum Netto finansutgifter</b>	<b>8 740</b>	<b>9 720</b>	<b>6 224</b>	<b>6 224</b>
<b>Sum sentrale inntekter og finansposter</b>	<b>-216 308</b>	<b>-227 017</b>	<b>-215 056</b>	<b>-219 586</b>
<b>Tenesteområda - drift</b>	<b>211 379</b>	<b>224 279</b>	<b>207 575</b>	<b>212 105</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-4 929</b>	<b>-2 738</b>	<b>-7 481</b>	<b>-7 481</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-297 825</b>	<b>-316 574</b>	<b>-284 107</b>	<b>-288 637</b>
<b>Driftsresultat i prosent av driftsinntekter</b>	<b>1,7 %</b>	<b>0,9 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>2,6 %</b>

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsetninger til bundne driftsfond	3 388	3 418	29	29
Avsetninger til disposisjonsfond	8 087	1 211	7 802	7 802
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	-3 388	-3 418	-29	-29
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	-4 000	-4 000
<b>Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 15-15 1. ledd første punktum</b>		
<b>Bokført verdi 01.01.2022</b>	<b>Salsverdi</b>	<b>Gevinst</b>
0	kr 51 626 000,00	kr 51 626 000,00

**I sak 071/22 gjorde kommunestyret flg. Vedtak:**

AKE org nummer 931 722 921 overtek dei kommunale bustadane til marknadstakst. For å finansiere dette oppkjøpet tek eigedomsselskapet opp eit lån på 51,6 millionar kroner for å finansiere dette oppkjøpet. Austrheim kommune fekk soleis ein gevinst av oppkjøpet.

Dette var bustader som var bokført til kroner null i inngåande balanse, noko som gjev ein monaleg gevinst ved salet. Midlane frå salet skal nyttast til styrking av eigenkapitalen til AKE med 8 millionar,25 millionar til utbygging av skulane, og dei resterande midlane skal nyttast til ekstraordinær betaling av lån tilhøyrande Austrheim kommune.

# 21. Kommunen sine tenesteområde

## 21.1. KOMMUNEDIREKTØREN – SENTRALE FUNKSJONAR

### 21.1.1. Skildring av tenesteområde

#### Sentrale funksjonar – kommunedirektøren

Eininga er samansett av kommunedirektøren, stabsfunksjonar, personal- og økonomi, IKT, interkommunale samarbeid, samt politisk styringsorgan.

#### Kommunedirektøren sin stabsfunksjon

I kommunedirektøren sin stab ligg følgjande funksjonar: kommuneoverlege, barnehagemynd, beredskapskontakt (overordna beredskap ligg til kommunedirektøren) og politisk sekretæriat.

#### Kontrollorgan

Kontrollutvalet skal føre tilsynet med forvaltninga i kommunen på vegne av kommunestyret. Her under å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning. Kontrollutvalet skal mellom anna sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein tilfredsstillande måte, sjå til at kommunen årleg vert gjenstand for forvaltningsrevisjon og sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap.

#### Økonomi

Stabseininga vert leia av økonomi- og personalsjef og har ansvar for:

- Rekneskapsføring og innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift på vegne av staten etter skattebetalingslova og instruksar frå Skattedirektoratet og Skatt Vest.
- Rekneskapsførarfunksjonen for kommunen. Innkrevjing av kommunale gebyr m.m.
- Lønsføring, refusjon etc.
- Økonomisk planlegging med årsbudsjett og økonomiplan.

#### Personal

Personal vert leia av økonomi- og personalsjef og har eit overordna ansvar for blant anna lønshandsaming, sikre innbetaling av refusjonar, bistå i tilsetjingsprosessar frå utarbeiding av annonsar, intervjuprosessar, seleksjon av tilsette inkl. skrive administrative vedtak, personalmeldingar, samt støtte alle tilsette og leiarar med handtering av spørsmål gjennom heile tilsetjingsløpet frå tilsetjing til pensjon/oppseiing (KLP, SPK, gruppelevsforssikring mm). Avdelinga støttar leiarane med personal- og sjukefråværsaker og føl opp rapportering av yrkesskadar, lærlingeordninga m.m.

## Austrheim kommunale eideomsselskap (AKE)

Austrheim kommunale eideomsselskap AS (AKE) vart oppretta hausten 2022. Bjarne Ve Sæbø har vore leigd ut til selskapet i 20 % for å taka i vare dagleg leiaroppgåvene i selskapet.

## Interkommunale samarbeid, organisert som IKS eller AS

- IKT-Nordhordland
- DigiVestland
- Nordhordland Digitalt
- Region Nordhordland IKS (Regionrådet) (heitte tidlegare Nordhordland Utviklingsselskap IKS)
- Region Nordhordland Helsehus IKS
- Nordhordland Brann og Redning
- Nordhordland og Gulen Interkommunale brannførebyggande avdeling (NGIB)
- Nordhordland Interkommunale Legevakt
- Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap (NGIR IKS)
- Vestlandsrevisjon IKS
- Nordhordlandsbiblioteka
- Bergen og Omland Friluftsråd
- IUA Bergen region (interkommunalt utval mot akutt forureining)
- Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS
- Bergen og omland hamn
- Gløde AS
- Aufera AS
- Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (Ikah)
- Vestland vassregionutval og vassområdeutval
- Vestlands Revisjon AS

## Randkommunesamarbeid

Randkommuneprosjektet er eit samarbeid mellom dei kommunane som ikkje gjekk inn i Alver eller andre samarbeidsmonster. Det er kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Prosjektet er organisert under NUI som brukar ein medarbeidar som sekretær og prosjektleiar. I fleire ulike prosjekt vil kommunane sjå på samarbeidsløysingar på desse områda:

- Økonomi – rekneskap, lønn, eideomsskatt
- Sak arkiv – dokumentcenter
- Sentralbord – svarteneste – publikumsservise
- Teknisk drift - vassverk og avlaupsanlegg
- Næringsutvikling
- PPT

Det er rådmennene/kommunedirektørane i randkommunane som er styringsgruppe og tek avgjerd for kva tilråding som skal gjevast. I Austrheim vert politisk nivå og fagforeiningar

orienterte undervegs. Når kommunane så kjem fram til ein modell for samarbeid, vert saka lagt fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.

### 21.1.2. Utvikling og utfordringar

- **Økonomistyring**
  - God kostnadskontroll har vore stort fokus i året som går gått. Ein har fått større kontroll på lønskostnader og budsjettet for 2022 retta opp ein del av organisasjonsendringane og tidlegare prioriteringar som ikkje hadde vore budsjettert fullt ut. Ein ser at samarbeid kostar og budsjetta har auka. Det medfører konsekvensar også for Austrheim sine budsjett. Vi har hatt gode skatteinntekter, men ser at vi har blitt trekt mykje fordi vi har gode inntekter. Det er krevjande og inntektene våre har ikkje auka i den grad vi hadde sett for oss. Leiarane har fått opplæring og har særskilt fokus på god kostnadskontroll. Vi arbeidar framleis med å få kontroll på alle områder og det vil vere krevjande tider framover. Vi har eit budsjett som er ganske stramt, noko som medfører at det ikkje er rom for uforutsette ting. Kommunedirektøren ser at økonomistyring er viktig i alle ledd for å ha kontroll på økonomien.
  - Økonomirutiner er skjerpa og tydeleggjort.
- **Leiaropplæring**
  - Det har vore stor utskifting på leiarsida i kommunen dei siste par åra. Endring i organisasjonen har medført endringar også på leiarsida og kommunedirektøren har delegert personal, økonomi og fagansvar ut i organisasjonen. For å gjere leiarane i stand til å utøve godt leiarskap har det blitt gjennomført leiaropplæring, styrka leiarmøta og aktivt leiarskap. Leiarplattform er utarbeidd og det er også arbeidd med leiaravtalar som både gjev mynde, men også forventningar og krav til leiarane. Meistringsorientert leiing er målet.
- **Digitalisering**
  - Vi har teke eit stor digitalt løft i kommunen. Det er behov for effektivisering gjennom digitale løysingar, men også å skifte ut maskinpark som har nådd levetida. Vi er inne i ei endring i måtane vi arbeidar på og det er stort potensiale i å effektivisere gjennom digitale løysingar, særskilt på HR og økonomiområdet. Dette har blitt delvis gjort, men vil intensiverast frametter. Streamingutstyr vart avskaffa i samband med meiroffentleg og streaming av kommunale møter.
- **Prosjektgjennomføring**
  - Vi har hatt utfordringar med å levere på investeringsprosjekt og prosjektleveranse. Det har vore stor forseinkingar på leveransar. Det er ugrei at vi ikkje klarar å levere og det skapar ringverknader. Kommunedirektøren sette hausten 2022 meir fokus på leveranse og system for at det skulle bli meir kontroll. Det er sett som hovudmål og fokus i 2023 i handlingsplanen.
- **Medarbeidarundersøking - 10-faktor**
  - Det blei i løpet av våren og hausten gjennomført medarbeidarundersøking i heile organisasjonen. Ein nyttar 10-faktorundersøkinga. Denne undersøkinga er forskingsbasert og målar på faktorar som er mogleg å forbetre.

Medarbeidarane gjev uttrykk for høg trivsel og motivasjon for arbeid i kommunen. Meistringsorientert leiing og kompetanseutvikling er dei faktorane som skårar lågast. Desse områda er felles tiltak for heile kommunen. Det varierer på korleis dei ulike einingane skorar, men alle leiarar skal følgje opp undersøkinga i si eining. Det skal utarbeidast ein handlingsplan som seier kva to faktorar ein vil strykje og kva to faktorar ein skal betre. Undersøkinga skal gjennomførast kvart andre år. Neste undersøking skal gjennomførast i 2024 og då vil ein sjå om ein har betra arbeidet.

### 21.1.3. Utvalde resultat

- **Kommunehuset Miljøsertifisert**
  - Diplomet og sertifikatet er beviset på at kommunehuset i Austrheim er sertifisert som Miljøfyrtårn. Sertifiseringa blei fullført i 2021. Ordførar i Alver, Sara H. Sekkingstad skulle dele ut diplomtet i desember 2021, men besøket av Sekkingstad blei stoppa av koronasmitte. Sjølve markeringa og tildelinga vart gjort på kommunestyremøte i februar 2022.
  - I løpet av året har skulane også oppnådd å bli miljøsertifisert og barnehagane har arbeidd, men ikkje klart å fullføra det innan utgangen av året.



- **Eigarskapsmelding 2022–2024**
  - Eigarskapsmeldinga for Austrheim var sist oppdatert i 2016. Den nye eigarskapsmeldinga har to delar; I. Eigarskap og selskapsstyring II. Selskapsoversyn III. Interkommunalt samarbeid. Del II vert oppdatert årleg.



Eigarsskapsmeldinga skal sikre naudsynte styringssignal til selskapa og tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar. For å utøve bevisst eigarstyring må heile kommunestyret vite kva kommunen eig, kva kommunen vil med dette og ikkje minst kvifor dei eig kvart einskild selskap. Eit mål med eigarskapsmeldinga er å drøfte kommunen sine motiv for å opprette eller delta i selskap, å ha etablert prinsipp og retningslinjer som skal vere generelle for kommunen si eigarstyring, ramme for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa.

- **Delegeringsreglementet**

- I februar vedtok kommunestyret revidering av delegeringsreglement for kommunen. Reglementet har ikkje vore revidert sidan 2017. Ein har gått over til elektronisk delegeringsreglement, noko som gjev ei betre oversyn over delegeringane som er gitt frå kommunestyret, til dei ulike utval og til kommunedirektøren. Ein finn Austrheim sitt oppdaterte delegeringsreglement her: [KF Delegeringsreglement](#)

- **Revidering av reglement for folkevalde organ**

- I april vedtok kommunestyret revidering av reglement for folkevalde organ for kommunen. Reglementet har ikkje vore revidert

- **Trafikktryggleiksplan**

- Kommunen vedtok ny kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022–2030.

- **Oppdatering og revidering av ein god del kommunale styringsdokument**

- Mange av dei kommunale styringsdokumenta har ikkje vore revidert og oppdatert på mange år. DNA kompetanse hjelpte kommunen med dette arbeidet. Det medførte at vi gjorde eit enormt stort løft på styringsdokumenta og har fått oppdatert og gode dokument.
- Lærlingstrategi er vedteken.
- Plan for heiltidskultur er vedteken og eit godt styringsdokument. Ein har gjennom året hatt stort fokus på heiltidskultur og primært lysa ut heile stillingar. Statistikken for 2022 syner at stillingsstorleik har auka i løpet av året. Ein sette også i verk ny turnusordning innan pleie- og omsorg, noko som i større grad skal føre til heiltsstillingar. Dette er eit langtidsprosjekt, men målet er at vi skal ha heile stillingar i kommunen.

- **Austrheim kommunale eigeomsselskap (AKE AS) etablert**

- Austrheim kommunestyret vedtok i april å opprette Austrheim kommunale eigeomsselskap (AKE). I same kommunestyremøte vedtok ein å selja ut mesteparten av dei kommunale eigeomar og AKE vil forvalte eigeomane på vegne av kommunen. Målet er at AKE skal handtere behovet til kommunen for kommunale bustader og med det også ansvar for vedlikehald og ivaretaking av eigeomane. Salet gav ei inntekt på vel 51 millionar kroner til kommunen. 25 millionar vart sett av til skuleprosjektet.

#### 21.1.4. Viktige hendingar

##### Bautastein

- Vebjørn Sand har laga portretta i bautasteinen som vart avduka på fredsmarkeringa 8. mai. Dette for å heidra motstanden enkeltpersonar gjorde under andre verdskrig. Avdukinga vart gjort i samband med den årlege fredsmarkeringa som tradisjonelt vert markert på Selsøy. Neptun har stått for dette arbeidet og gjort ei framifrå arbeid.

##### Frivilligheita sitt år 2022

- "Frivillighetens år" blei markert med sykkeltur gjennom heile landet. Sykkelturen kom til Austrheim 25. juni. Ordførar saman med andre sykla med passasjer på sykkelen for å markere frivilligheita sitt år. Sykkelturen gjekk frå Fønnes til Årvikane. Det blei vidare ein god familiedag med Havgledeaktivitetar, familiedag og gratis servering av kaffi, lappar og grillpølser. Eit flott arrangement.
- Austrheim frivilligsentral feira 30 års jubileum i 2022.

##### Kommunale geit

- 19.september vart det arrangert Hagefest for alle nyfødde i 2021 og første halvdel av 2022 i Austrheim. Godt og vel 20 familiar var
- <https://www.strilen.no/kultur/i/g6GaOq/sondre-sine-geiter-skal-gnaga-austrheim-rein>

##### Opning av Vardebrua

- Gåande og syklande har fått trygg veg høgt over fylkesvegen, og me har fått ei bru som tek seg godt ut – ein portal inn til Austrheim. Vardebrua – 2 år forseinka – blei formelt opna 23.september. Varaordførar Inger Lise Brekke held tale på vegne av kommunen, Jannicke Clarke talte på vegne av fylket og elevrådsleiar ved Kaland skule, Miruna Pop, fekk æra av å klippe snora. Elevar frå Kaland skule og born frå Kaland barnehage deltok med song og det blei stor glede av no å få ein tryggare skuleveg og eit praktverk av ei bru. Den nye gangbrua "Vardebrua" mellom Fønnes og Kaland er laga av det som på fagspråket vert kalla fiberarmert polymerkompositt. I dette tilfellet plastbasert materiale som er forsterka med lange, sterke fibrar av anna materiale. Brua er bygd i seksjonar i Nederland, før ho vart sett saman og lagt på plass over fylkesvegen i sommar.



### Kulturprisen og Landbruksdagen

- For 14. gong gjekk Landbruksdagen i Austrheim av stabelen laurdag. Etter to år med koronaavlysing, viste det store arrangementet seg igjen frå si beste side i og utanfor Austrheimhallen. Mellom utstillingar, hesteskokasting, handarbeid, riding på hestar og kosing med kaninar, vart det òg gjort stas på kreftene bak arrangementet. Midt i dette vart kulturprisen for 2022 delt ut.
- *«Kulturprisen 2022 går til eit lag som er engasjert i lokalmiljøet og kulturlandskapet. Dei samlast for å få meir kunnskap om bransjen, og dei er opptekne av kunnskapsformidling. Laget har vist, at med samarbeid med andre lag i kommunen og nabokommunen, er dei i stand til å gjennomføra store arrangement. I år er det 14. gangen dei inviterer til ein storarta dag for små og store, og som det også kjem folk langvegs ifrå for å oppleve. Laget er lite, men har store visjonar om å setja eigne fotefar».* Kulturprisen blei tildelt Austrheim landbrukskvinnelag – for stort engasjement og for å arrangere landbruksdagen i samarbeid med fleire lag. Prisen var diplom og eit saueskinn med innskrifta: “Kulturprisen Austrheim 2022 er tildelt Austrheim landbrukskvinnelag. Vi set fotefar.”



### **Kommunedirektøren tildelt pris for “Fremtidens ledere i helse- og kommune Norge 2022”**

- Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug, fekk pris for “Fremtidens ledere i helse- og kommune Norge 2022”. Denne vart delt ut på formannskapsmøtet xx.xx. KLP laga også ein filmsnutt som på ein fin måte også presenterer Austrheim kommune.

### **Skifte av kommunalsjef helse og omsorg**

- Kommunalsjef Monika Kvamme sa på våren opp stillinga si som kommunalsjef for helse og omsorg. Monika har vore kommunalsjef sidan hausten 2019 og før det helse- og omsorgsleiar og gav seg 31. august etter over 16 år i Austrheim. Kim Andre Vangberg var i tida frå 01. august til 31.12.2022 konstituert i stillinga som kommunalsjef. Kommunedirektøren avgjorde å endra namn på kommunalområdet når ny kommunalsjef ville vere på plass. Ny kommunalsjef ville få tittelen kommunalsjef helse

og velferd. Stillinga blei lyst ut og Anne Hildegunn Færøy vart tilsett i stillinga, men tiltrer ikkje i stillinga før 01.01.2023.



## Har ikkje skjedd sidan 1977 – Fylkestinget mønstra opp i Mongstadhallen


- I år er det 50 år sidan Mongstad blei etablert. Det var første gong på 45 år at fylkestinget var samla i Nordhordland og hadde samlinga si i Mongstadhallen. Ordførar Per Lerøy fekk ønskja fylkestinget velkommen heim til Austrheim og regionen då dei i september hadde lagt fylkestingsdagane til Mongstad. Fylkesordføraren inviterte formanskapa og kommunedirektørar i regionen til kulturkveld, der også Mongstad si 50 år lange historie blei markert. Fylkestinget fekk godt innblikk i den rivande industrielle utviklinga som har vore, og er i regionen vår og særst på Mongstad.

## Status økonomi


Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
0999-KAPITAL - INVESTERING	0	0	20	20	100,0 %
1000-KOMMUNEDIREKTØR	19 457	25 502	19 546	-5 956	-30,5 %
1900-INTERNE SERVICEEININGAR TIL FORDELING	4 226	4 656	4 539	-117	-2,6 %
8100-TILLEGGSLØYVINGAR KOMMUNESTYRETS AVGJERSLE	40	20	0	-20	0,0 %
8200-TILLEGGSLØYVINGAR KOMMUNEDIREKTØREN	38	0	400	400	100,0 %
8990-OVERORDNA KLP UTGIFTER/INNTEKTER	-2 908	-4 792	0	4 792	0,0 %
<b>Sum</b>	<b>20 853</b>	<b>25 386</b>	<b>24 505</b>	<b>-881</b>	<b>-3,6 %</b>


### Driftsutgifter og inntekter (graf)



### Detaljvisning drift (graf)



## Driftsinntekter



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostranalyse

	Austrheim 2020	Austrheim 2021	Austrheim 2022	Kostragruppe 04
<b>Prioritet</b>				
Lønnsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) *) **)	4 329	4 483	5 107	3 856

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Eigenkapitalinnskot KLP	-	-	800	727
ENØK-tiltak	700	90	700	90
Fagfornyng 1-4 trinn	800	1 737	400	402
Gang/sykkelveg seniorsenter til Nordliheimen	700	0	700	0
Hoplandskvernene og sagbruket	300	0	300	0
IKT Austrheim	-	-	600	746
komm/digitalisering	-	-	200	200
Investeringstilskot Austrheim sokn	-	-	200	200
Kjøp av traktor 2022(tj. 3320)	650	1 158	650	1 158
Kloakkpumpestasjon	-	-	4 100	3 888
Omsorgsbustad	10 500	264	1 830	264

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Omsorgsteknologi	1 700	4 770	1 532	4 561
Påkosting bruer, Njøta og Krossøy	700	0	700	0
Sal av driftsmidler	-	-	0	-63
Sal av faste eiendommer	-	-	0	16
Skulebygg 2021-2024	35 000	7 471	25 000	5 365
Veglys Hoplandssjøen	900	0	900	0
VVA	-	-	15 000	9 606
Sum andre prosjekt	0	0	0	811
<b>Sum</b>	<b>51 950</b>	<b>15 490</b>	<b>53 412</b>	<b>27 771</b>



## 21.2. OPPVEKST, KULTUR, BIBLIOTEK, IDRETT OG FRITID

### 21.2.1. Skildring av tenesteområde

#### Oppvekst og kultur dekkjer tenesteområda:

Skulane, barnehagane, PPT, kultur, bibliotektenesta, musikk- og kulturskule, vaksenopplæring, flyktingteneste, kyrkje og livssyn, tiltak barn- og ungdom og barnevernstenesta.

FN sine berekraftsmål er vardas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane.

4. berekraftsmål, god utdanning, har som målsettinga å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje mogelegheiter for livslang læring for alle.

Austrheim kommune skal vere ein god stad å bu og leve i, gjennom heile livet. Kommunen vil sikra dette gjennom gode barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar.

Austrheim kommune er vertskommune for Fensfjorden PPT, som er eit interkommunalt samarbeid mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden. PP-tenesta har eiga logopedteneste, der også Modalen kommune inngår i samarbeidet.



Gjennom «Likeverdsreformen» ønskjer regjeringa å gjere kvardagen enklare for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller funksjonsnedsetting. Eit av tiltaka som trådde i kraft frå og med 1. august 2022, var lovpålegg om at alle kommunar skal ha ein barnekoordinator.

Barnekoordinatoren skal primært sikre at familiane får koordinerte og heilskaplege tenester, og at dei får nødvendig informasjon og rettleiing.

Austrheim kommune har i samband med flyktingstraumen frå Ukraina utvida Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa. Kommunen har busett 19 flyktingar frå Ukraina i 2022, og har fatta vedtak om å busette ytterlegare 20 flyktingar i løpet av 2023. Mykje av førebuingsarbeidet for busetting for 2023 vart gjort i november/desember 2022, slik at mange av dei som vi fekk tildelt i denne perioden er planlagt busett i løpet av først kvartal i 2023.

Det er vedteke etablering av familiens hus. Dette er ikkje etablert i 2022. Vidare arbeid knyt til

dette, vil bli avklart i løpet av våren 2023.

Nordhordland kompetanseregion, NKR, er eit samarbeidsorgan for Oppvekstsektoren i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Alver. Sjå lenkje for strategisk kompetanseplan

[NKR Strategisk kompetanseplan 2020-2025- revidert utgåve vedteke 27.01.23.pdf](#)




Foto: Knut T. Horvei

## Skule

Vi har to kommunale skular, Kaland og Årås skular.

Kaland skule var våren 2022 delt på 7 grupper, fordelt på 1.-7. trinn og 10.trinn. Våren 22 hadde skulen 110 elevar. Frå og med hausten 2022 er Kaland skule ein rein barneskule, delt i 5 grupper, fordelt på 1.-7.trinn. Ved oppstart i august 2022 hadde Kaland skule 77 elevar, der 10 av desse høyrer til "Åsheim krins".

Årås skule er ein kombinert fulldelt skule, med 260 elevar og 42 tilsette. Hausten 2022 vart siste fase gjennomført vedkomande samanslåing av ungdomstrinna i kommunen, og heile ungdomsskulen etter dette samla på Årås skule.

Begge skulane tilbyr skulefritidsordning.

Vaksenopplæringa tilbyr opplæring i norsk og samfunnsfag til flyktningar, framandspråklege tilflyttarar til kommunen og spesialundervisning til vaksne. Vaksenopplæringa er administrativt under rektor på Årås skule.

## Barnehage

Austrheim har to kommunale barnehagar, Austrheim kystbarnehage og Kaland barnehage.

Austrheim kystbarnehage har 6 avdelingar og Kaland barnehage har 5 avdelingar. I Austrheim kommune var det 145 barn som nytta seg av tilbod om barnehageplass fordelt på dei to kommunale barnehagane våren 2022 og 126 barn som nytta seg av tilbod hausten 2022. I Austrheim kommune hadde vi ingen barn på venteliste for å få barnehageplass i 2022.

## PPT

PP-tenesta skal hjelpe barn, elevar og vaksne med særskilt behov for tilrettelegging. Målet er at elevar med særskilde behov skal få eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod. Tenesta er regulert i Barnehagelova §19c og Opplæringslova §5-6. PPT har både individ- og systemretta arbeidsoppgåver. Tenesta skal bistå barnehage og skule med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Barn og elevar som vert tilmeldt PPT skal få utarbeidd sakkunnig vurdering.

Fensfjorden PPT er ei interkommunal teneste mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden, der Austrheim kommune er vertskommune. I tillegg har Modalen slutta seg til eit samarbeid kring logopedtenesta som også ligg under PPT.

Dei tilsette i PPT har kompetanse innan pedagogisk, spesialpedagogisk, psykologisk og logopedi, med erfaring frå barnehage, skule og migrasjon. Tenesta har totalt 5,5 årsverk. Årsverka er fordelt på leiar i 100%, 50% på logoped, 40% på barnekoordinator og resten fordelt på tilsette i stillingar som spesialpedagogiske rådgjevarar.

Barnekoordinator er ei nyoppretta stilling som er lovpålagt etter 01.08.22.

## Barnevern

Austrheim kommune er ein del av Alver barnevern gjennom vertskommunesamarbeid, der Alver kommune er vertskommune.

## Musikk- og kulturskule

Kulturskulen har dette året hatt følgjande tilbod: instrumental-undervisning (piano, gitar, bass, trommer, band), tilbod til born med særskilde behov, babysong, teaterverkstad, visuelle kunstoffag og barnekor. Totalt sett hadde kulturskulen ved årsskiftet 126 elevplassar, 7 tilsette i til saman 2,6 årsverk samt ein innleidd teaterinstruktør.

Skulen sel dirigenttenester til Austrheim Songlag og begge korpsa i kommunen.

## Kultureininga

Eining for kultur, bibliotek, idrett og fritid er samansett av bibliotek, tiltak barn og unge, ungdomsklubb og anna kultur. Folkebiblioteket har per lov eit samfunnsoppdrag som kulturarena, læringsarena og møteplass, i tillegg til tradisjonell utlån av media. Bibliotek er ei lovpålagt teneste og alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. Kultureininga har einingsleiar i 100%, der oppgåva som leiar av bibliotek inngår som del av stillinga.

Skulebibliotek er lovpålagt jf. Opplæringslova. Hovudbiblioteket i Austrheim er kombinasjonsbibliotek med Årås skule, mens Fønnes filial er kombinasjonsbibliotek med Kaland skule. Kombinasjonsbibliotek er ein effektiv driftsmodell i små kommunar.

## Tiltak barn og unge i kultureininga

Tenesta har Ungdomskoordinator i ei fast 100% stilling. Ungdomskoordinatoren er sekretær for Ungdomsrådet, koordinerer bruk av idrettshallen/symjebasseng/Havsportssenter, administrerer kinoen og er kommunekontakt for UKM.

Tenesta skal ha kontakt med lag og org og koordinere og setje i gang rusfrie fritidstilbod for ungdom (til fylte 18 år).

Ungdomsklubb - Austrheim Ungdomsklubb. Her har vi tilsett leiar for ungdomsklubben i ei 25% stilling. Ungdomsklubben er medlem av Ungdom og Fritid og skal vere ein møteplass for alle ungdommar i kommunen til fylte 18 år. Ungdomsklubben har eige rekneskap og klubbkasse, men med kommunal ressurs til leiar og til lokale.



Foto: Knut T. Horvei

## 21.2.2. Utvikling og utfordringar

### Oppvekst og kultur:




Foto: Olaf Hella

Austrheim kommune skal vere ein god stad å bu og leve i, gjennom heile livet. Kommunen vil sikra dette gjennom gode barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar. Kommuneområda for helse og velferd og oppvekst, har alle til felles at tenestene på ulike måtar er retta mot barn og unge. Det er tydeleg uttalt, både politisk og administrativ, at Austrheim kommune skal vera ein god kommune å vekse opp i.

Familiar møter helsestasjon, barnehage, skule, fritidstilbod og hjelpeapparatet gjennom oppveksten. For å lukkast saman, må vi tilstrebe god samhandling på tvers av tenester og sektorar. Gjennom heile 2022 har ein jobba med å implementere ny Oppveksreform og arbeid knytt til å utarbeide oppvekstplan.

Det har vore gjennomført tilsaman fire samhandlingsmøter på tvers av tenester retta mot barn og unge, der ein har hatt fokus på dei ulike tenestene sitt arbeid retta mot barn og unge og korleis dei arbeider med førebygging.

Det er i oppveksten og heilt frå tidlege barneåra grunnlaget for psykisk helse og sosial kompetanse vert skapt. Dei siste åra har ein sett eit fagleg paradigmeskifte, i tilnærminga til den kjenslemessige utviklinga. Emosjonell utvikling får meir og meir ein eigen plass, på lik linje med utviklinga av kognitive og motoriske eigenskapar. Mange barnehagar, skular og andre faginstansar skiftar no fokus frå å sjå på barnet si ytre åtferd til å vere opptatt av å sjå barnet frå innsida. Slik er det også i Austrheim.

Kommunen har to grunnskular, Årås skule og Kaland skule. Begge skulane har SFO-tilbod. Våren 2021 vart ny skulestruktur vedteke for Austrheim kommune. Som ein konsekvens av dette, har ein gradvis overført ungdomstrinnet på Kaland skule til Årås skule. Frå og med hausten 2022 er Kaland skule rein barneskule og Årås skule kombinertskule.

Vi har to kommunale barnehagar i Austrheim kommune, Kaland barnehage og Austrheim kystbarnehage. Vi har eiga PP-teneste, vaksenopplæringa for flyktingar/innvandrarar er

## Årsrapport 2022

tilknytt Årås skule, kulturavdeling med ansvar for bibliotek, tiltak barn og unge, ungdomsklubb, kulturtiltak og kulturtilbod og idrettshall. Vi har eigen musikk- og kulturskule som har lagt under rektor på Kaland skule. Det er sett opp faste møter på tvers av alle tenestene i oppvekst og kultur, der einingsleiarane for dei ulike tenestene deltar.

Austrheim kommune er vertskommune for Fensfjorden PPT, som er eit interkommunalt samarbeid mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden. PP-tenesta har eiga logopedteneste, der også Modalen kommune inngår i samarbeidet. Avtalen med Modalen er sagt opp ved årsskiftet, slik at dei går ut av samarbeidet etter oppseiingsperiode på eit år. Årsaka er store rekrutteringsutfordringar i tenesta, der vi ikkje lukkast med å stetta alle kommunane sine behov for logopedteneste.

Gjennom «Likeverdsreformen» ønskjer regjeringa å gjere kvardagen enklare for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller funksjonsnedsetjing. Eit av tiltaka som trådde i kraft frå og med 1. august 2022, var lovpålegg om at alle kommunar skal ha ein barnekoordinator.

Barnekoordinatoren skal primært sikre at familiare for koordinerte og heilskaplege tenester, og at dei får nødvendig informasjon og rettleiing.

Barn som mottar fleire typar helse- og omsorgstenester over lang tid, har rett på ein koordinator og ein individuell plan. Barnekoordinatoren skal sikre nødvendig oppfølging og samordning, og sikre at hjelpeinstansar rundt barnet samarbeider, men skal ikkje ha rolla som koordinator for ansvarsgruppa og ansvarleg for å individuell plan knytt til einskildebarn.

Frå 01.08.22 har Austrheim kommune tilsett barnekoordinator i 40% stilling kombinert med ei 60% stilling i PPT. Det er lagt til rette for at alle kommunane som inngår i Fensfjorden PPT kan slutte seg til avtalen om barnekoordinator. Hausten 2022 har Fedje kommune slutta seg til avtalen, og frå og med januar 2023 vil Masfjorden kommune også inngå i avtalen. Dersom også Gulen ønskjer å slutte seg til avtalen, er det vurdert stillinga i så fall må aukast opp.

Austrheim kommune har i samband med flyktingstraumen frå Ukraina utvida Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa. Kommunen har busett 19 flyktingar frå Ukraina i 2022, og har fatta vedtak om å busette ytterlegare 20 flyktingar i løpet av 2023. Mykje av førebuingsarbeidet for busetting for 2023 vart gjort i november/desember 2022, slik at mange av dei som vi fekk tildelt i denne perioden er planlagt busett i løpet av først kvartal i 2023.

Nordhordland kompetanseregion, NKR, er eit samarbeidsorgan for Oppvekstsektoren i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Alver. Sjå lenkje for strategisk kompetanseplan

[NKR Strategisk kompetanseplan 2020-2025- revidert utgåve vedteke 27.01.23.pdf](#)

Det er vedteke etablering av familiens hus. Dette er ikkje etablert i 2022. Vidare arbeid knytt til dette, vil bli avklart i løpet av våren 2023.

## Barnehage

Barnehageeigar og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen. Barnehagen skal i samarbeid og forståinga med heimen vareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Saman har dei eit felles ansvar for at barn skal trivast og utvikla seg, og ha eit samarbeid som skal ha barn sitt beste som mål.

Begge dei to kommunale barnhagane er styrt av lovfesta bemanningsnorm og pedagognorm og barnehagen oppfylte i 2022 desse normene.

I begge barnehagane jobbar dei med «Dinoskulen» for dei eldste barna. Her er det fokus på ulike tema som til dømes; kva reglar vi har i barnehagen og kvifor vi har desse, eigne kjensler og andre sin kjensler, og korleis vi kan løyse ulike problem.

DUÅ (De utrolige årene) er godt etablert i barnehagane, og er eit arbeid dei har har kontinuerleg fokus på.

Barnhagane nyttar TRAS som er eit observasjonsverktøy for å registrere språkutvikling hjå barn. Dette er kjent for alle tilsette i barnehagane og er enkelt å bruke i mindre barnegrupper. Barnhagane gjennomfører også systematisk barnesamtalar, som eit viktig ledd i å kunna møte kvart einskild barn der dei er.

På grunn av nedgang i barnetal i ein av barnhagane har ein hausten 2022 gjennomført ein prosess knyt til omdisponering av ressursar, der ein har sett dei to barnehagane under eit. Tre tilsette vart overført frå Kystbarnhagen til Kaland barnehage. I framtida ønskjer ein eit tettare samarbeid mellom barnehagane og eit meir fleksibelt syn på bruk av tilsette på ters av barnehagane med utgangspunkt i barnehagane sitt behov til ei kvar tid.

Barnehagane har eit tett samarbeid med PPT og får rettleiing knyt til arbeidet med å utvikle best mogeleg praksis. Eit godt døme på dette er systemarbeid knytt til tverrfaglege team og samlingar i regi av PPT knytt til DUÅ. Styrarane våre har også deltatt på samlingar på tvers av tvers av kommunar for rektorar og styrar.

Begge barnehagane har pedagogar som tar vidareutdanning gjennom støtteordninga med tilretteleggingsmidlar frå UDIR.

Fokus på arbeidsmiljø og auka nærvær på arbeidsplassen er også viktige tema dei har fokus på i barnehagane. Begge barnehagane er prega av at dei til tider har høgt sjukefråvær.

## Skule

I 2022 vart det gjort store investeringar på skulane våre, der ein mellom anna har skifta ut læreverk i både norsk og engelsk på alle trinn på begge skulane. I tillegg har ein investert i digitale verktøy. På Årås skule har ein kjøpt inn nye pultar og stolar på alle klassetrinn og nye stolar til alle tilsette.

## Årsrapport 2022

I 2022 har begge skulane gjennomført 2-dagars personalsamling for å kompetanseheve heile personalet. I tillegg har fleire pedagogar nytta seg av tilbod om vidareutdanning gjennom avtale om stipendordning.

Skulane har eit tett samarbeid med PPT og får rettleiing knytt til arbeidet med å utvikle best mogeleg praksis. Eit godt døme på dette, er samlingar i regi av PPT om byrjaropplæringa for begge dei to skulane våre og samling på tvers av kommunar for rektorar og styrar. På nasjonale prøvar ser vi at resultatane no er rimeleg stabile rundt gjennomsnittet for landet, og i engelsk lesing har vi dei tre siste åra lagt like over gjennomsnittet for landet.

Oppgradering, ombygging og utbygging av skulane går som planlagt og vil gje begge skulane våre eit viktig og naudsynt løft for framtidig drift av skulane våre.

Mindreinntekt knytt til nye føringar nasjonalt om gratis 12-timars SFO for alle elevar på 1.trinn, har før til eit stort underskot for SFO i 2022. Ein ser ein auke i tal elevar som nyttar seg av SFO etter at ordninga med gratis 12-timars SFO vart innført.

### Vaksenopplæring

Austrheim kommune har i samband med flyktingstraumen frå Ukraina utvida vaksenopplæringa. Vaksenopplæring har for tida to grupper med elevar på ulike nivå.

Vaksenopplæringa består no av 1 lærar som også har rolla som programrådgjevar og koordinator for vaksenopplæringa. I tillegg er det tilsett ein lærar i eit engasjement som har variert i storleik etter behov. Vaksenopplæringa er underlagt rektor ved Årås skule.

### PPT

Pr. 31.01.22 var det registrert 134 aktive individualsaker og 26 systemsaker fordelt på 11 barnehagar og 10 skular. Dette er inkludert logoped saker.

Austrheim kommune har eit svært høgt tal melde saker til PPT, og langt over det som er vanleg. Talet er ca. 15 % av det totale barne- og elevtalet. Desse utfordringane er knytt til skule, som også har eit høgt tal elevar som mottek spesialundervisning. Det vert jobba aktivt og målretta med å endre dette, der skulane i større grad skal ivareta elevane innafor der det ordinære opplæringstilbodet gjennom meir tilrettelagt og universell undervisning og tilpassa opplæring.

Fensfjorden PPT har eit fagråd der kvar kommune er representert gjennom sine medlemmer av rådet, i tillegg til leiar av PPT. Fagrådet har som mål å styrkje samarbeidet på tvers av kommunane, med utgangspunkt i å utvikle ei felles pedagogisk plattform som er forskingsbasert. Dette skal bidra til å ujamne dei skilnadane ein ser på tvers av kommunar og på tvers av barnhagar og skular. Vi ønskjer ein meir lik praksis, som skal sikre likt tilbod til alle barn i regionen uavhengig av kva skule eller barnehage ein går i/på. Av målretta tiltak kan vi nemne:



## Årsrapport 2022

- Felles interkommunal samling for alle styrarar og rektorar.
- Alle barnehagar og skular har fast kontaktperson frå PPT som kjem ein gong på månad for rettleiing og tverrfagleg team.
- Alle barnhagar har implementert DUÅ (Gulen held på) der PPT har ei viktig PPT.
- PPT har tilbydd kurs-rekkje innan byrjaropplæringa i lesing og skrivning slik at alle skulestartarar får same opplæring, samt at skulen kan identifisere eventuelle vanskar hjå elevane.
- PPT har delteke på ulike personalmøte med kompetanseheving omkring språkarbeid, alternativ kommunikasjon og ulike vanskeområde oppveksteiningane ønskjer å verte kursa i.

### Barnevern

Austrheim kommune er ein del av Alver barnevern gjennom vertskommunesamarbeid, der Alver kommune er vertskommune. Sjå lenkje til tilstandsrapport for 2022 frå tenesta:

[Tilstandsrapport Alver Barnevernsteneste.pdf](#)



### Musikk- og kulturskule

Austrheim kulturskule har lagt bak seg eit innhaldsrikt og godt år. Ny lærar i visuelle kunstfag vart tilsett i august, samtidig som ein starta opp tilbodet med teaterverkstad. Dette er finansisert gjennom midlar frå Norsk Kulturskuleråd Vestland. Elevane i kulturskulen får undervisning både på Kaland skule og i kulturskulen sine lokalar i same bygg som Seniorsenter.

Kulturskulen har dette året hatt følgjande tilbod: instrumental-undervisning (piano, gitar, bass, trommer, band), tilbod til born med særskilde behov, babysong, teaterverkstad, visuelle kunstfag og barnekor. Totalt sett hadde kulturskulen ved årsskiftet 126 elevplassar, 7 tilsette i til saman 2,6 årsverk samt ein innleidd teaterinstruktør.

Skulen tilbyr dirigenttenester til Austrheim Songlag og begge korpsa i kommunen.

Administrasjons-programmet SpeedAdmin er i bruk, og opplæring i bruk av app/nettside har vorte gitt til føresette og lærarar. Dette programmet har mange positive moglegheiter, og gjer kvardagen til lærarane i kulturskulen mykje enklare.

I 2022 har 20 elevar nytta seg av tilbodet om teaterverkstad og innfor tilbodet visuelle kunstoffag har ein no tilbod til to grupper med elevar, ei frå 4.-7. klasse og ei frå 8. klasse og oppover.

“Sesam” er eit gratistilbod til elevar i 2. klasse som går på SFO, og er hovudtyngda i Austrheim kulturskule sitt breiddeprogram for dei yngste elevane. Dette er eit samarbeid mellom kulturskulen og SFO ved dei to skulane i kommunen. Faget byr på ulike kunst- og kulturaktivitetar av høg kvalitet, og elevane får ein smakebit av dei ulike estetiske faga som kulturskulen kan tilby.

Arbeid med å kunne tilby fordjupningsprogram for vidarekomne elevar i kulturskulen fortsett. Bergen kulturskule kan tilby plassar for elevar med særskilt talent, men dette er svært kostbart. Vi arbeider difor vidare med å få på plass meir lokale og gode løysingar for fordjuping.

Babysong kom endeleg i gang igjen i haust etter lange avbrot på grunn av pandemien. Sju mødre med born har delteke, og hatt kjekke samlingar i fellesskap med musikk og song.

Tiriltunge Barnekor har hatt stor pågang av elevar dette året, og tel ved årsslutt 39 barn. Koret skal i samarbeid med Teaterverkstad sette opp framsyninga «Hakkebakkeskogen» på Austrheim Samfunnshus våren 2023. Dette vert eit høgdepunkt i året som kjem.



Foto: Knut T. Horvei

## Kultureininga

Bibliotek har per lov eit samfunnsoppdrag som kulturarena, læringsarena og møteplass i tillegg til tradisjonell utlån av media. Det aller viktigaste mandatet er: **Leseglede!**

I 2022 har det vore 13 ulike arrangement med litteraturformidling, og årets «Sommarles» eit opplegg rette mot elevar på 1.-7.trinn var svært vellykka med ein oppslutnad på 75% av målgruppa. Det har i det store og heile vore svært godt oppmøte på ulike arrangement i Austrheimstova i regi av kultureininga og biblioteket.

Austrheim folkebibliotek har avtale om felles datakatalog og samarbeid med Nordhordlandsbiblioteka. Sjå felles heimeside: [Nordhordlandsbiblioteka](#).

i 2022 har vi hatt har Sommarbibliotek i friluftsområda Årvika og Øksnes (juni-september). I Dagsturhytta på Vardetangen har me nynorskbiibliotek.

## Tiltak barn og unge i kultureininga

Ungdomskoordinator har kontakt med lag og organisasjonar og koordinerer og set i gang inkluderande og rusfrie fritidstilbod for ungdom (til fylte 18 år). Ungdomskoordinator jobbar i tett samarbeid med leiar for Ungdomsklubben. I store delar av 2022 har vi hatt inne vikar i stillinga, då den tilsette i fast stilling har hatt permisjon. Den fast tilsette har sagt opp stillinga, slik at den no vert lyst ut som ei fast stilling.

2022 har vore eit år der ungdomane kjem tilbake til fritidssyslar og ungdomsklubben etter pandemien. «Sommar i Austrheim» og «Havglede» var svært vellukka og gjennom støtte frå Gjensidigestiftelsen kunne vi løne ungdommar som arrangerte eit stort utval av aktivitetar i sommarveken. Alle aktivitetar her var gratis.

Videre vart det gjennomført aktivitetar som «Sommergøy på biblioteket», aktivitetsdagar på Dyrehagen gard, open hall, fiskekonkurrans, rebusløp, vindsurfingskurs, tilrettelagt tur til Rongevær og fisketur, familiedag i Årvika og kajakkur m.m.

Kultureininga har lite «frie midlar» på sitt budsjett og kostnadar knytt til å gjennomføre aktivitetar retta mot ungdom, er finansiert gjennom ulike tilskot. Kommunen sitt bidrag er knytt opp mot tilsette i ulike stillingar og tilgang på bruk av ulike lokale. Festivalen «Havglede» er finansiert via tilskot, men skal me fortsette med satsinga på havsport og Havsportssenteret må det vere budsjettmidlar i økonomiplanen.

Nytt av året er oppstart av Juniorklubb, med bruk av tilskot frå Gjensidigestiftelsen. Tilbodet er retta mot 5.-7.trinn, med aktivitetar på fritida rundt om i ulike bygg i kommunen for både Årås og Kaland skulekrins. Foreldre er med som arrangørar og vakter. Tilbodet vil halde fram i 2023.

Tilrettelagt tilbod med «Friskusturar» og «Friskusklubb» med fast tur ein dag i månaden og fast klubb med middag ein dag i månaden. Tilbodet er finansiert med støtte frå BUFDIR.

Kulturminneplanen og Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er framleis under arbeid og vil bli prioritert planarbeid i 2023.

### 21.2.3. Utvalde resultat

- Gode og varierte kulturtilbod for barn og unge i ulike aldersgrupper, men svært god oppslutnad.
- Fleire vellukka arrangement i Austreimstova og på biblioteket.
- Ungdomstrinna i grunnskulen samla på ein skule.
- Nettverkssamarbeid knytt til DUÅ og samarbeid mellom styrarar og rektorar på tvers av kommunar i Fensfjorden er etablert.
- Full barnehagedekning.
- Austrheim kommune er vertskommune for felles PP- teneste, gjennom Fensfjorden PPT frå 01.01.22.
- Vi har satsa mykje på digital utvikling, og har no full dekning med ein PC til kvar elev i skulane våre. I tillegg har vi kjøpt inn Ipad til elevane i 1.-2.trinn og utstyr til programmering på ein av skulane våre. Dette tiltaket er støtta økonomisk via UDIR.
- Stor fokus på grunnleggjande ferdigheitene i lesing, skrivning og rekning. Dette arbeidet har ein jobba med på tvers av skulane og PPT har vore ein del av samarbeidet.
- Barnhagane og skulane har pågåande systemtiltak, der dei får rettleiing av PPT på gruppenivå /klassenivå.
- Det er sett i verk tiltak for å styrkje ordinær undervisning, med mål om å redusere omfanget av spesialundervisning. Fleire elevar skal gjennom tilpassa opplæring få eit tilfredsstillande opplæringstilbod innanfor det ordinære tilbodet.
- Nye pultar og stolar til alle elvar på Årås skule og nye stolar til alle tilsette.
- Nytt og oppdatert læreverkt i norsk og matematikk på alle trinna i grunnskulen.
- Det er start opp eit arbeid knytt til å etablere av BTI-modell i kommunen. Tiltaket er støtta økonomisk gjennom BUFDIR. Målet er å innføre ein heilskapleg modell for betre tverrfagleg innsats i kommune.

### 21.2.4. Viktige hendingar

- Ny skulestruktur slutført og heile ungdomstrinnet i kommunen er samla på Årås skule frå hausten 2022
- Oppstart av arbeid med oppgradering, ombygging og påbygg av skulane våre.
- Fensfjorden PPT hadde oppstart 01.01.22 og har heile året hatt fokus på å få på plass gode rutinar for best mogeleg arbeid ut mot einingane og for mest mulig lik praksis på tvers av kommunane i samarbeidet.
- Framlegg til ny avtale om elevar frå Åsheim krins er framforhandla mellom administrasjonen i Alver og administrasjonen i



Foto: Nordhordland avis

Austrheim, og er klar for politisk handsaming. Avtalen sikrar at elevar frå krinsen kan velje å gå på Kaland skule.

- Skulane vart miljøsertifisert og barnehagane står for tur.
- Samarbeid på tvers av barnehagar og skular og PPT om kvalitetsplan for lese- og skriveopplæring og særleg vekt på byrjaropplæringa.
- Sommarfestar i både barnehage og skular og avslutningsfestar for 7. og 10 trinn.
- Markeringa av FN-dagen
- Kaland skule vart FN-skule
- Stor oppslutnad om lesekampanjen Sommarles for 1.-7. klasse.
- Arrangement i Austrheimstova i regi av biblioteket med mykje publikum.
- I slutten av mai arrangerte Tiriltunge barnekor ute-konsert med kor, solistar, band og gjestar på Vardetangen. Svært mange tok turen, og det vart ein flott konsert i vakre omgivnader.
- I juni hadde kulturskulen avslutning for året på Austrheim samfunnshus. Ein fullsett sal fekk flott underhaldning frå elevar i kulturskulen, og begge korpsa deltok med vakker musikk. Elevar frå Visuelle kunstfag hadde stilt ut teikningar og måleri, og det var premiare på animasjonsfilmene som var laga i løpet av våren.
- I desember hadde Tiriltunge Barnekor med orkester ein flott konsert i Austrheim kyrkje. To tidlegare songarar frå koret var programleiarar, og losa oss trygt igjennom eit flott program.
- Opning av Vardebrua

- «Austrheimsmykke» til alle nyfødde i kommune.
- Stolpejakt med kajakk.
- "Sommar i Austrheim" og Havglede med ulike aktivitetar for barn og ungdom.
- Juniorklubb for 5.-7.trinn.
- Landbruksdag.
- Kulturpris til Austrheim Landbrukskvinnelag, utdelt på Landbruksdagen.
- Fonnesdagane.
- Tur i fiskarbonden sitt rike på Krossøy.
- Frivillighetens år med stort arrangement i Årvika.



Foto: Oceannordic




## Status økonomi



Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
2000-KOMMUNALSJEF OPPVEKST OG KULTUR	1 577	-714	1 190	1 904	159,9 %
2010-Fensfjorden PPT	1 678	1 887	2 460	574	23,3 %
2020-BARNEVERN	8 293	8 552	8 069	-483	-6,0 %
2100-ÅRÅS SKULE	24 356	26 230	28 092	1 862	6,6 %
2110-KALAND SKULE	13 105	13 041	13 537	496	3,7 %
2200-AUSTRHEIM KYSTBARNEHAGE	13 629	14 074	12 792	-1 282	-10,0 %
2210-KALAND BARNEHAGE	8 377	9 047	8 266	-781	-9,4 %
4000-AUSTRHEIM FOLKBIBLIOTEK	1 247	1 443	1 346	-96	-7,1 %
4100-AUSTRHEIM KULTURSKULE	1 739	1 809	1 864	55	2,9 %
4200-UNGDOMSKLUBB-TILTAK BARN OG UNGE	1 219	1 033	1 082	48	4,4 %
4300-KULTURAVDELINGA	806	781	808	27	3,3 %
<b>Sum</b>	<b>76 025</b>	<b>77 183</b>	<b>79 506</b>	<b>2 324</b>	<b>2,9 %</b>

## Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostranalyse

	Austrheim 2020	Austrheim 2021	Austrheim 2022	Kostragruppe 04
<b>Prioritet</b>				
Brutto investeringsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger (B) *)	535,3	935,0	1 992,6	3 396,6
Den norske kirke brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	1 115	1 049	1 111	918
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger *) **)	15 962	17 170	17 263	17 187
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B *) **)	20 589	15 379	16 438	17 077
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	188 339	221 440	242 350	209 872
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B) *) **)	671	1 688	1 620	1 150
<b>Andre nøkkeltal</b>				
Netto driftsutgifter (370) Bibliotek (*)	1 276	1 285	1 428	58 518

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov



## **21.3. HELSE, OMSORG OG FRIVILLIGE TENESTER**

### **21.3.1. Skildring av tenesteområde**

I 2022 var Helse- og omsorgstenesta i Austrheim kommune organisert slik:

- Helsetenesta
- Omsorgstenesta
- Arbeid og inkludering

I tillegg er forvaltningskontoret med koordinerande eining, frivilligsentral, kreftkoordinator og demenskoordinator organisert i kommunalsjefen sin stab.

NAV sosial er organisert som eit interkommunalt samarbeid gjennom NAV Fensfjorden, der Masfjorden er vertskommune.

Legevakt, legevaktsentral og ØHD var i 2022 organisert som eit interkommunalt samarbeid ved Nordhordland Legevakt, der Alver er vertskommune.

Øvste leiar for tenesteområdet var kommunalsjef. I tillegg var det leiar for kvar av einingane, med fagleiarar i nokre av tenestene.

Også i 2022 har leiarar og tilsette hatt stort fokus på å gje fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i kommunen. Arbeid med kvalitetsforbetring og bruk av digitale verktøy har stått sentralt i året som har gått.

### **HELSETENESTER**

Eining for helsetenester er eit tenesteområde med fleire ulike fagfelt som gjev tenester til menneske med ulike hjelpebehov i alle aldrar og livsfasar:

- Jordmor-, helsestasjon- og skulehelsetenesta
- Fysio- og ergoterapitenesta
- Psykisk helse og rus
- Grønt arbeid ( arbeid og aktivitets-tilbod)
- Legetenesta

Helseeininga har ei brei kontaktflate med mange samarbeidspartar og forventning om omfattande samhandling for heilskaplege tenester. For barn og unge er samarbeidet mellom oppvekstsektoren, helsestasjon og skulehelsetenesta sentral. For nokre er det i tillegg viktig å ha godt samarbeid med spesialisthelsetenesta, både innan somatikk og psykisk helse. For vaksne er andre kommunale tenester som heimetenesta og institusjonstenesta viktige samarbeidspartar, i tillegg til spesialisthelsetenesta innan psykisk helse og rusfeltet og somatikk.

## Årsrapport 2022

Tilsette i eininga har eit stort fokus på å gje fagleg forsvarlege tenester til innbyggjarane i kommunen.

Også i 2022 har covid påverka tenestene, men i langt mindre grad enn føregåande år. Helseeininga ynskjer eit auka fokus på utvikling av tenestene, kvalitetssikring og utarbeiding av skriftlege rutinar. Arbeid med nytt journalsystem har også vore eit fokus i 2022. Dette vil halde fram i 2023.

### **SOSIALE TENESTER**

Sosialtenesta er organisert gjennom NAV Fensfjorden – eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Masfjorden kommune er vertskommune og NAV-kontoret er lokalisert på Hostelnd i Masfjorden.

- Målet med å ha ei felles interkommunal NAV-teneste for samarbeidskommunane er å styrkje kompetanse og sikre stabilitet, slik at brukarane får tenester med god kvalitet.
- NAV Fensfjorden bistår kommunen m.a. med :
  - økonomisk sosialhjelp til dei som treng det
  - vurdere søknader om deltaking i Kvalifiseringsprogrammet (KVP)
  - mottak av flyktningar
- har faste kontordagar på kommunehuset i Austrheim.

### **OMSORGSTENESTA**

Fram til september var Heimetenesta og Nordliheimen med kjøkken organisert som ei felles eining med ein felles leiar og ein lagleiar ved kvar avdeling. Einingsleiar slutta i september. Etter det har Heimetenesta og Nordliheimen hatt kvar sin einingsleiar som har vore konstituert i stillingane.

### **NORDLIHEIMEN**

Nordliheimen sjukeheim er ei avdeling i omsorgsavdelinga med 33 årsverk, fordelt på omlag 60 tilsette i ulike stillingsstorleik. Institusjoenen har 28 døgnplassar (langtids- og korttids-plassar), der 9 av plassane er på skjerma avdeling. I tillegg er der dagplassar på arbeidsstova til heimebuande.

Godt tverrfagleg samarbeid, kvalitetssikring av tenestene og gode rutinar står sentralt for å sikra at bebuarane ved Nordliheimen skal oppleve god kvalitet på hjelpa dei får.

Sjukeheimen har eige kjøkken og vaskeri.

### **NORDLIHEIMEN KJØKKEN**

Nordliheimen kjøkken er ein liten, men svært stabil avdeling med 4,5 årsverk. Kjøkkenet er i drift frå kl.07.30 – 17.00 alle dagar, også helg og høgtid.

## Årsrapport 2022

I 2022 vart det i snitt levert 430 middagar kvar månad til heimebuande, samt 55 lunsj pr månad til dagavdelinga for personar med demenssjukdom samt anna dagopphald. Dette kjem i tillegg til tillaging og servering av frukost, lunsj, middag og kvelds til bebuarane på Nordliheimen.

Tenestemottakarane i Austrheim kommune er privilegerte som mottar næringsrik og variert kost kvar dag, heile året.

### **HEIMETENESTA**

Heimetenesta er ei avdeling i omsorgsavdelinga med omlag 16 årsverk, fordelt på 29 tilsette i ulike stillingsstorleik.

Heimetenesta har ansvar for;

- Pleie - og omsorgstenester til heimebuande med ulike hjelpebehov (heimesjukepleie) dag, kveld og natt, alle dagar.
- Heimehjelp/praktisk bistand i heimen, t.d. vask av golv, tørking av støv, sengeskiift osv.
- Dagavdelinga for demente som er ope 3 dagar i veka.
- Tryggleiksalarmar. Ved årsskiftet var det totalt 47 tryggleiksalarmar i drift.

Pr. 31.12.22 var det:

- 60 brukarar som mottok heimesjukepleie
- 22 som fekk hjelp til praktisk bistand i heimen

I takt med at andelen eldre i kommunen aukar er det fleire som treng hjelp i heimen, og hjelpebehovet er større og meir komplekst en tidlegare. For å levere gode tenester til rett tid er me heilt avhengig av god fagleg kompetanse og tilgang på ressursar, også i denne greina av omsorgsavdelinga - og det har me klart på ein god måte i 2022.

### **ARBEID OG INKLUDERING**

Arbeid og inkludering er ei teneste som ivaretar personar med nedsett funksjonsevne og menneske med ulike, samansette behov. Eininga består av Vestlia, med 13 tilrettelagde leilegheiter. I tillegg gir eininga tenester til heimebuande.

Arbeid og inkludering har til saman 16 brukarar og 32 tilsette. Det er personale tilgjengeleg heile døgnet for bebuarane.

#### MÅL FOR ARBEID OG INKLUDERING

- *Å bidra til at bebuarane får leve gode liv i tråd med eigne forutsetningar, ønsker og behov.*
- *Me skal veilede, motivere og legge til rette for sjølvstende og meistring.*
- *Me skal vera med å gje dei gode opplevingar og god livskvalitet.*

## Årsrapport 2022

I arbeid og inkludering arbeider me med målretta miljøarbeid der ein legg til rette for at den einskilde skal oppleva meistring, sjølvråderett og sjølvstende ut frå dei føresetnader kvart enkelt individ har.

I Vestlia arbeider dei tilsette i team, med kvar sin team-leiar. Det vil seie at kvar bebuar har eit team rundt seg. Erfaringar med ei slik organisering har vore god – både for bebuarane og dei tilsette.

Eininga har eit sterkt fagleg fokus og eit godt tverrfagleg samarbeid, med ulike profesjonar som utfyller kvarandre.

### **ARBEIDSSENTER**

Austrheim arbeids- og aktivitetssenter er eit tilrettelagt arbeids- og aktivitetstilbod til menneske med ulik funksjonshemming. Det er opent på dagtid måndag til fredag, med unntak av heilagdagane og ferieavvikling om sommaren.

Hovudmålsetjinga er at kvar enkelt deltakar skal få eit godt tilrettelagt tilbod ut i frå sine eigne føresetnader.

Me tilbyr ein variert kvardag med arbeid, aktivitetar og sosialt samvær. Målet er å bidra til ein meningsfull kvardag med kjekke og meningsfulle arbeidsoppgåver og aktivitetar.

På Austrheim arbeids og opplæringscenter er det ein tilsett ein person i 40% stilling og det er 7 brukarar.

### **Andre tenester og funksjonar i helse og omsorgstenesta:**

- Forvaltningskontoret
- Koordinerande eining
- Frivilligsentral
- Kreftkoordinator
- Demenskoordinator

### **FORVALTNINGSKONTORET:**

Forvaltningskontoret har ansvar for å vurdere søknader og førespurnader om helse- og omsorgstenester kartlegge behov, fatte vedtak og tildele tenester eller gje avslag på søknad. Sakshandsamar gjennomfører heimebesøk ved behov og samordnar tenestetilbodet. Dei tilsette ved kontoret har tett dialog og samarbeid med einingane innan helse, pleie og omsorg, teknisk avdeling, frivillighetsentralen mfl.

Kontoret har opent 3 dagar i veka, og det er to sakshandsamarar i 40 % stillingar knytt til tenesta. Dessverre har den eine stillinga vore vakant i store delar av 2022.

Likevel har forvaltningskontoret handsama om lag 300 søknader i 2022. I tillegg vert det svara

på spørsmål frå innbyggjarar som treng råd og rettleiing for å vurdere om dei skal søkje tenester, kva dei skal eventuelt skal søkje om og korleis.

### **KOORDINERANDE EINING:**

Koordinerande eining er organisert under forvaltningskontoret, og skal bidra til å sikre heilheitleg tilbod til pasientar og brukar med behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering.

Koordinerande eining har det overordna ansvaret for arbeidet med individuell plan og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinator.

### **KREFTKOORDINATOR:**

- Kommunen har fast til sett kreftkoordinator i 60 % stilling
- Dette er eit lågterskeltilbod til dei som er ramma av kreft, har hatt kreft før eller som er pårørande til kreftpasient.

Kreftkoordinator tilbyr støttesamtalar, råd og rettleiing til pasientar og pårørande, og har i 2022 hatt tett oppfølging av fleire brukarar med behov for palliasjon, både i eigen heim og i institusjon.

Samarbeid og samhandling med heimesjukepleien ved palliasjon i heim, samt opplæring i bruk av avansert utstyr står sentralt.

Kreftkoordinator:

- Organiserer og gjennomfører fast turgruppe for kreftpasientar, tidlegare kreftpasientar, pårørande og etterlatne ein dag i veka.
- Deltar i nettverk for kreftkoordinatorar i Hordaland
- Ein viktig ressurs i arbeidet med *Pakkeforløp kreft heilt heim*
- Har arrangert Temakveld saman med demenskoordinator og psykiatrisk sjukepleier. Tema var kommunikasjon i møte med alvorleg sjukdom
- Bidrar til tverrfagleg samarbeid i kommunen og tilbyr rettleiing og undervisning til tilsette i kommunen.



### **DEMENSKOORDINATOR:**

- Kommunen har fast tilsett demenskoordinator i 60 % stilling.
- Dette er eit lågterskel tilbod der ein treng ikkje henvisning. Innbyggjarar kan ta direkte kontakt for råd, støtte og rettleiing til personar med demenssjukdom og til pårørande.

Demenskoordinator gjennomfører heimebesøk for testing og kartlegging av demenssjukdom, føl opp heimebuande med demenssjukdom og deira pårørande, samt gir støtte og veiledning.

Ressursen samarbeider med tilsette på Nordliheimen og på Dagsenteret, gjennomfører kartlegging, tar testar og gir retteleiing til dei tilsette. Deltar i kommunalt hukommelsesteam, og bistår fastlege med utredning av demenssjukdom samt kartlegging av heimesituasjon og hjelpebehov.

I 2022 er det brukt tid informasjonsarbeid, både til innbyggjarane og til dei tilsette i aktuelle einingar, og som kommunen sin deltakar i felles *Læringsnettverk for demensforløp*.

I november gjennomførte kreftkoordinator, psykiatrisk sjukepleiar og demenskoordinator ein tema kveld om alvorleg sjukdom og kommunikasjon, der m.a. temaet *framtidfullmakt* vart presentert.

### **FRIVILLIGSENTRALEN:**

*Visjonen er å skape eit varmare samfunn der frivilligheit blomstrar*

Frivilligsentralen tilbyr ulike aktivitetar til omlag 300 brukarar, og har mellom anna ansvar for drift av Seniorsenteret. Det er omlag 110 frivillige som bidrar i det frivillige arbeidet som er koordinert gjennom dette tilbodet.

Samarbeid med ulike lag og organisasjonar, samt tilsette og pårørande innan ulike tenester i kommunen står sentralt i arbeidet.

Av aktivitetar i 2022 kan ein nemne:

- Herre- og dame-trim med sosialt samvær
- Barnekor og teaterverkstad
- Digital opplæring av eldre

## Årsrapport 2022

- Tango for to
- Konsertar og arrangement (Den kulturelle spaserstokken)
- Informasjon i smittevern for innvandrarar
- Måltider og sosialt samvær for eldre heimebuande
- Fadderordning, kontaktpersonar og turvener for flyktingar

Frivilligsentralen har ein leiar tilsett i 100% stilling.

La hundre blomster blomstre!



### 21.3.2. Utvikling og utfordringar

#### Utvikling og utfordringar i 2022

Også i 2022 har det vore stort press på dei kommunale tenestene, og utfordringar knytt til sjukefråvær og rekruttering held fram også i 2022.

Covid har påverka tenestene i 2022, men i langt mindre grad enn føregående år.

Dei største utfordringane i åra som kjem vert å ha nok ressursar med rett kompetanse for å gje gode tilbod til brukarane. Kommunen må arbeida systematisk og målretta for å behalda og rekruttera til sektoren.

## Årsrapport 2022

Endra organisasjonsstruktur, endringar i leiargruppa for omsorgstenesta, med skifte av kommunalsjef har ført til at det til tider har vore krevjande å sikra kontinuitet i den overordna leiinga av tenestene. Dette har mellom anna medført at vidareføring av prosessar knytt til arbeidsmiljø, samhandling og utvikling har tatt lengre tid enn planlagt.

Alle einingane har gjennomført 10 faktorundersøkinga, med god deltaking frå dei tilsette. Einingane er i gang med utarbeiding av plan for vidare oppfølging.

Tilsetting av einingsleiar for helsetenesta i september har vore eit positivt tiltak for å sikra overordna og heilskapleg leiing av helsetenestene i kommunen.

Det har ikkje lukkast for kommunen å rekruttere ressurs til stillinga som kommunepsykolog. Dette er det behov for å finna ei snarleg løysing på. Særleg innan psykisk helse og rus-tenesta, skulehelse og legetenesta ser ein eit aukande behov for denne kompetansen.

Ny turnus med med langvakter og arbeid kvar fjerde helg for dei om ville inn i ei slik ordning er utarbeidd for Nordliheimen, Arbeid og inkludering og Heimetenesta.

## HELSETENESTA

### Utvikling

- Gjennomføring av vaksinasjonsplan mot covid
- Rekruttering av fysioterapeutar, jordmor, helsesjukepleiar, nye leger og leiar til eininga
- Utvikling av fysioterapitenesta - innflytting i nye lokalar og utvikling av gruppetilbod
- Ergoterapi med fokus på tverrfagleg samarbeid og arbeid med kommunalt hjelpemiddellager
- Grønt arbeid har fokus på aktivitet og meistring med ei *recoveryorientert tilnærming*
- 3 av fastlegane i spesialiseringsløp for å bli spesialisist i allmenntillegmedisin (ALIS)
- Investert i ein del nytt utstyr til legekontor, grønt arbeid og fysioterapitenesta

### Utfordringar

Helsetenesta har fått på plass mange nye tilsette som skal vera med å utvikle ei avdeling som har fagutvikling og kvalitet som ei drivkraft. Målet er at brukarane våre skal oppleve kvalitet på tenestene dei mottar og at dei vert møtt med respekt.

Med mange nye tilsette inkludert ny leiar, er det eit fokus på at vi jobbar oss saman i eininga, med oppleving av å vera ein heilhet. Kontinuerleg arbeid for eit godt arbeidsmiljø er også sentralt.

Mangel på kommunepsykolog vert løfta fram som ei utfordring.



## **NORDLIHEIMEN**

### **Utvikling**

Styrking av pårørande – og brukarmedverknad gjennom bruk av kvalitetsindikatorar (KPI) ved pårørandesamtalar, inkomstsamtalar og ved utarbeiding av utskrivingsrapportar. Dette bidrar til å sikre kvalitet og god informasjonsflyt mellom tenestene.

Sansehagen ved Nordlia er renovert. Uteområde vart kjempefint etter dugnadarbeid frå dei tilsette saman med vaktmeister. Det vart mykje brukt i sommar.

Det er arbeid med å følgja opp kommunen sin visjon om å bli meir digitaliserte. Dette er gjort gjennom opplæring og bruk av;

- Avvikssystemet Netpower
- Kommunal e-post, elektroniske eigenmeldingar og søknad om permisjonar.
- Elektronisk vaktbok – eit positivt og nyttig verktøy
- Digitale tavler – eit godt verktøy for å spreie informasjon til alle tilsette.

Arbeid med installasjon nytt pasientvarslingssystem:

- Her er det planlagt for framtida der velferdsteknologiske løysingar der mellom anna *RoomMate* vert installert på 20 bebuarrom

*Dagtilbod for menneske med demenssjukdom* er eit viktig og godt tilbod til heimebuande med demenssjukdom. Det er ein stadig aukande etterspørsel etter plasser, men lokala som vert nytta avgrensar kor mange som kan delta. I 2022 var dette dagtilbodet opent tysdag, torsdag og fredag. Tilbodet vert gitt i samarbeid mellom kommunalt tilsette og frivillige.**Utfordringar**

### **Utfordringar**

I 2022 har det vore utfordringar med høgt sjukefråvær i avdelinga og med å rekruttere sjukepleiarar til vakante stillingar.

For å møta desse utfordringane har:

- dei tilsette har vore kreative og funne alternative løysingar
- det vore stor vilje til å hjelpe kvar andre på tvers av avdelingar når dette har vore mogleg.
- fagleiar saman med innleigd konsulent utarbeidde forslag til ny turnus. Dette genererte betydeleg meirarbeid for fagleiar. Ved årsslutt var ny turnus ferdigstilt og godkjent.
- leiinga i kommunen vedtatt å gje institusjonstillegg for å rekruttere og behalde sjukepleiarar og helsefagarbeidarar.

## Årsrapport 2022

Avdelingsleiar for omsorgsavdelinga slutta i september 2022. Dette medførte at fagleiar vart konstituert som einingsleiar for Nordliheimen.

### **NORDLIHEIMEN KJØKKEN**

#### **Utvikling**

Rapportering av kvalitetsindikatorar som starta vår 2021 har halde fram i 2022. Utvikling av skriftleg prosedyre og innføring av nye rutinar ved kjøkkenet for å redusere antall avvik på middags-levering har gjeve resultat. Ein ser at fokus på kvalitet og nye rutinar har vore positivt for avdelinga.

Avdelinga arbeidet kontinuerleg med å redusere matsvinn.

### **SOSIALE TENESTER**

#### **Utvikling**

- Prosjekt Marknadskontakt i NAV der føremålet er å knytte personar som mottar sosialhjelp opp mot ordinært arbeidsliv. Resultat visar at tett oppfølging gjer det lettare å hjelpe folk over i jobb.
- Prosjekt Ansvarleg ungdom der føremålet er førebyggjande økonomisk rådgjeving for ungdom for å hindre at dei pådreg seg unødvendig gjeld. Gjennom prosjektet deltek NAV i undervisning på vidaregåande skule, i ungdomsskule eller andre stader der ungdom treffast.
- Kvalifiseringsprogrammet – for dei som treng støtte for å kome i arbeid. I løpet av 2022 har fleire personar søkt om og fått innvilga deltaking i Kvalifiseringsprogrammet (KVP).

### **HEIMETENESTER**

#### **Utvikling**

Våren 2021 gjekk omsorgsavdelinga inn i eit samarbeid med PWC i samanheng med utarbeiding av kvalitetsutfordringar. Heimetenesta definerte følgjande kvalitetsutfordringar;

- Andel brukarar som får gjennomført IPLOS score per halvår.

Hausten 2022 blei dette avslutta då tidligare einingsleiar slutta. Heimetenesta gjennomførte IPLOS på alle sine brukarar før års slutt 2022.

## Årsrapport 2022

I løpet av hausten 2022 har ein opplevd betre tverrfagleg samarbeid mellom avdelingane i omsorgsavdelinga, helseavdelinga og arbeid og inkludering. Dette bidrar til auka kvalitet på tenestene og høgare grad av pasienttryggleik.

Ein har i haust fått pussa opp nye lokalar til heimetenesta, med gode arbeidsstasjonar og ro til å utføre administrative oppgåver. Avdelinga har no gode fasilitetar på eit område, noko som er med på å bygge godt arbeidsklima og samarbeid.

### **Utfordringar**

Tid og ressursar til å arbeide med rutinar og kvalitetsforbetring har vore ei utfordring i 2022.

Særleg rutinar knytt til ernæring og legemiddelhandtering, tverrfagleg samarbeid rundt hjelpemidlar og lager av dette ei utfordring som me må jobbe vidare med også i 2023.

## **ARBEID OG INKLUDERING**

### **Utvikling**

Arbeid og inkludering har jobba målretta i forhold til å heve den faglege kompetansen. Me ser at det å arbeide i team har ført til høgare faglegheit og større engasjement frå dei ansatte. Når me gjekk frå primær- og sekundærkontakt til å arbeide i team har alle ansatte fått eit større ansvar og dei ulike oppgåvene knytt til brukerene har blitt fordelt på alle team-medlemmene. Me ser òg at me ikkje har vore så sårbar dersom det har vore fråvær.

Dei ansatte har jobba godt i forhold til læringsnettverket "Gode pasientforløp", der me har fått gode rutiner for bl.a trivselsamtalar med brukerane der fokuset har vore "Kva er viktig for deg?"

Me har hatt fokus på å oppdatere rutiner, samt lage nye slik at ein kvalitetssikrer tenestene både i Vestlia og i dei tre tiltaka.

Me har hatt ei positiv utvikling i forhold til arbeidsmiljø og sjukefråværet gjekk ned siste halvår i 2022. Me har hatt fokus på arbeidsmiljø og jobba med holdninger og korleis ein både snakker med og møter andre kollegaer.

### **Utfordringar**

Det har til tider vore stort sjukefråvær i arbeid og inkludering, men me har vore heldige å ha gode vikarar som har hjelpe til ved behov. I BPA har det vore ledig ein 69,01% stilling over lang tid og dette har ført til stort vikarinntak. Me har lyst ut stillinga tre gonger, men har ikkje lykkast i å få ansatt nokon.

Auferakjøring har òg vore ei utfordring i 2022. Det er misnøye frå personal, og kommunedirektør fekk hausten -22 eit brev frå HVO og HTV ang denne saka. Me har hatt store

## Årsrapport 2022

taxiutgifter, då me har måtta bestilt taxi når auferabilen har vore i ustand, på service, ved dårlege kjøreforhold, samt ved lite bemanning. Dette pga av eit politisk vedtak om at personal skal kjøre brukere til og frå jobb på Aufera. Me ser at auferakjøring tar tid og dette medfører at det går ut over tid til brukere i Vestlia som ikkje er på Aufera.

Det har vore knytt eindel utfordringar rundt Austrheim eigerselskap AS som tok over Vestlia bygget i 2022. Det har vore manglande informasjon og det har ikkje blitt utarbeida klare rutiner for korleis ansatte i Vestlia skal forholde seg til eigerselskapet. Dette er blitt etterspurt, så me håper det blir betre i 2023.

### **ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER**

#### **Utvikling**

Me har hatt stort fokus på strukturere dagane, samt å utarbeide gode planar for både deltakarane og personalet.

Me har fått på plass fleire arbeidsoppgåver, samt nye aktiviteter.

#### **Utfordringar**

Det er utfordringar knytt til at det ikkje er ei fast gruppe med tilsette ved arbeidssenteret. Lokalet er ikkje eigna til brukargruppa og det er ikkje tilrettelagt for føremålet. Tilsette melder at det er fleire forhold ved lokala som er kritikkverdige.

Når det gjeld brukargruppa som nyttar seg av dette tilbodet er det utfordringar knytt til ulike arbeidsoppgåver og kva som kan produserast her. Det vore dårleg sal av varer som blir produsert, noko som fører til at produksjonen stopper opp. For at det skal gå rundt må det vera samsvar mellom produksjon og sal.

#### **21.3.3. Utvalde resultat**

Hausten 2022 vart det tilsett eigen demenskoordinator. Dette som eit ledd i kommunen si satsing på å styrka tenester til personar med demenssjukdom og for å sikra at kommunen har god kompetanse innan dette fagområde.

#### **HELSETENESTA**

- rekruttering av nye medarbeidarar
- fokus på arbeidsmiljø
- deltaking i medarbeidarundersøkinga 10 faktor
- kompetanseheving
- sikre forsvarleg drift i eininga i periode med omfattande oppgåver knytt til covid

## **ØKONOMISK SOSIALHJELP**

Rekneskapen syner at det i 2022 har vore ei auke i utbetaling til økonomisk sosialhjelp i forhold til 2021. Noko av auken er knytt til ei justering av satsane for økonomisk sosialhjelp.

## **NORDLIHEIMEN**

- har jobba godt i 2022 og gitt gode tenester til bebuarane, både på langtids - og korttidsopphald.
- renovering av sansehagen ved Nordlia. Uteområde vart kjempefint etter dugnadarbeid frå dei tilsette samt vaktmester. Dette blei mykje brukt i sommar.
- opplæring av dei tilsette i avvikssystemet Netpower, kommunal epost.
- alle tilsette nyttar elektroniske eigenmeldingar og søknad om permisjonar.
- bruk av digitale tavler for betre informasjonsflyt - ein viktig del av eit aktivt medarbeidarskap.
- ny 12 vekers turnus med arbeid 4. kvar helg og langvakter på 12,5 time er utarbeidd og godkjent

## **NORDLIHEIMEN KJØKKEN**

- opplever ei auke i middagsleveransar til heimebuande. Slik demografien er i Austrheim kommune kan ein anslå at antall middagsvedtak vil auke også i 2023.

## **HEIMETENESTA**

- dei tilsette har fått opplæring i kvalitetssystemet Netpower og har teke dette i bruk. Det same gjeld kommunal epost og Visma Enterprise.
- ny 12 vekers turnus med arbeid 4. kvar helg og langvakter på 12,5 time. Dette har m.a. gitt ei innsparing for tenesta. Tilsette og tillitsvalgte har vore med i prosessane rundt dette- ein av suksessfaktorane for å lukkast med dette arbeidet

## **ARBEID OG INKLUDERING**

- nedgang i sjukefråvær siste halvdel av 2022.
- målretta arbeid med å heva fagkompetansen og etablering av teamarbeid
- godt samarbeid med habiliteringstenesta.
- fokus på godt pårørande-samarbeid, noko som er blitt mykje betre ilt året.
- medarbeidarsamtaler er gjennomført, samt personalmøter og ulike team-møter.
- ny grunnturnus med langvakter fjerde kvar helg er utarbeidd
- har tatt i bruk Visma ressursstyring og prosessen med digital vaktplanbok er i gang.
- gjennomført medarbeiderkartlegging "10-faktor", der arbeid og inkludering skåra høgt på samtlege faktorar.
- har fått på plass eit leiarteam med to lagleiarar som arbeider med struktur, rutiner og faglegheit.

## **ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER**

## Årsrapport 2022

- har det siste året fått fleire gode oppgåver og aktivitetar.
- har hatt fokus på å lage struktur og gode planer for både deltakarane og tilsette.

### 21.3.4. Viktige hendingar

Tilsetting av einingsleiar for helseeininga, nye fysioterapeutar, jordmor, helsesjukepleiar og fastlegar er viktig for å sikre at kommunen kan gje gode tenester no og i framtida.

Kommunalsjef for helse og omsorg, Monika Kvamme slutta i september etter lang og tru teneste i kommunen. Arbeid med å rekruttere ny kommunalsjef for helse og velferd vart gjennomført med bistand frå Human As. Kim Andre Vangberg har vore konstituert som kommunalsjef fram til ny kommunalsjef for helse og velferd startar i stillinga 01.01.2023.

Etablering av forvaltningskontoret i 2021 vart gjort som eit ledd i kommunen si omorganisering, for å sikre at tenester vert tildelt i samsvar med lov og forskrift og i tråd med BEON prinsippet; beste effektive omsorgsnivå.

Hausten 2022 vart det tilsett eigen demenskoordinator. Dette som eit ledd i kommunen si satsing på å styrka tenester til personar med demens sjukdom, og for å sikra at kommunen har god kompetanse innan dette fagområde.

Einingsleiar for omsorgstenesta slutta i september, og fagleiarane for Nordliheimen og heimeteneste vart konstituert som einingsleiar for kvar sine einingar.

Det er utarbeidd nye turnusar, med langvakter i helgene for dei tilsette i heimetenesta, arbeid og inkludering og ved Nordliheimen. Dette gjer at tilsette som går inn i denne ordninga kan arbeide kvar fjerde helg.

### **HELSETENESTA**

Tilsetting av einingsleiar for helseeininga, nye fysioterapeutar, jordmor, helsesjukepleiar og 2 nye fastlegar har vore viktig i året som har gått.

Mange nye tilsette som skal vera med å utvikle ei avdeling som har fagutvikling og kvalitet som ei drivkraft.

Legekontoret har 3 leger i spesialisering for å bli spesialist i allmenmedisin (ALIS)

Fornyng og innkjøp av nytt utstyr til legekontor, grønt arbeid og fysioterapitenesta har vore viktige investeringar.

Det har vore arbeidd med fokus på arbeidsmiljø og god deltaking i medarbeidarundersøkinga, 10 faktor.

Kompetanseheving for å sikre at det vert gitt tenester med god kvalitet har hatt fokus i året som har gått.

## **SOSIALTENESTA**

### Arbeid med flyktningar frå Ukraina

NAV Fensfjorden har bistått kommunen med mottak av flyktningar. M.a. har dei bistått med at flyktningar får:

- norsk bankkonto
- utbetaling av økonomisk sosialhjelp
- informasjon om arbeidsmarknad.
- introduksjonsprogram

## **NORDLIHEIMEN**

Avdelingleiar for omsorgsavdelinga slutta september 2022. Dette medførte at fagleiar vart konstituert som einingsleiar for Nordliheimen.

Planlegging og installasjon av nytt pasientvarslingssystem ved Nordliheimen. Dette skulle vore ferdigstilt og klart til bruk i oktober månad, men grunna sjukdom og andre utfordringar med bygg og leverandør er arbeidet forsinka. Noko av finansieringa er gjort gjennom lån/tilskot frå Husbanken. I det nye varslingssystem er det også tenkt framtid og innovasjon, der velferdsteknologiske løysningar som RoomMate er installert og kan takast i bruk på 20 bebuarrom.

## **HEIMETENESTA**

Montering av elektroniske nøklar (e-lås) hos brukarar med tryggleiksalarm frå kommunen har vore arbeid med i heile 2022. Godt samarbeid med teknisk etat og ute-etaten har vore ein av suksessfaktorane for å lukkast med dette arbeidet, og svært viktig for det gode resultatet.

Fokus på nærvær og etablering av lokal nærværgruppe med fagleiar, tillitsvalde, verneombod og hovudverneombod er etablert har vore eit viktig tiltak for å arbeide med utfordringar og tiltak for å auke nærværet til arbeidsplassen.

## **ARBEID OG INKLUDERING**

Tilsetting av to fagleiarar samt ein miljøterapeut har vore verdifullt for tenesta. Innkjøp av PC og mobiltelefonar slik at tilsette i tiltaka kan journalføre, skrive avvik, holde seg oppdatert, bruke Visma enterprice og liknande har vore viktig dette året.

Dei tilsette er organisert i team rundt alle bebuarane i Vestlia

Jamlege personalmøte både i Vestlia og i tiltaka er innført som ei fast ordning. To fagdagar med relevante tema som tvang kap. 9 og diagnoseforståing, samt seksualitet og 10 faktor er gjennomført.

Veilederen.no er eit viktig hjelpemiddel for ansatte slik at dei kan holde seg oppdatert og ta ulike kurs.

### ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER

Utarbeiding av dagsplanar (felles og individuelle) og faste oppdrag for brukarane har vore viktige tiltak i 2022.

Deltaking på torgdag i Kilstraumen, der me hadde stand med ulike ting deltakarane har laga på arbeidssenteret.


Radøy arbeidssenter inviterte Austrheim arbeidssenter på aktivitetsdag på Manger i juni, dette var stor suksess.

### Status økonomi

Beløp i 1000



Ansvar	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
3000-KOMMUNALSJEF HELSE OG VELFERD	3 722	4 191	4 105	-87	-2,1 %
3100-HELSETENESTER	14 415	19 491	16 680	-2 811	-16,9 %
3200-SOSIALE TENESTER	4 876	6 532	6 300	-232	-3,7 %
3300-NORDLIHEIMEN	30 084	28 766	29 431	665	2,3 %
3310-NORDLIHEIMEN KJØKKEN	3 832	4 050	4 315	265	6,1 %
3320-HEIMETENESTER	12 822	14 826	14 028	-798	-5,7 %
3330-ARBEID OG INKLUDERING	12 184	14 840	12 106	-2 734	-22,6 %
3340-ARBEIDSSENTER	675	518	747	229	30,7 %
<b>Sum</b>	<b>82 611</b>	<b>93 215</b>	<b>87 712</b>	<b>-5 502</b>	<b>-6,3 %</b>

### Driftsutgifter og inntekter (graf)





Detaljvisning drift (graf)



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostrå-analyse

	Austrheim 2020	Austrheim 2021	Austrheim 2022	Kostragruppe 04
<b>Prioritet</b>				
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) *) **)	4 315	5 376	5 970	4 031
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B) *) **)	20 687	22 296	22 734	22 796
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B) *) **)	5 637	3 105	2 884	6 702

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\* ) Justert for utgiftsbehov

## 21.4. FORVALTNING OG SERVICE

### 21.4.1. Skildring av tenesteområde

Kommunalsjefsområde forvaltning og service består av servicekontoret, eining for plan, bygg, oppmåling og miljø og eining for teknisk drift.

Ansvarsområda er varierte og dekker alt frå arbeid etter plan og bygningslova, til drift av kommunale bygg og beredskapsarbeid. Eininga er delt mellom eksternt og intern tenesteproduksjon. Til eksterne kan nemnast drift av vass- og avløpsnett, byggesakshandsaming og vedlikehald av vegar. Internt kan dokumentasjonsforvaltning, arkiv, drift av bygg og reinhald trekkast fram. Dei tilsette har god kompetanse innanfor fagområda, og arbeider på tvers av einingane for å løyse oppgåver.

### 21.4.2. Utvikling og utfordringar

Området har også i 2022 drive kontinuerleg utviklingsarbeid. Ein har halde fram arbeidet med å byggje robuste einingar, samstundes som ein har gjort organisatoriske grep for å sikre god tenesteproduksjon. Her har leiarutvikling og leiarstøtte våre viktige faktorar. Vidare arbeider eininga kontinuerleg med digitalisering. Her kan trekkast fram vidare arbeid med innføring av digitale vassmålarar, ny kartløyning for å sjå utrykkingstider for brannvesenet og digital tilgang for alle tilsette. Arbeidet servicekontoret har gjort med ny digital presentasjon av kommunen må og trekkast fram her. Ein har og arbeid med å auke kompetansen i einingane for å sikre god tenesteproduksjon.

Av utfordringar må det trekkast fram at ein har store kostnader grunna den økonomiske situasjonen i verda. Dette gjer seg utslag i alt frå straum og forsikring, til byggjeverar og drivstoff. I alt ser ein at dette får konsekvensar for tenesteproduksjon. Vidare har ein utfordringar med mykje gammalt utstyr som må skiftast ut i åra som kjem. Utfordringar er det og med bygningsmassen som har eit vedlikehaldsetterslep som krev fokus i åra framover. Samt at det er delar av vass og avløpsnett vårt som er gammalt og som treng skiftast ut i åra som kjem.

### 21.4.3. Utvalde resultat

Ein leverer samla sett gode tenester. Særleg kan ein trekke fram kort sakshandsamingstid på innkomne søknader og høg grad av service mot publikum, noko som gjev gode tilbakemeldingar frå både eksterne og interne brukarar av tenestene. Vidare har det i 2022 våre fleire store utbyggingsprosjekt. Her ser ein at god prosjektstyring er ein suksessfaktor som gjev gode resultat.

#### **21.4.4. Viktige hendingar**

For området kan ein særleg trekke fram at ein er i gang med ei større opprusting av skulane våre. Dette vil gje framtidiretta bygg for brukarane og gjere drift og vedlikehald enklare. Innanfor vass og avlaup har ein og gjort større investeringar som sikrar forsyningstryggleik og legg til rette for framtidig næringsutvikling og bustadbygging i kommunen.

Det er og gjort eit omfattande arbeid med å deponere elektronisk arkivmateriale, og ein har fått på plass chatrobot på heimesida. Vidare bidreg eininga med å utarbeide ny skjemaløysing og utarbeiding av anbod for nye sakshandsamingssystem.

Planarbeid har og vert viktige oppgåver i 2022, og planarbeidet som er gjort legg grunnlag for vidare bustads- og næringsutvikling i åra som kjem.

Til sist må trekkast fram at ein har fått på plass elektronisk bestilling av vedlikehaldsoppgåver og melding av feil. Dette har gjeve gode gevinstar innanfor teknisk drift samstundes som ein har endå betre tenesteproduksjon.

#### **21.4.5. Nærvær og HMT**


Når det gjeld nærvær er det samla sett godt nærvær i området. Nokre område har ein hatt ekstra fokus på nærvær, eit fokus som må fortsette i 2023. Eit særleg fokus er å sikre trygge og moderne verktøy til utføring av arbeidet, noko som reduserer faren for fråvær. Området har og fokus på at alle tilsette skal ha eit helsefremmande arbeidsmiljø og eit godt arbeidsmiljø. Nytt avvikssystem, saman med utarbeiding av rutinar for arbeidet har våre viktige milepelar i arbeidet med HMT. Vidare har ein og fått på plass HMT kort på eigedomsavdelinga, samt fått på plass datablad for reinhaldsprodukt og sikra at verneutstyr er tilgjengeleg ved utføring av arbeid som krev dette. Nærvær og HMT er eit kontinuerleg arbeid, og området vil ha fokus på dette og i 2023.

## Status økonomi



Beløp i 1000

Ansvaret	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
5000-PLAN, BYGG, OPPMÅLING OG MILJØ	3 046	2 623	2 631	8	0,3 %
5100-LANDBRUK-VETERINÆR	474	518	547	29	5,2 %
6000-KOMMUNALSJEF SAMFUNN OG TENESTEYTING	1 388	1 441	896	-545	-60,9 %
6100-VATN, AVLAUP, RENOVASJON	-3 892	-5 527	-6 127	-600	-9,8 %
6200-KOMMUNALE VEGAR, KAIAR, FRILUFTSOMRÅDER	3 018	3 766	2 377	-1 389	-58,5 %
6300-BEREDSKAP MOT BRANN OG ANDRE ULYKKER, FEI	3 875	3 996	3 855	-141	-3,6 %
6400-EIGEDOMSAVDELING (BYGG, MASKINER OG UTSTYR)	9 950	13 571	10 185	-3 386	-33,2 %
6500-REINHALDSAVDELING	6 577	5 538	5 533	-5	-0,1 %
<b>Sum</b>	<b>24 436</b>	<b>25 927</b>	<b>19 897</b>	<b>-6 030</b>	<b>-30,3 %</b>

## Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostranalyse

Prioritet	Austrheim	Austrheim	Austrheim	Kostragruppe
	2020	2021	2022	04
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	116	110	124	117
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B) *) **)	1 647	1 530	1 529	1 357
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B) *) **)	2 052	2 114	2 000	1 919
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B) *) **)	8 527	9 724	9 421	7 393

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\* ) Justert for utgiftsbehov

## 22. Vedlegg

[Årsrekneskap 2022 med notar](#)

[Vedlegg til årsrekneskap Balanse med medlemskonti 2022](#)

-----

Årsrapporten er publisert digitalt i Framsikt: [Årsrapport Austrheim kommune 2022](#)

Kommunedirektøren – 31.03.2023

**Fra:** [Ragnhild Kartveit Høyland](#)  
**Til:** [Torbjørg Grøttveit Gjerstad](#)  
**Emne:** Handsaming forvaltningsrevisjon Austrheim  
**Dato:** torsdag 13. april 2023 23:56:04

---

Hei,

Viser til dialog tidlegare.

Ber om at handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport i Austrheim vert flytta frå siste møte før sumaren til første møte etter sumaren.

**Med venleg helsing,**

**Ragnhild K. Høyland**

Revisor

T 99 48 61 98



Vestlandsrevisjon  
Kvassnesvegen 23  
5914 Isdalstø  
[www.vestlands-revisjon.no](http://www.vestlands-revisjon.no)